



Møteinnkalling

Utval:	Bømlo kommune, Kontrollutvalet
Møtestad:	Rådhuset, Formannskapssalen
Dato:	14.05.2025
Tid:	10:00

Lene Borgen Waage har meldt forfall til dette møte. Sekretariatet vil ordna med vara for henne.

Dersom nokon av dei andre medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Helge Inge Johansen, tlf. 402 03 664 eller til Hogne Haktorson, 911 05 982.

Til dei andre varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at andre varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Arne Zahl Røksund
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
seniorrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Kommunedirektør/Rådmann

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 5/25	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 6/25	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 10.04.2025	2023/512	
	Politiske saker		
PS 14/25	Årsmelding og årsrekneskap 2024 for Bømlo kulturhus KF	2023/487	
PS 15/25	Årsmelding og årsrekneskap 2024 for Bømlo kommune - Uttale frå kontrollutvalet	2023/487	
PS 16/25	Teljep praksis i delings- og byggesaker i LNFR spreidd bustadsområde - oppfølging	2023/496	
PS 17/25	Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Bømlo kommunale eigendomsselskap AS - oppfølging av handlingsplan	2022/339	
PS 18/25	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen	2022/40	
PS 19/25	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2023/483	
PS 20/25	Eventuelt	2022/34	
	Referat saker		
RS 4/25	Høring – Anbefaling for god skikk og praksis i kontrollutvalgssekretariatene	2022/31	

GK 5/25 Godkjenning av innkalling og sakliste



Bømlo kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2023/512-16

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	6/25	14.05.2025

Godkjenning av møteprotokoll frå møte 10.04.2025

Møteprotokoll frå møte 10.04.2025 er vedlagt

Vedlegg

1 Møteprotokoll 10.04.2025 - KU - Bømlo kommune.pdf



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Rådhuset, Formannskapssalen
Dato:	10.04.2025
Tid:	10:00 – 12:30

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Lene Borgen Waage	Medlem	AP
Ståle Sagvaag	Medlem	FRP
Arne Zahl Røksund	Leiar	SV

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Rune Kvernenes	NEST	H
Bente Spissøy	MEDL	UAVH

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Rune Kvernenes - Ingen av varamedlemmane kunne møte

Bente Spissøy – Møtte ikkje

Andre som møtte:

Kjetil Aga Gjøsæter	Kommunedirektør
Morten Helland	Ordførar
June Stavland	Juridisk seniorrådgjevar
Caroline Borge Bjelland	Forvaltningsrevisor, Deloitte AS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Arne Zahl Røksund
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 3/25	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 4/25	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 06.02.2025	2023/512	
Politiske saker			
PS 9/25	Forvaltningsrevisjon av habiliteringstenesta - prosjektplan	2024/136	
PS 10/25	Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen	2022/40	
PS 11/25	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2023/483	
PS 12/25	Eventuelt	2023/482	
PS 13/25	Val av revisor	2024/67	
Referat saker			
RS 2/25	FKT - medlemsinformasjon mars 2025	2022/31	
RS 3/25	Nytt fra FKT mars 2025	2022/31	

Godkjenningssaker

GK 3/25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 10.04.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste, men Lene Borgen Waage hadde noko å tilføre ein merknad gjeldande godkjenning av møteprotokoll frå møte 06.02.2025, dette vert teken med i GK 4/25.

Dette med digitale møte vart diskutert og at det er mogleg å gjennomføra dette om det er i henhold til kommunelova. Når møte må lukkas på grunn av u.off. saker er det ikkje anledning til å halde digitalt møte. Møtet i dag er eit døme på det og at kontrollutvalet må lukke møte i PS 13/25 Val av revisor .

Kontrollutvalet ber sekretariatet vurdere om det er mogleg å ha digitale møte, dersom fleirtal av medlemmane ønskjer det.

Vedtak

Innkalling og sakliste vart samrøystes vedteke, Kontrollutvalet ber sekretariatet vurdere om det er mogleg å ha digitale møte framover, dersom dette er i henhold til loven og at flertal av medlemmane ønskjer dette.

GK 4/25 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 06.02.2025

Saksprotokoll 10.04.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Lene Borgen Waage hadde ønske om at noko meir skulle inn i protokollen frå dette møte gjeldande sak PS 2/25 Forvaltningsrevisjon av habiliteringstenesta - prosjektplan, kontrollutvalet vart samrøystes einig i å protokollera dette under godkjenning av møteprotokollen i dette møte:

«Kontrollutvalet diskuterte prosjektplanen med særleg fokus på kommunestyresak 37/24 med utkast til prosjektplan, som grunnlag for innspel til revidert prosjektplan til dette møte.»

Dette er ein merknad til protokollen, det vert ikkje endra i protokollen som er send ut.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte 06.02.2025 vart samrøystes vedteke.

Politiske saker

PS 9/25 Forvaltningsrevisjon av habiliteringstenesta - prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføre forvaltningsrevisjon av habiliteringstenesta.
2. Kontrollutvalet godkjenner samla timetal inkl. opsjon, i forslag til prosjektplan.
3. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten vert ferdig innan 30.11.2025, ferdig verifisert og med kommunedirektør sin uttale vedlagt og/eller innarbeid.

Saksprotokoll 10.04.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kontrollutvalet diskuterte revidert prosjektplan slik den kjem fram av saksframlegget.

Ut i frå at kommunen har starta opp eit betringsarbeid gjeldande habiliteringstenesta, ønskjer ikkje kontrollutvalet på noverande tidspunkt å gjennomføre denne, og avlys difor prosjektet.

Forvaltningsrevisjonen var berekna til 275 timar, og kontrollutvalet ønskjer å bruka dette til andre prosjekt.

Kontrollutvalet ber om at sak gjeldande bestilling av forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll kjem på sakslista til møte 19.09.2025.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet vel å avlyser dette prosjektet
2. Kontrollutvalet ber om jamleg orientering frå kommunedirektør om arbeidet med Handlingsplan helse-sosial-omsorg 2023-2024 "habiliteringstenesta" gjeldande mandat 26, første gong til møte 19.09.2025.
3. Kontrollutvalet ber om at sak gjeldande bestilling av forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll kjem på sakslista til møte 19.09.2025.

PS 10/25 Orientering frå kommunedirektør - nytt frå kommunen

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

Saksprotokoll 10.04.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Kommunedirektør orienterte mellom anna om:

1. Personel og HMS
2. Økonomi
3. Skatte- og inntektsutjamning
4. Drift (Oppvekst-Helse-Samfunn)
5. Investeringar

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

PS 11/25 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Saksprotokoll 10.04.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Møteprotokollane vart gjennomgått, det kom ikkje fram noko spesielt ved gjennomgang av møteprotokollane.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

PS 12/25 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll 10.04.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Bestilling av kurs frå Deloitte AS til hausten.

Saka gjeldande bestilling er ikkje på sakslista til dette møte, men kontrollutvalet ønskjer å bestilla kurs nr. 8 "Utvalgte tema knytt til forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll" frå kurskatalog 2025, til eit av møta til hausten. Sekretariatet får i oppgåve og avklare dato og tidspunkt med Deloitte AS.

Det vert teken atterhald om at Deloitte AS vert vald som revisor (sjå PS 13/25 dette møte)

Orientering frå Sunnhordland Interkommunale miljøverk (SIM)

Kontrollutvalet ber om ei orientering frå dagleg leiar/styreleiar i SIM, til eit av møta hausten 2025 gjeldande avhending av utstyr i SIM. Sekretariatet får i oppgåve og avklare dato og møtetidspunkt

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller kurs nr. 8 "Utvalgte tema knytt til forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll" frå kurskatalog 2025, frå Deloitte til eit av møta til hausten,
2. Kontrollutvalet ber om ei orientering frå dagleg leiar/styreleiar i SIM til eit av møta til hausten. Sekretariatet får i oppgåve og avklare dato og møtetidspunkt.

PS 13/25 Val av revisor

Forslag til innstilling

1. Kommunestyret vel [namn på tilbydar A] som rekneskapsrevisor for perioden 01.07.2025 – 30.06.2029
2. Kommunestyret vel [namn på tilbydar B] som revisor for forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester for perioden 01.07.2025 – 30.06.2029

Saksprotokoll 10.04.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sidan tilboda inneheld informasjon av konkurransemessig betydning for tilbydarane er informasjonen unnateke offentleggjering, jf. offl. §13 og forvl. § 13.

Kontrollutvalet vart samrøystes einig i å lukke møte med heimel i kommunelova §11-5.

Sekretariatet presenterte resultatet av den gjennomførte evaluering av dei innkomne tilboda og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

På bakgrunn av dette vart kontrollutvalet samde om at Deloitte AS vert innstilt som vinnar av konkurransane om rekneskapsrevisjon og at Deloitte AS og vert innstilt som vinnar av konkurransane om forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaseerte tenester.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Kommunestyret vel Deloitte AS som rekneskapsrevisor for perioden 01.07.2025 – 30.06.2029
2. Kommunestyret vel Deloitte AS som revisor for forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester for perioden 01.07.2025 – 30.06.2029

Referat saker

RS 2/25 FKT - medlemsinformasjon mars 2025

Saksprotokoll 10.04.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

RS 3/25 Nytt fra FKT mars 2025

Saksprotokoll 10.04.2025 - Bømlo kommune, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/487-23

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	14/25	14.05.2025

Årsmelding og årsrekneskap 2024 for Bømlo kulturhus KF

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet merkar seg at Bømlo kulturhus KF i 2024 har eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 1 383 363 som gjer eit netto negativt driftsresultat på - 12,69 %, langt svakare enn tilrådinga til TBU.
2. Kontrollutvalet merkar seg og eit disposisjonsfond med 0 %, som er mindre enn tilrådinga frå Riksrevisjonen på 5 %, og ei lånegjeld på tilfredsstillande 20,39 %
3. Kontrollutvalet støtter seg elles til Deloitte sin uttale i revisjonsberetning om Bømlo kulturhus KF
4. Uttalen vert sendt kommunestyret via formannskapet

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal gje sin uttale til årsrekneskap og årsmelding 2024 for Bømlo kulturhus KF. Uttalen skal følgje saka vidare til kommunestyret via formannskapet.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Årsmelding 2024 Bømlo kulturhus KF - signert 15.04.2025.pdf
- 2 Bømlo Kulturhus KF - Nummerert kommunikasjon med styret - nr. 1.pdf
- 3 Bømlo Kulturhus KF - Uavhengig revisors beretning 2024.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet vil i møte 14.05.2025, handsama utvalet sin uttale til Bømlo kulturhus KF sin årsrekneskap og årsmelding for 2024.

Representantar for administrasjonen og ansvarleg revisor vil vera til stades i møtet og presentere årsrekneskapen og svara på spørsmål.

Det er kommunestyret sitt ansvar å forvalte kommunen sin økonomi, herunder vedta årsrekneskap og årsmelding, jf. kommunelova § 14-2. Det er vidare kommunestyret sitt ansvar å påsjå at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og eigne føresegner. Kommunestyret sitt ansvar for forvaltninga av den økonomiske internkontrollen og økonomiforvaltninga er forsterka gjennom ny kommunelov, jf. mellom anna kommunelova §§ 14-1 og 25-1 og 2.

Føremålet med uttalen er at kommunestyret skal få oppsummerande og samla informasjon om at det gjennom året er gjennomført uavhengig kontroll med at krava til årsrekneskap og årsmelding er ivareteke i tråd med lov, forskrift og eigne føresegner. jf. kommunelova §§ 14-1, 14-2 og 14-7.

Det er formannskapet som innstiller overfor kommunestyret, i saka om regneskapen. Årsrekneskap for Bømlo kulturhus KF er å betrakte som ein del av årsrekneskapen for Bømlo kommune. Rekneskapen for Bømlo kulturhus KF bør derfor handsamast før kommunerekneskapen vert handsama, men gjerne i same møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å gje uttale til kommunestyret om årsrekneskapen og årsberetninga, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader


Grunnlag for uttalen er dokument og behandlingar som ligg til grunn for utarbeiding av saka, mellom anna:

- Årsmelding og årsrekneskap for 2024, motteke 22.04.2025 - vedlegg 1
- Nummerert kommunikasjon med styret, dagsett 14.04.2025 – vedlegg 2
- Revisjonsberetning, dagsett 14.04.2025 - vedlegg 3

Revisor har lagt fram ei rein revisjonsmelding og det kjem fram at årsrekneskapen viser eit netto negativt driftsresultat på kr. 1 383 363.

Vurdering av rekneskapen

Av rekneskapen for 2024 har sekretariatet merka seg at netto driftsrekneskap er negativt med kr. 1 383 363. som gjev netto negativt resultatgrad på 12,69 % (Sett opp mot sum driftsinntekter kr. 10 905 000). Gjennomsnitt for alle kommunane i Norge (utanom Oslo) ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad på - 0,2 % i 2024. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift. For Bømlo kulturhus KF var netto resultatgrad i 2020 (- 15,86 %), 2021 (4,16 %), 2022 (0,06%), 2023 (- 8,93 %) og 2024 (-12,68 %). Sjølv om desse måltala gjeld kommunar totalt sett, skadar det ikkje å skua til måltala også for eit kommunalt føretak.



Netto driftsresultat viser kva ein har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekket. Driftsresultatet påverkar i stor grad føretaket sin handlefridom og evne til å tåle svingningar i økonomien.

Sekretariatet har merka seg at disposisjonsfondet ikkje har endra seg, og er også på kr 0 i 2024, slik den var i 2023. Sekretariatet merkar seg og at føretaket i 2024 har langsiktig gjeld (gjeld til kredittinstitusjoner) på kr. 2 224 000, dette er 20,39 % av driftsinntektene.

Det vert gjort merksam på vedlagt «Nummerert kommunikasjon med styret i Bømlo kulturhus KF nr 1», der det går fram at det må gjerast tiltak med klassifisering av balansepostar.

Sekretariatet har merka seg mellom anna dette frå styret si årsberetning:

«2024 har vore eit krevjande år økonomisk for Bømlo kulturhus, mykje av tida har gått til å få oversikt over kvar «skoen» trykker.

Styreleiar tok over arbeidet som leiar i januar 2024. Det har i løpet av året, vore fleire møter mellom eigar og andre aktørar for å få belyst situasjonen og forsøk på å betre rammer og avtalar, utan hell. Det som er sikkert er at kultur kostar, og det er få som er villige til å ta den reelle kostnaden.

Takka være effektive og dyktige tilsette på huset, har me klart å halde huset ope heile året, servicen har vore i høgsetet og me er stolt over alt storstova vår rommar !

Bømlo kulturhus er med på å legge til rette for det verdifulle arbeidet alle frivillige som er innom kulturhuset gjer. Dei frivillige er ein viktig del for at kommune, bedrifter og innbyggjarar skal lukkast og ha det godt.

I 2025 er Bømlo kulturhus 20 år. Det er stas, men også ei utfordring med tanke på alder og slitasje. Bømlo kommune held huset oppe og bidreg til kulturskule og bibliotek, men slik den økonomiske situasjonen er, så er det ikkje rom for utbetringar på lang sikt. Kulturhuset har og brukt opp det ein hadde av likviditet etter ei hard tårn under og etter korona.

Bømlo kommune har fleire år gitt tilskot utan å indeksregulere desse. Dette er i realiteten skjult innsparing og skulle egentleg betydd kutt i tenester»

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til Bømlo kulturhus KF sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagt årsrekneskap og årsmelding frå styret og revisjonsmeldinga frå revisor. Kontrollutvalet tek sjølv stilling til kva forhold som skal omtalast i uttalen. Det vil vera naturleg å ta med spesielle forhold som vert omtala i revisjonsmeldinga, samt disposisjonsfond og langsiktig gjeld. Uttalen vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.

Konklusjon

Bømlo kulturhus KF har i 2024 eit driftsresultat som er negativt og eit disposisjonsfond som ikkje er tilfredsstillande.

Det vert difor tilrådd at kontrollutvalet denne gongen omtale dette i uttalen om Bømlo kulturhus KF sitt årsrekneskap for 2024:

- Rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 1 383 363
- Netto negativt driftsresultat med - 12,69 %
- Disposisjonsfond med kr 0
- Langsiktig gjeld med 20,39 %

Kontrollutvalet sin uttale og revisjonsmelding er to sjølvstendige dokument, som følgjer saka vidare til formannskapet og kommunestyret.

Årsmelding 2024 Bømlo kulturhus KF

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- Jacobsen, Hanne (02.06.1979), signert 14.04.2025 med Signicat Sign BANKID
- Esperø, Birgit Sønstabø (10.10.1968), signert 14.04.2025 med Signicat Sign BANKID
- Habbestad, Randi Karin (22.02.1975), signert 14.04.2025 med Signicat Sign BANKID
- Torkelsen, John Kåre (22.12.1969), signert 15.04.2025 med Signicat Sign BANKID
- Sele, Sonja Hellen (05.11.1969), signert 14.04.2025 med Signicat Sign BANKID
- Bråthen, Jalle (27.07.1960), signert 14.04.2025 med Signicat Sign BANKID
- Schmidt, Frank (12.03.1970), signert 14.04.2025 med Signicat Sign BANKID
- Enerstvedt, Vegard (10.04.1997), signert 14.04.2025 med Signicat Sign BANKID



Det signerte dokumentet innholder

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer



Dokumentet er forseglet av Posten Norge

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

BØMLO KULTURHUS KF

ÅRSMELDING '24



Dokumentet er signert digitalt av:

- Jacobsen, Hanne (02.06.1979), 14.04.2025
- Espere, Birgit Sønstabø (10.10.1968), 14.04.2025
- Habbestad, Randi Karin (22.02.1975), 14.04.2025
- Torkelsen, John Kåre (22.12.1969), 15.04.2025
- Sele, Sonja Hellen (05.11.1969), 14.04.2025
- Bråthen, Jalle (27.07.1960), 14.04.2025
- Schmidt, Frank (12.03.1970), 14.04.2025
- Enerstvedt, Vegard (10.04.1997), 14.04.2025

Forseglet av



Posten Norge

HELSING FRÅ STYRELEIAR

2024 har vore eit krevjande år økonomisk for Bømlo kulturhus, mykje av tida har gått til å få oversikt over kvar «skoen» trykker.

Styreleiar tok over arbeidet som leiar i januar 2024. Det har iløpet av året, vore fleire møter mellom eigar og andre aktørar for å få belyst situasjonen og forsøk på å betre rammer og avtalar, utan hell. Det som er sikkert er at kultur kostar, og det er få som er villige til å ta den reelle kostnaden. Når ein veit at PA-anlegget på huset, som alle brukarar har god nytte av, kostar oss 1000,- pr. dag, ja då er det kanskje ikkje så dyrt å leige hos oss likevel?

Takka væra effektive og dyktige tilsette på huset, har me klart å halde huset ope heile året, servicen har vore i høgsetet og me er stolt over alt storstova vår rommar!

Bømlo kulturhus er med på å legge til rette for det verdifulle arbeidet alle frivillige som er innom kulturhuset gjer. Dei frivillige er ein veldig viktig del for at kommune, bedrifter og innbyggjarar skal lykkast og ha det godt.

Kulturhuset er ein viktig møtestad og rommar ein stor del av mangfaldet i kommunen vår. Her møtes alt frå dei aller minste til dei godt vaksne. Alle nyt dei godt av huset sine fasilitetar, det væra seg som kinopublikum, elevar og foreldregrupper i kulturskulen, besøkjande på biblioteket, skuleklassar, kurs og konferanser, tensing, sjakkklubb, sogelag, senioruniversitet, kor, korps, teaterlag, besøkjande hos tenestetorget og tilhøyrarar på kulturarrangement. Kulturhuset rommar alle og er ope 360 dagar i året!

I 2025 er Bømlo kulturhus 20 år. Det er stas, men også ei utfordring med tanke på alder og slitasje. Bømlo kommune held huset oppe og bidreg til kulturskule og bibliotek, men slik den økonomiske situasjonen er, så er det ikkje rom for utbetringar på lang sikt. Kulturhuset har òg brukt opp det ein hadde av likviditet etter ei hard tårn under og etter korona, då ein vart nedstengt over natta og fekk strenge restriksjonar å driva etter. I tillegg har ein dei siste åra hatt fleire uføresette utgifter etter hendingar som lekkasjer fra tak, vannlekkasje etterfulgt av stor rekning fra BVA og elles store utgifter på vedlikehald. Dyrtida gjer at alle kostnader aukar men tilskota til kulturhuset er uendra. Ein aukar leigesatsar og billettprisar, lag og organisasjonar har redusert pris, men det finnes ei grense om ein ynskjer eit levande hus - noko som er eit hovudmål.

Bømlo kommune har fleire år gitt tilskot utan å indeksregulere desse. Dette er i realiteten skjult innsparing og skulle eigentleg betydd kutt i tjenester. Dette har ein prøvd å kompensere for med auka inntjening, men no held det hardt. Lønningar aukar, og prisar på varer og tenester aukar, òg for Bømlo kulturhus. Dei dedikerte tilsette har jobba på og prøvd å dekkja inn underskotet så godt dei kan.

Dokumentet er signert digitalt av:

- Jacobsen, Hanne (02.06.1979), 14.04.2025
- Espere, Birgit Sønstaba (10.10.1968), 14.04.2025
- Habbestad, Randi Karin (22.02.1975), 14.04.2025
- Torkelsen, John Kåre (22.12.1969), 15.04.2025
- Sele, Sonja Hellen (05.11.1969), 14.04.2025
- Bråthen, Jalle (27.07.1960), 14.04.2025
- Schmidt, Frank (12.03.1970), 14.04.2025
- Enerstvedt, Vegard (10.04.1997), 14.04.2025



Bømlo kulturhus har ei stillingsramme på 4,6 for fast tilsette, der kun 3,37 stillingsprosent vart nytta i 2024, fordelt på 6 personar. Dette grunna innsparing. Bømlo kulturhus er ein ungdomsarbeidsplass og ein viktig arena for ungdom å bli kjent med arbeidslivet i deltidsstillingar på ettermiddag og i helg, knytt opp til arrangement.

I 2024 hadde me sju ungdommar i arbeid. Dei faste tilsette og ungdommane tar seg av alt frå admin, teknisk, drift- og vedlikehald, reingjering, marknadsføring, dagleg drift og dei over 1300 kultur/kino arr. som er på huset gjennom 1 år!

Det er stas å høyre all positiv omtale kulturhuset, med vår eminente lydteknikar i spissen, har fått i høve lydbildet på huset. Dette viser at me tar alle publikumsgrupper på høgste alvor. Me har i så høve søkt Kulturrom og fått tilslag på akustiske utbedringar i storsalen for kr. 858.000,-. Kulturrom dekkar halvparten dersom ein finn dekning for resterande sum. Dette er utstyr som kjem alle, òg dei frivillige som har arrangement hos oss, til gode. Huset treng utbetring på lys og ynskjer å skifte til LED-lys i storsalen. Slik det er no, må me gjere noko, men utan økonomi til dei store endringane, vert det flikking på gamalt, der ikkje alt kan ordnast. Det gjer at enkelte område no er like mørke som kommuneøkonomien. Dette må me finne ei løysing på. Det låg søknader inne hos fleire aktørar men dette året har ikkje responsen vore slik ein kunne håpa på.

Heldigvis støttar bømblingane huset og her er eit yrande liv fra morgon til kveld, det er slik me ynskjer det skal være. Ein ser for seg fleire tilbod i framtida, ikkje færre. Det å ha ein møteplass blir viktigare og viktigare i dagens samfunn, la oss ta vare på dei me har.

Samarbeidet med leigetakarane som er Bømlo kulturskule og Bømlo folkebibliotek har vore godt.

Ei stor takk til alle som har lagt teateropplevingar, konsertar og andre aktivitetar til huset vårt.

Kjære publikum, utan dåke hadde det ikkje vore stas å lage til noko, det er de som gjer huset levande. Takk for at de gong etter gong stiller opp og tar del i nye opplevingar.

Sist men ikkje minst Hanne, Knut Erik, Afif, Heidi, Tina Elisabeth, Ingvill og vårt ungdommelige vertskap, de gjer ein framifrå jobb for å gje alle god service og varm velkomst!

Mvh.

Sonja Hellen Sele

Styreleiar, Bømlo Kulturhus KF



STYRE OG ADMINISTRASJON

TILSETTE

I BØMLO KULTURHUS KF

Dagleg leiar

Hanne Jacobsen

Drift- og produksjonsansvarleg

Knut Erik Gilje

Marknadsansvarleg

Tina Elisabeth Spissøy

Reinhald

Afif Nawaf Ahmi

Kiosk- og kinoansvarleg

Heidi Laurhammer

Kinoteknikar

Thomas Meling

Sørvisvert

Ingvill Ellingsen Sagvaag

Vertskap i 2024

Shahed Salih, Juni Uddal,
Severin Skreslett, Johannes Randal
Tor Øvrebø, Linnea Eiken,
Azad Zibar, Torill Johnsen
Theodor Gilje, Milka Kathrin Shao

STYRET

I BØMLO KULTURHUS KF

Styreleiar

Sonja Hellen Sele

Nestleiar

Vegard Enerstvedt

Medlemmar

John Kåre Torkelsen
Birgit Sønstabø Esperø
Frank Schmidt
Randi Karin Habbestad
Jalle Bråthen

Varamedlemmar

Mari Totland (1. vara)
Fatima Kahn (2. vara)
Rickard Mauseth Særsten (3. vara)



To personar er tilsette i fulle stillingar i 2024. Øvrige stillingar er 40 - 60% eller timebasert etter tilkalling.

Vertskapet arbeider helger og kveldar frå onsdag til søndag i samband med kino og andre kulturaktivitetar, og elles når aktiviteten på huset tilseier det. Dette gjev kulturhuset ein særskild fleksibilitet som er heilt naudsynt, skal ein oppretthalde drifta som i dag.

Bømlo kulturhus og Bømlo folkebibliotek samarbeider om bemanning av sørviskiosk dag og kveldstid. Saman med Bømlo kulturskule held ein faste mandagsmøter for kontinuerlig avklaring av logistikken på huset.

I 2024 vart det halde 6 styremøter for Bømlo kulturhus KF.

LIKESTILLING OG ETIKK

Ved utgongen av 2024 var det 9 kvinner og 8 menn tilsett i Bømlo kulturhus. Styret bestod av 5 kvinner og 5 menn. Kulturhuset er medlem av YSST og følgjer Bømlo kommune sine etiske retningslinjer.



ÅRET SOM HAR GÅTT

Medan 2023 var året då alt opna opp igjen, ny publikumstilstrøyming og tilbake til normalen, viste det seg snart at 2024 skulle by på nye utfordringer internasjonalt og nasjonalt. Streikar i Hollywood ramma utenlandske og norske kinoar og prisauken i samfunnet skapte små marginar på kulturscena for både artist og arrangør.

Kulturåret 2024 i Bømlo kulturhus vart likevel eit variert og innhaldsrikt år, med ei god blanding av lokale, regionale og nasjonale produksjonar. Kulturhuset merka ei god publikumsinteresse gjennom året, og fleire arrangement vart selde ut.

På konsertfronten vart høgdepunktet besøk av Halvdan Sivertsen med fullt band. Det var også kjekt å sjå Bømlo Teater setje opp klassikaren Musefella. Dette var dei lokale skodespelarane våre i storform. Borna fekk helsa på superstjerna Fantorangen, som var på turné med Riksteatret, og Teater Vestland gav oss den kritikarroste framsyninga "Tollak til Ingeborg" basert på romanen av same namn. To regissørbesøk starta kinoåret, og vart ei minnerik oppleving for publikum, medan dagkinoen satte ny publikumsrekord i 2024. Ein ser at dagkinoen er blitt ein fast møteplass for mange.



Det er ekstra kjekt når ungdommen fyller salane.



Riksteatret og Fantorangen på besøk. Eit høgdepunkt!

Dokumentet er signert digitalt av:

- Jacobsen, Hanne (02.06.1979), 14.04.2025
- Espere, Birgit Sønstabø (10.10.1968), 14.04.2025
- Habbestad, Randi Karin (22.02.1975), 14.04.2025
- Torkelsen, John Kåre (22.12.1969), 15.04.2025
- Sele, Sonja Hellen (05.11.1969), 14.04.2025
- Bråthen, Jalle (27.07.1960), 14.04.2025
- Schmidt, Frank (12.03.1970), 14.04.2025
- Enerstvedt, Vegard (10.04.1997), 14.04.2025



Rammer

2024 har vore eit år prega av både utvikling og stillstand. Strategiplanen for 2024–2027, som styret fekk utarbeidd i 2023, har fokus på utvikling og innovasjon. Men, for at kulturhuset skal kunne bere seg og vekse, såg ein tidleg i 2024 at ein måtte arbeide med rammene og forutsetnadane for drifta. Innovasjon treng kapasitet. Styret og dagleg leiar har arbeidd målretta med å synleggjera kulturhuset sine utfordringar for eigarane og potensielle støttespelarar. Me ønskjer å styrkja kulturhuset si rolle som ein open, relevant og samlande møtestad for innbyggjarane, kulturlivet og samarbeidspartnarar, men treng støtte for å kunne gjere det.

Økonomi

Drifta har vore nøktern og prega av innsparing i 2024. Ein har gått med redusert stilling 80%, samt halde innkjøp og vedlikehald til eit minimum. Dette vart likevel ikkje nok til å halde budsjetttramma. Uforutsette vatnkostnader frå 2023, manglande leigeinntekter i kaféarealet, samt uventa høge pensjonskostnader, gjorde at resultatet også dette året vart negativt. Ein ser at forventning om 70% eigeninntening på drift av kulturbygg, scene og kino, nærast er umogeleg med dagens kostnader.

Eit 20 år gammalt bygg med drift 360 dagar i året, genererer høge kostnader på reperasjonar. Kapasiteten i salane, marginane mot artist eller distributør og potensialet i marknaden, vil ikkje være stort nok til å kunne hente inn slike kostnader på billettinntekter aleiene.



Serering i samband med kurs&konferanse



Dokumentet er signert digitalt av:

- Jacobsen, Hanne (02.06.1979), 14.04.2025
- Espere, Birgit Sønstabø (10.10.1968), 14.04.2025
- Habbestad, Randi Karin (22.02.1975), 14.04.2025
- Torkelsen, John Kåre (22.12.1969), 15.04.2025
- Sele, Sonja Hellen (05.11.1969), 14.04.2025
- Bråthen, Jalle (27.07.1960), 14.04.2025
- Schmidt, Frank (12.03.1970), 14.04.2025
- Enerstvedt, Vegard (10.04.1997), 14.04.2025



Eit nytt serveringstilbod

I starten av 2024 vart kafélokalet ledig for nye aktørar. Då ingen meldte seg, snudde dei tilsette seg rundt og skipa til eit nytt serveringstilbod før og etter konsertar, samt nye kurs- & konferansepakkar.

Frivillige aktørar har også nytta lokalet til å ha servering rundt eigne arrangement, for å skape meiroppleving for gjestene. Lokalet har også vore leigt ut til møter og selskap. Vertskapet har i løpet av året vorte sertifisert gjennom ansvarleg vertskapsprøve, og utvikla seg innan ei heilt ny teneste. Kulturhuset får svært gode tilbakemeldingar for kurs- & konferansetilbodet. Salane er godt eigna, og den tekniske kompetanse på huset gjer at arrangøren får ei trygg gjennomføring hos oss. Saman med vertskapet og i samarbeid med eksterne matleverandørar blir det ei fin ramme for konferansegjestene, og eit potensiale i vekst for huset i åra framover.

Kulturhusorganisasjonen

Nedskjeringstider krev ein innsats frå tilsette. I år vil eg rette ei ekstra takk alle tilsette i kulturhusorganisasjonen som brettar opp armene år etter år, er kreative og løysningsorienterte. Å stable på beina ein heilt ny teneste i ein elles hektisk kvardag, står det stor respekt av. Kulturhuset har definert seg som eit JA-hus, og dei tilsette speglar dette på ein prisverdig måte. Det siste året har me også styrka det organisatoriske arbeidet og i samarbeid med bibliotek og kulturskule løfta fram HMS arbeid og kompetansedeling på tvers av organisasjonane. Gjennom dette arbeidet står me nå godt rusta i lag.

Eg vil takka alle tilsette, styret, frivillige, samarbeidspartnarar og ikkje minst publikum for eit innhaldsrikt år. Gjennom fellesskap og engasjement held me fram med å utvikla kulturhuset som eit levande og meningsfull arena for opplevingar, gode møter og medskaping.

Hanne Jacobsen
Dagleg leiar
Bømlo kulturhus KF



KINO

Kinåret 2024 starta med to spanande arrangement, der me fekk besøk av filmskaparar frå filmene “Sau” og “Ola- en helt vanlig, uvanlig fyr”. Begge vart godt mottatt av publikum. Det vart arrangert skulevisningar og opne visningar i samarbeid med lokale lag som Verdensdagen for Psykisk Helse, NFU Bømlo, Velferdsklubben og Bømlo kommune.

2024 viser elles nedgong i kinotala nasjonalt. Bømlo kino har ein markedsandel på 0,19, noko me opprettheld også dette året. Det var til saman løyst 15 527 billetter til kinoen, på i alt 906 framsyningar og 111 ulike titlar. 2024 var prega av streik i Hollywood, og det var difor færre større titlar tilgjengeleg i marknaden.

	2023	2024	2023-24	2023-24%
Bømlo Kino	18 118	15 527	-2 591	-14,3%
Vestland	1 195 668	1 069 944	-125 724	-10,5%
Heile landet	9 364 046	8 172 056	-1 191 990	-12,7%



Øyvind Marsten frå Verdensdagen, Ragnhild Nøst Bergem, regissør, Ola Henningsen, hovudrolle og Heidi Laurhammer, kinovert.

Dokumentet er signert digitalt av:

- Jacobsen, Hanne (02.06.1979), 14.04.2025
- Espere, Birgit Sønstabø (10.10.1968), 14.04.2025
- Habbestad, Randi Karin (22.02.1975), 14.04.2025
- Torkelsen, John Kåre (22.12.1969), 15.04.2025
- Sele, Sonja Hellen (05.11.1969), 14.04.2025
- Bråthen, Jalle (27.07.1960), 14.04.2025
- Schmidt, Frank (12.03.1970), 14.04.2025
- Enerstvedt, Vegard (10.04.1997), 14.04.2025



BESØKSTAL

Film	Framsyrningar	Besøk
Innsiden ut 2	49	1 164
Grusomme meg 4	43	982
Vaiana 2	20	939
Kung Fu Panda 4	30	683
Jul med Astrid Lindgren	16	577
Det ender med oss	18	570
Deadpool & Wolverine	20	556
Scrapper	6	517
Nr. 24	17	501
Ola - En helt vanlig uvanlig fyr	5	444

Dokumentet er signert digitalt av:

- Jacobsen, Hanne (02.06.1979), 14.04.2025
- Espere, Birgit Sønstaba (10.10.1968), 14.04.2025
- Habbestad, Randi Karin (22.02.1975), 14.04.2025
- Torkelsen, John Kåre (22.12.1969), 15.04.2025
- Sele, Sonja Hellen (05.11.1969), 14.04.2025
- Bråthen, Jalle (27.07.1960), 14.04.2025
- Schmidt, Frank (12.03.1970), 14.04.2025
- Enerstvedt, Vegard (10.04.1997), 14.04.2025



KULTUR

Til saman var det 10 424 løyste billetter på kulturarrangement i 2024, noko som er nedgong frå 2023 men eit normalår for kulturhuset. Dei fleste sceneproduksjonane var godt besøkt, men me merka dyrtida og eit meir selektivt publikum i perioden frå oktober og fram mot jul. For borna vart høgdepunktet å oppleve kjendisen Fantorangen som kom reisande med Riksteatret. Med Musefella fekk me Bømlø Teater og lokale skodespelarar i storform, når dei presanterte eit godt og tradisjonelt mordmysterie for bømlopublikummet. og Halvdan Sivertsen art eit absolutt høgdepunkt på kulturscena.

	2023	2024	2023-24	2023-24%
Besøk	14 084	10 424	-3 660	-25,99%
Omsetning	2 949 340	2 549 798	-399 542	-13,55%
Antall arrangement	91	0	0	0



Tønnes og Erland Aasland

Dokumentet er signert digitalt av:

- Jacobsen, Hanne (02.06.1979), 14.04.2025
- Espere, Birgit Sønstabø (10.10.1968), 14.04.2025
- Habbestad, Randi Karin (22.02.1975), 14.04.2025
- Torkelsen, John Kåre (22.12.1969), 15.04.2025
- Sele, Sonja Hellen (05.11.1969), 14.04.2025
- Bråthen, Jalle (27.07.1960), 14.04.2025
- Schmidt, Frank (12.03.1970), 14.04.2025
- Enerstvedt, Vegard (10.04.1997), 14.04.2025



BESØKSTAL

Dato	Tittel	Stad	Solgt
Fr. 06. des. - Sø. 08. des. 2024	Bømlo Teater: Virginia og Julenissen	Storsalen	749
Fr. 18. okt. - Sø. 20. okt. 2024	Bømlo Teater: Musefella	Storsalen	588
On. 2. okt. 2024	Svortland skule	Storsalen	706
To. 01. feb 2024	Teater Vestland: Tollak til Ingeborg	Storsalen	353
Sø. 21. jan 2024	Bømlo Janitsjar: Nyttårskonserten 2024	Storsalen	350
Fr. 9. feb. 2024	Ingebjørg Bratland og Odd Nordstoga: Langt Heimafrå	Storsalen	339
On. 23. okt. 2024	Halvdan Sivertsen: På tur opp og på turné	Storsalen	334
Fr. 15. nov. 2024	Bømlo Janitsjar: 80-talsfeber	Storsalen	326
Ma. 26. aug. 2024	Riksteatret: Fantorangen på teater	Storsalen	325
Ti. 11. jun. 2024	Vertú: Dansi skjól	Storsalen	280



Det er mange magiske augneblink i kulturhuset i løpet av eit år!

Dokumentet er signert digitalt av:

- Jacobsen, Hanne (02.06.1979), 14.04.2025
- Espere, Birgit Sønstabø (10.10.1968), 14.04.2025
- Habbestad, Randi Karin (22.02.1975), 14.04.2025
- Torkelsen, John Kåre (22.12.1969), 15.04.2025
- Sele, Sonja Hellen (05.11.1969), 14.04.2025
- Bråthen, Jalle (27.07.1960), 14.04.2025
- Schmidt, Frank (12.03.1970), 14.04.2025
- Enerstvedt, Vegard (10.04.1997), 14.04.2025

Forseglet av



Posten Norge

ANDRE ARRANGEMENT

Kulturhuset vert nytta av eit stort antall arrangement og aktivitetar i løpet av eit år.
Her er kulturhuset sine egne aktivitetar i 2024:

	Arr	Publikum	Barn
Antall arrangement	264	15 054	7 473
Antall møter, kurs og konferanse	51	4 630	0
2024 summert huset	315	19 684	7 473

I tillegg kjem Bømlø kulturskule med sine 600 elevar som øver i huset kvar veke gjennom skuleåret, samt alle arrangement som biblioteket står for.

I alt er talet på vitjande til huset godt over 60.000 på eit år. Publikummet vårt er både lokale, frå distriktet og sjølvsagt faste hyttefolk og tilreisande.

Dokumentet er signert digitalt av:

- Jacobsen, Hanne (02.06.1979), 14.04.2025
- Espere, Birgit Sønstaba (10.10.1968), 14.04.2025
- Habbestad, Randi Karin (22.02.1975), 14.04.2025
- Torkelsen, John Kåre (22.12.1969), 15.04.2025
- Sele, Sonja Hellen (05.11.1969), 14.04.2025
- Bråthen, Jalle (27.07.1960), 14.04.2025
- Schmidt, Frank (12.03.1970), 14.04.2025
- Enerstvedt, Vegard (10.04.1997), 14.04.2025

Forseglet av



Posten Norge

ÅRSREKNESKAP

§ 5-4. Bevilgningsoversikt – drift				
Rekneskap				
Tall i 1000 kr	Rekneskap 2024	Regulert budsjett 2024	Opphavelg budsjett 2024	Rekneskap 2023
Netto driftsutgifter				
Sum bevilgninger drift, netto	1 029	18	18	926
Avskrivninger	447	413	413	268
Sum netto driftsutgifter	1475	431	431	1194
Brutto driftsresultat	1475	431	431	1194
Finansinntekter/Finansutgifter				
Renteinntekter	-21	0	0	-50
Utbytter	-9	0	0	-1
Renteutgifter	110	0	0	56
Avdrag på lån	275	0	0	125
Netto finansutgifter	355	0	0	129
Motpost avskrivninger	-447	-413	-413	-268
Netto driftsresultat	1383	18	18	1055
Disponering eller dekning av netto driftsresultat				
Overføring til investering	0	10	10	0
Bruk av bundne driftsfond	0	0	0	-70
Bruk av disposisjonsfond	0	-28	-28	-456
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	0	-18	-18	-526
Fremført til inndeckning i senere år (merforbruk).	1 383	0	0	528
Kontrollsum art 980 Regnskapsmessig merforbruk	-1 383	0	0	-528

Dokumentet er signert digitalt av:

- Jacobsen, Hanne (02.06.1979), 14.04.2025
- Espere, Birgit Sønstaba (10.10.1968), 14.04.2025
- Habbestad, Randi Karin (22.02.1975), 14.04.2025
- Torkelsen, John Kåre (22.12.1969), 15.04.2025
- Sele, Sonja Hellen (05.11.1969), 14.04.2025
- Bråthen, Jalle (27.07.1960), 14.04.2025
- Schmidt, Frank (12.03.1970), 14.04.2025
- Enerstvedt, Vegard (10.04.1997), 14.04.2025

Forseglet av



Posten Norge

§ 5-5. Bevilgningsoversikter – investering				
Regnskap				
Tall i 1000 kroner	Regnskap 2024	Regulert budsjett 2024	Opprinnelig budsjett 2024	Regnskap 2023
Investeringsutgifter				
Investeringer i varige driftsmidler	0	0	0	1 785
Investeringar i aksjer og andelar i selskaper	10	10	10	8
Sum investeringsutgifter	10	10	10	1793
Investeringsinntekter				
Bruk av lån	0	0	0	-1 500
Sum investeringsinntekter	0	0	0	-1 500
Overføring frå drift og netto avsetninger				
Overføring frå drift	0,0	-10	-10	0
Dekning av tidligere års udekka beløp	0	0	0	416
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	0	-10	-10	416
Fremført til inndekning i seinare år (udekka beløp)	10	0	0	709
Kontrollsum art 980 Regnskapsmessig merforbruk	-10	0	0	-709
Overføring til fordeling (§5-5, andre ledd)				
Inntekter til fordeling	0	0	0	0
Utgifter til fordeling	10	10	10	1 793
Sum til fordeling (netto)	10	10	10	1 793

§ 5-6. Økonomisk oversikt etter art – drift				
Regnskap				
Tall i 1000 kroner	Regnskap 2024	Regulert budsjett 2024	Opprinnelig budsjett 2024	Regnskap 2023
Driftsinntekter				
Overføringer og tilskudd fra andre	-4 049	-3 725	-3 725	-4 219
Salgs- og leieinntekter	-6 856	-6 672	-6 672	-7 601
Sum driftsinntekter	-10 905	-10 398	-10 398	-11 819

Dokumentet er signert digitalt av:

- Jacobsen, Hanne (02.06.1979), 14.04.2025
- Espere, Birgit Sønstebø (10.10.1968), 14.04.2025
- Habbestad, Randi Karin (22.02.1975), 14.04.2025
- Torkelsen, John Kåre (22.12.1969), 15.04.2025
- Sele, Sonja Hellen (05.11.1969), 14.04.2025
- Bråthen, Jalle (27.07.1960), 14.04.2025
- Schmidt, Frank (12.03.1970), 14.04.2025
- Enerstvedt, Vegard (10.04.1997), 14.04.2025



Driftsutgifter				
Lønnsutgifter	3 710	3 409	3 409	4 477
Sosiale utgifter	1 436	1 046	1 046	614
Kjøp av varer og tjenester	6 489	5 960	5 960	7 127
Overføringer og tilskudd til andre	298	0	0	528
Avskrivninger	447	413	413	268
Sum driftsutgifter	12 380	10 829	10 829	13 013
Brutto driftsresultat	1 147	431	431	1 194
Finansinntekter/Finansutgifter				
Renteinntekter	-21	0	0	-50
Utbytter	-9	0	0	-1
Renteutgifter	110	0	0	56
Avdrag på lån	275	0	0	125
Netto finansutgifter	355	0	0	129
Motpost avskrivninger	-447	-413	-413	-268
Netto driftsresultat	1 383	18	18	1 055
Disponering eller dekning av netto driftsresultat:				
Overføring til investering	0	10	10	0
Bruk av bundne driftsfond	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	0	-28	-28	-456
Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	0	-18	-18	-526

Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	1 383	0	0	528
Kontrollsum art 980 Regnskapsmessig merforbruk	-1 383	0	0	-528

Dokumentet er signert digitalt av:

- Jacobsen, Hanne (02.06.1979), 14.04.2025
- Espere, Birgit Sønstaba (10.10.1968), 14.04.2025
- Habbestad, Randi Karin (22.02.1975), 14.04.2025
- Torkelsen, John Kåre (22.12.1969), 15.04.2025
- Sele, Sonja Hellen (05.11.1969), 14.04.2025
- Bråthen, Jalle (27.07.1960), 14.04.2025
- Schmidt, Frank (12.03.1970), 14.04.2025
- Enerstvedt, Vegard (10.04.1997), 14.04.2025

Forseglet av



Posten Norge

§ 5-8. Balanseregnskapet			
Tall i 1000 kroner	Note	Regnskap 2024	Regnskap 2023
EIENDELER			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Utstyr, maskiner og transportmidler		3 016	3 126
Finansielle anleggsmidler			
Aksjer og andeler (eiendeler)		121	111
Pensjonsmidler		5 917	5 397
Sum anleggsmidler		9 054	8 634
Omløpsmidler			
Bankinnskudd og kontanter		404	802
Kortsiktige fordringer			
Kundefordringer		97	410
Andre kortsiktige fordringer		195	222
Premieavvik (kortsiktige fordringer)		0	30
Sum omløpsmidler		696	1 464
Sum eiendeler		9 750	10 098
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Egenkapital drift			
Merforbruk i driftsregnskapet		1 912	528
Egenkapital investering			
Udekket beløp i investeringsregnskapet		719	709
Annen egenkapital			
Kapitalkonto		-561	-1 002
Sum egenkapital		2 070	236
Langsiktig gjeld			
Lån			
Gjeld til kredittinstitusjoner		-2 224	-2 499
Pensjonsforpliktelse			
Pensjonsforpliktelse		-6 192	-5 057
Sum langsiktig gjeld		-8 417	-7 556
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		-682	-73
Annen kortsiktig gjeld		-2 219	-2 705
Premieavvik (kortsiktig gjeld)		-502	0
Sum kortsiktig gjeld		-3 404	-2 778
Sum egenkapital og gjeld		-9 750	-10 098

Dokumentet er signert digitalt av:

- Jacobsen, Hanne (02.06.1979), 14.04.2025
- Espere, Birgit Sønstebø (10.10.1968), 14.04.2025
- Habbestad, Randi Karin (22.02.1975), 14.04.2025
- Torkelsen, John Kåre (22.12.1969), 15.04.2025
- Sele, Sonja Hellen (05.11.1969), 14.04.2025
- Bråthen, Jalle (27.07.1960), 14.04.2025
- Schmidt, Frank (12.03.1970), 14.04.2025
- Enerstvedt, Vegard (10.04.1997), 14.04.2025



NOTER TIL ÅRSREKNESKAPEN

§ 5-9. Oversikt samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar.	
Driftsregnskapet	
Netto driftsresultat	1 383 163
Avsetning til bundne driftsfond	0
Bruk av bundne driftsfond	0
Overføring til investering i henhold til årsbudsjett og fullmakter	10
Avsetning til investering i henhold til årsbudsjett og fullmakter	0
Bruk av disposisjonsfond i henhold til årsbudsjett og fullmakter	-28
Budsjettert dekning av tidligere års merforbruk	0
Årets budsjettavvik før styrkninger	
Styrkning av overføring til investering	-10
Styrkning av bruk av disposisjonsfond	28
Meir- eller mindreforbruk etter styrkninger	1 383
Fremført til inndekning i senere år	1 383
Investeringsregnskapet	
Sum utgifter og inntekter eksklusiv bruk av lån	10
Avsetninger til bundne investeringsfond	0
Bruk av bundne investeringsfond	0
Budsjetterte bruk av lån	0
Overføring frå drift i henhold til årsbudsjett og fullmakter	-10
Avsetninger til ubudne investeringsfond i henhold til årsbudsjett og fullmakter	0
Bruk av ubudne investeringsfond i henhold til årsbudsjett og fullmakter	0
Dekning av tidligere års udekket beløp	0
Årets budsjettavvik (før styrkninger)	-311
Styrkning av overføring frå drift	10
Udekket beløp etter styrkninger	10
Fremført til inndekning i seinare år (udekket beløp)	10

Dokumentet er signert digitalt av:

- Jacobsen, Hanne (02.06.1979), 14.04.2025
- Espere, Birgit Sønstaba (10.10.1968), 14.04.2025
- Habbestad, Randi Karin (22.02.1975), 14.04.2025
- Torkelsen, John Kåre (22.12.1969), 15.04.2025
- Sele, Sonja Hellen (05.11.1969), 14.04.2025
- Bråthen, Jalle (27.07.1960), 14.04.2025
- Schmidt, Frank (12.03.1970), 14.04.2025
- Enerstvedt, Vegard (10.04.1997), 14.04.2025

Forseglet av



Posten Norge

Budsjett og regnskapsforskrifta, § 5-10 til § 5-15 og § 6-2			
NOTE nr. 1: Endring i arbeidskapital			
Budsjett og regnskapsforskrifta, § 5-10, a)			
Endring av arbeidskapital basert på bevilgningsregnskapet			
BALANSEN	31.12.2023	01.01.2023	Endring
Omløpsmidler	1 464	1 590	-126
Kortsiktig gjeld	2 778	1 556	1 222
Arbeidskapital	-1 314	34	-1 348
DRIFTS- OG INVESTERINGSREKNESKAPEN (bevilgningsoversikter)			2023
Netto driftsresultat			-1 055
Netto utgifter/inntekter i investering			293
Endring arbeidskapital i drifts- og investeringsregnskapet			-1 348
Differanse i endring arbeidskapital balanse og drift og investering			0
NOTE nr. 2: Kapitalkonto			
Budsjett og regnskapsforskrifta, § 5-10, b)			
BALANSEN	31.12.2024	01.01.2024	Endring
Kapitalkonto	561	1 002	-441
Anleggsmidler	9 054	8 634	420
Langsiktig gjeld	8 417	7 556	861
Netto endring	637	1 079	-441
NOTE nr. 3: Varige driftsmidler			
Budsjett og regnskapsforskrifta, § 5-11, a)			
	5 år	10 år	Til saman
Bokført verdi per 1.1	409	2717	3 126
Tilgong	0	337	337
Avskrivninger	-102	-345	-447
Bokført verdi 31.12	307	2 709	3 016
NOTE nr. 4: Aksjer og andeler (finansielle anleggsmidler)			
Budsjett og regnskapsforskrifta, § 5-11, b)			
Selskapets navn	Eierandel i %	Bokført verdi 31.12	
Bremnes Sentrum AS	1,56 %	2	
Eigenkapitaltilskudd KLP	-	119	
Sum		121	

Dokumentet er signert digitalt av:

- Jacobsen, Hanne (02.06.1979), 14.04.2025
- Espere, Birgit Sønstaba (10.10.1968), 14.04.2025
- Habbestad, Randi Karin (22.02.1975), 14.04.2025
- Torkelsen, John Kåre (22.12.1969), 15.04.2025
- Sele, Sonja Hellen (05.11.1969), 14.04.2025
- Bråthen, Jalle (27.07.1960), 14.04.2025
- Schmidt, Frank (12.03.1970), 14.04.2025
- Enerstvedt, Vegard (10.04.1997), 14.04.2025



NOTE nr. 5: Lån			
Budsjett og rekneskapsforskrifta, § 5-12, a)			
Eksterne lån	Bokført verdi 31.12	Løpetid	Rentefot
Lån til egne investeringer	999	6 år	4,4%
Lån frå Bømlo kommune 2023	1 500	8 år	4,4%
NOTE nr. 6: Avdrag på lån			
Budsjett og rekneskapsforskrifta, § 5-12, b)			
Grunnlag for beregning av minimumsavdrag			Beløp
Beregnet minimumsavdrag etter kommuneloven §14-18, 1. ledd			Er tatt med i kommunen sitt minimumsavdrag
Betalte avdrag			275
Grunnlag for beregning av minimumsavdrag			
Bokført verdi avskrivbare anleggsmidler 31.12			3 016
Bokført verdi lånegjeld 31.12			2 499
Avskrivninger			447
NOTE nr. 7: Pensjon			
Budsjett og rekneskapsforskrifta, § 5-12, c)			
Spesifikasjon av pensjonskostnad og årets premieavvik	Beløp		
Årets pensjonsopptjening, nåverdi	848		
Rentekostnad av påløpt pensjonsforpliktelse	210		
- Forventet avkastning på pensjonsmidlene	-216		
Administrasjonskostnader	27		
Netto pensjonskostnad (inkl. adm.)	868		
Årets pensjonspremie	428		
Årets premieavvik (positivt)	-440		
Årets premieavvik inkl. arb.giv.avg	-502		
Amortiseringsperioder:	1 år		
Premieavvik frå 2023 (negativt) amortisert i 2024	27		
Premieavvik frå 2023 amortisert i 2024 inkl. arb.giv.avg	30		
Premiefond			
	Beløp		
Innestående på premiefond 01.01.	-304		
Tilført premiefondet i løpet av året	-134		
Bruk av premiefondet i løpet av året	435		
Innestående på premiefond 31.12.	-2		
Pensjonsmidler og pensjonsforpliktelser			
	Beløp	Arb.giv.avg	Inkl. arb.giv.avg
Brutto påløpte pensjonsforpliktelser pr. 31.12.	5 427	765	6 192
Pensjonsmidler pr. 31.12.	4 186	731	5 917
Netto pensjonsforpliktelser pr. 31.12.	241	34	275
Estimatavvik og planendringer			
	Pensjons-midler	Pensjons-forpliktelser	
Estimatavvik 31.12.	5 816	5 427	
Virkningen av planendringer	0	0	

Dokumentet er signert digitalt av:

- Jacobsen, Hanne (02.06.1979), 14.04.2025
- Espere, Birgit Sønstebø (10.10.1968), 14.04.2025
- Habbestad, Randi Karin (22.02.1975), 14.04.2025
- Torkelsen, John Kåre (22.12.1969), 15.04.2025
- Sele, Sonja Hellen (05.11.1969), 14.04.2025
- Bråthen, Jalle (27.07.1960), 14.04.2025
- Schmidt, Frank (12.03.1970), 14.04.2025
- Enerstvedt, Vegard (10.04.1997), 14.04.2025



Beregningsforutsetninger	KLP			
Forventet avkastning pensjonsmidler	4,50 %			
Diskonteringsrente	4,00 %			
Forventet årlig lønnsvekst	2,97 %			
Forventet årlig G-regulering	2,97 %			
Forventet årlig pensjonsregulering	2,20%			
NOTE nr. 8: Ytelser til leiande personar				
Budsjett og rekneskapsforskrifta, § 5-13, d)				
	Brutto lønn	Fast godtgjørelse	Styre-honorar	
Dagleg leiar	932	5		
Styret			70	
NOTE nr. 9: Godtgjørelse til revisor				
Budsjett og rekneskapsforskrifta, § 5-13, e)				
	Godtgjørelse			
Regnskapsrevisjon	-48			
Sum (netto)	-48			
NOTE nr. 10: Overføring frå egen kommune				
Budsjett og rekneskapsforskrifta, § 6-2, a)				
Inntekter i heile 1000	Til saman	Frå kommunen	Frå staten	Frå private
Overføringer og tilskudd frå andre	-3 985	-3 476	-509	0
Salgs- og leigeinntekter	0	0	0	0
Sum driftsinntekter	-3 985	-3 476	-509	0
Budsjett og rekneskapsforskrifta, § 6-2, b)				
Overføring frå kommunekasse for å dekke meirforbruk i foretaket				0

Dokumentet er signert digitalt av:

- Jacobsen, Hanne (02.06.1979), 14.04.2025
- Espere, Birgit Sønstaba (10.10.1968), 14.04.2025
- Habbestad, Randi Karin (22.02.1975), 14.04.2025
- Torkelsen, John Kåre (22.12.1969), 15.04.2025
- Sele, Sonja Hellen (05.11.1969), 14.04.2025
- Bråthen, Jalle (27.07.1960), 14.04.2025
- Schmidt, Frank (12.03.1970), 14.04.2025
- Enerstvedt, Vegard (10.04.1997), 14.04.2025

Forseglet av



Posten Norge



www.bomlokulturhus.no

post@bomlokulturhus.no

53 42 35 00

Dokumentet er signert digitalt av:

- Jacobsen, Hanne (02.06.1979), 14.04.2025
- Espere, Birgit Sønstaba (10.10.1968), 14.04.2025
- Habbestad, Randi Karin (22.02.1975), 14.04.2025
- Torkelsen, John Kåre (22.12.1969), 15.04.2025
- Sele, Sonja Hellen (05.11.1969), 14.04.2025
- Bråthen, Jalle (27.07.1960), 14.04.2025
- Schmidt, Frank (12.03.1970), 14.04.2025
- Enerstvedt, Vegard (10.04.1997), 14.04.2025

Forseglet av



Posten Norge

Til styret i Bømlo Kulturhus KF
v/ styrets leiar Sonja Helen Sele
Kulturhusvegen 20
5430 Bremnes

NUMMERERT KOMMUNIKASJON MED STYRET I BØMLO KULTURHUS KF, NR. 1

I samband med vår revisjon av årsrekneskapen for 2024 for Bømlo Kulturhus KF er vi blitt kjent med forhold som vi i henhold til revisorlova § 9-5 pliktar å informere styret om. Dette er forhold som vi meiner styret bør vere kjent med for å kunne ivareta styret sitt ansvar og oppgåver knytt til forvaltning av og tilsyn med selskapet.

Klassifisering av balansepostar

Kundefordringar inneheld kreditpostar på kr 247 007 som skulle vore klassifisert som kortsiktig gjeld, og leverandørgjeld inneheld debetpostar på kr 435 193 som skulle vore klassifisert som kortsiktig fordring. Netto effekt i balansen, er at kortsiktig fordring er kr 188 186 for låg.

Forholdet er kommunisert til kommunen sin administrasjon som er rekneskapsfører for kulturhuset. Dei har svart opp forholdet og vil rette opp praksisen og unngå dette i framtida.

Avsluttande kommentarar

Revisor skal i henhold til revisorlova § 9-5 sjå etter at forholdet er behandla i styret og at det vert sett i verk tiltak for å rette opp. Vi ber om skriftleg tilbakemelding straks dei ovanfor nemnde forholdet er behandla av styret, herunder kopi av signert styreprotokoll.

Vi gjer oppmerksom på at revisor har plikt til å seie frå seg revisjonsoppdraget dersom leiinga ikkje set i verk nødvendige tiltak for å rette på vesentlege brot på lover og forskrifter som revisor har påpeikt.

Vi vil takke for eit hyggeleg og konstruktivt samarbeid med dykk i samband med vår revisjon. Vi håper våre innspel er til nytte i samband med å vidareutvikle selskapet sine rutinar og intern kontroll. Dersom det er spørsmål til forhold vi tek opp eller de meiner noko er uklart, vennligst ta kontakt med undertekna.

Vi vil minne om at denne nummererte kommunikasjonen er inkludert i oppbevaringspliktig rekneskapsmateriale som må oppbevarast på ein ordna og trygghande måte i henhold til bokføringslova § 13, pkt. 4.

Bergen, 14. april 2025
Deloitte AS

Unni-Renate Moe
statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

Kopi: Kommunedirektør

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Moe, Unni-Renate

Statsautorisert revisor

Serienummer: no_bankid:9578-5995-4-99839

IP: 77.16.xxx.xxx

2025-04-14 10:58:08 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: M25YE-MT6M7-W3GW5-96G5M-7RGXX-QCGI V

Dette dokumentet er signert digitalt via [Penneo.com](https://penneo.com). De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglet med et kvalifisert elektronisk segl ved bruk av et sertifikat og et tidsstempel fra en kvalifisert tillitstjenesteleverandør.

Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt

Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S**. Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørenes digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, <https://penneo.com/validator>, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet for Bømlo Kulturhus KF viser et negativt netto driftsresultat på kr 1 383 363. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2024, bevilgningsoversikter drift og investering, økonomisk oversikt drift og oversikt over samlet budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjoner for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet i det alt vesentlige en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen til foretaket per 31. desember 2024, og av resultatet for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med kommunelovens regler og god kommunal regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift, god kommunal revisjonsskikk i Norge og International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet. Vi er uavhengige av foretaket i samsvar med kravene i relevante lover og forskrifter i Norge, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Årsberetning

Styret og daglig leder er ansvarlig for informasjonen i årsberetningen. Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker ikke informasjonen i årsberetningen. I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese årsberetningen. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom årsberetningen og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt informasjon i årsberetningen ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsberetningen fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at årsberetningen

- er konsistent med årsregnskapet og
- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav.

Vi henviser for øvrig til avsnittet «Uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik» under uttalelse om øvrige lovmessige krav.

Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med samsvar med kommunelovens bestemmelser og god kommunal regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik internkontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom

hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av foretakets interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir en dekkende fremstilling.

Vi kommuniserer med kontrollutvalget og styret blant annet om det planlagte innholdet i og tidspunkt for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlige funn i revisjonen, herunder vesentlige svakheter i intern kontroll som vi avdekker gjennom revisjonen.

Uttalelse om øvrige lovmessige krav

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av foretakets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Uttalelse om redegjørelse for vesentlige budsjettavvik

Vi har utført et attestasjonsoppdrag som skal gi moderat sikkerhet, i forbindelse med Bømlo Kulturhus KFs redegjørelse for vesentlige budsjettavvik, enten det skyldes beløpsmessige avvik eller avvik fra kommunestyrets premisser for bruken av bevilgningene.

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Moe, Unni-Renate

Statsautorisert revisor

Serienummer: no_bankid:9578-5995-4-99839

IP: 77.16.xxx.xxx

2025-04-14 10:58:08 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: OOKW5-YZ39P-VLMDZ-K3MUC-2CL73-BYQEQ

Dette dokumentet er signert digitalt via [Penneo.com](https://penneo.com). De signerte dataene er validert ved hjelp av den matematiske hashverdien av det originale dokumentet. All kryptografisk bevisføring er innebygd i denne PDF-en for fremtidig validering.

Dette dokumentet er forseglet med et kvalifisert elektronisk segl ved bruk av et sertifikat og et tidsstempel fra en kvalifisert tillitstjenesteleverandør.

Slik kan du bekrefte at dokumentet er originalt

Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at det er sertifisert av **Penneo A/S**. Dette beviser at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret siden tidspunktet for signeringen. Bevis for de individuelle signatørenes digitale signaturer er vedlagt dokumentet.

Du kan bekrefte de kryptografiske bevisene ved hjelp av Penneos validator, <https://penneo.com/validator>, eller andre valideringsverktøy for digitale signaturer.



Saksframlegg

Saksnr: 2023/487-22

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Bømlo kommune, Kontrollutvalet	15/25	14.05.2025

Årsmelding og årsrekneskap 2024 for Bømlo kommune - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Bømlo kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2024.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 31 frå Deloitte AS ber kontrollutvalet om at kommunedirektør kjem i møte 19.09.2025 for å gjera greie for kva som vil bli gjort i høve tilrådingane i rapporten
3. Kontrollutvalet tek resultatet etter etterlevingskontrollen til orientering.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal gje sin uttale til årsrekneskapen og årsmelding for 2024 for Bømlo kommune. Uttalen skal følgje saka vidare til kommunestyret via formannskapet

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Uttale frå kontrollutvalet om Årsrekneskapen for 2024
- 2 Årsmelding 2024
- 3 Bømlo kommune - Revisjonsberetning 2024.pdf
- 4 Bømlo kommune - Attestasjonsuttalelse etterlevelseskontroll 2024.pdf
- 5 Bømlo kommune - Revisjonsrapport 2024.pdf

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

1. Innleiing

Kontrollutvalet skal i møte 14.05.2024, behandla utvalet sin uttale til Bømlo kommune sin årsrekneskap og årsmelding for 2025.

Representantar for administrasjonen og ansvarleg revisor vil vere til stades i møtet for å presentere årsrekneskapen og svare på spørsmål.

2. Ansvar for økonomiforvaltninga

Det er kommunestyret sitt ansvar å forvalte kommunen sin økonomi, herunder vedta årsrekneskap og årsmelding, jf. kommunelova § 14-2. Det er vidare kommunestyret sitt ansvar å påsjå at økonomiforvaltninga skjer i tråd med lov, forskrift og eigne føresegner. Kommunestyret sitt ansvar for forvaltninga av den økonomiske internkontrollen og økonomiforvaltninga er forsterka gjennom ny kommunelov, jf. mellom anna kommunelova §§ 14-1, 25-1 og 25-2.

Med grunnlag i finansielle måltal, skal årsmeldinga gje ei vurdering av om den økonomiske utviklinga og stillinga slik den går fram av årsrekneskapen, er forsvarleg og tek vare på handleevna over tid, jf. kommunelova § 14-7 a-b. Det er ikkje lenger tilstrekkeleg at årsmeldinga berre gjer greie for sentrale resultat frå årsrekneskapen.

3. Føremålet med kontrollutvalet sin uttale

Føremålet med uttalen er at kommunestyret skal få oppsummerande og samla informasjon om at det gjennom året er gjennomført uavhengig kontroll med at krava til årsrekneskap og årsmelding er ivareteke i tråd med lov, forskrift og eigne føresegner. jf. kommunelova §§ 14-1, 14-2 og 14-7.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å gje uttale til kommunestyret om årsrekneskapen og årsberetninga, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

4. Grunnlag for uttalen

Grunnlaget for uttalen er dokument og handsamingar som ligg til grunn for utarbeiding av denne saka, slik som:

- Avlagt årsrekneskap frå kommunedirektør, motteke 11.04.2025, Denne er å finna på lenkja: [Årsmelding 2024](#)
- Kommunedirektør si årsmelding, motteke 11.04.2025. Den er og å finna på lenkja overfor.
- Revisjonsmelding frå Deloitte AS, dagsett 11.04.2025

- Revisjonsrapport 2023 frå Deloitte AS nr. 31, dagsett 11.04.2025
- Revisor sin attestasjonsuttalelse for etterlevingskontrollen, dagsett 11.04.2025
- Revisor sine orienteringar til kontrollutvalet om revisjonsplanar, oppsummering etter interimrevisjon og oppsummering etter årsoppgjersrevisjon
- Analyser og vurderingar av den økonomiske stillinga til kommunen
- I tillegg har ansvarleg revisor og rådmann supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

5. Vurdering av årsrekneskapen og årsmelding

Revisjonsmelding frå Deloitte AS:

Kommunen sin revisor, Deloitte AS, har lagt fram ei rein revisjonsmelding, vedlegg 2. Her er medteke at netto negativt driftsresultat er kr. 25 831 518, og et netto negativt driftsresultat i det konsoliderte årsrekneskapen på kr. 27 214 882.

Revisor skriv mellom anna dette i sin konklusjon:

Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapet gjeldende lovkrav, og gir årsrekneskapet en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen i kommunekassen per. 31.desember 2024, og av resultatet for rekeneskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med kommunelovens regler og god kommunal reknskapsskikk i Norge.
- oppfyller den konsoliderte årsrekneskapet gjeldende lovkrav, og gir årsrekneskapet en dekkende fremstilling av den finansielle stillingen i kommunekassen per. 31.desember 2024, og av resultatet for rekeneskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med kommunelovens regler og god kommunal reknskapsskikk i Norge.

Ut i frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav og
- at opplysningane om økonomi i årsmeldinga stemmer overeins med årsrekneskapen

Vidare har Deloitte konkludert slik når det gjeld vesentlege budsjettavvik, jf. kommunelova § 14-7, b):

Basert på dei utførte handlingane og innhenta bevis, er vi ikkje blitt kjende med forhold som gjev grunn til å tru at årsmeldinga ikkje gir dekkande opplysningar om vesentlege budsjettavvik.

Nummerert brev nr. 31 - rekneskapsåret 2024 frå Deloitte AS

Revisjonsrapport nr. 31 for rekneskapsåret 2024 frå Deloitte AS til kommunen, inngår også som ein del av sakshandsaminga til rekneskapssaka i kontrollutvalet, vedlegg 3. Revisjonsrapporten skildrar resultatet av nokre utvalde rekneskapsområde der dei har kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar. Dette for å identifisere kvar det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa. På bakgrunn av denne gjennomgangen har Deloitte AS gjeve nokre tilrådingar til kommunen på tilhøve som bør og kan forbetrast.

På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet vurdere om dei skal be kommunedirektør om å komme inn i første møte til hausten for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort for å rette opp i desse tilrådingane.

Attestasjonsuttale om etterlevingskontroll

I den nye kommunelova § 24-9 «Forenklet etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen» står det dette:

«Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.»

På bakgrunn av dette har Deloitte AS levert «Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse gjeldende om kommunen har nødvendige prosedyrer og rutiner knyttet til utlån som forvaltes av Intrum i henhold til kommuneloven §25-1 3.ledd bokstav b), herunder at:

- kommunen følger opp avtalen på forhold som gjelder internkontroll
- det foreligger skriftlige rutiner knyttet til internkontroll for utlåne som forvaltes av Intrum
- det foreligger skriftlige rutiner knyttet til kvalitetskontroll av rapporter fra Intrum som legges til grunn for bokføring av låne

Kontrollen er utført i perioden 01.01.2024 – 31.12 2024.

Til slutt konkluderer Deloitte AS m.a. slik:

«Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis har vi blitt oppmerksomme på forhold som gir oss grunn til å tro at Bømlo kommune i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene i kommuneloven §25-1, 3 ledd bokstav b) knyttet til internkontroll for utlån som forvaltes av Intrum»

Sekretariatet merker seg m.a. følgende frå kommunedirektør sin uttale i årsmeldinga:

«Kommunane i Noreg opplever no at utfordringar som har vore varsla i lang tid, materialiserer seg. Dette gjeld ikkje berre ein anstrengt økonomi, men også demografiske endringar som fører oss inn i ei "eldrebølge". Talet på eldre aukar kraftig, noko som vil krevje kostbare helse- og omsorgstenester frå kommunen. Samstundes vil me oppleve ei "yngrebølge" med vesentleg færre barn i barnehage og skule, noko som vil krevje endringar i strukturen for desse tenestene.

Desse "bølgjene" vil også føre til mangel på arbeidskraft. Fleire som går av med pensjon vil ta med seg kompetanse som ikkje blir erstatta, og færre unge vil søkje seg til utdanningar relevante for det offentlege tenesteapparatet. Staten varslar reduserte overføringar til kommunane og oppfordrar til tilpassing til utfordringane. Økonomien må dermed omstillast for berekraft.

Forventningane me som innbyggjarar har til offentlege tenester må endrast. Gapet mellom forventningar og kva det offentlege kan levere vil føre til meiningstytringar som enkelt kan formidlast på kanalar med breitt nedslagsfelt. Debattklimaet vil bli hardare, og det vil bli utfordrande for kommunepolitikarane å gjere prioriteringar som sikrar heilskap og gir kommunen handlekraft nok til å sikre eit samla godt tenestetilbod.

Behovet for omstilling har vore nødvendig, både av økonomiske og andre grunnar. Driftsresultatet for 2024 enda negativt med -24,5 millionar kroner. Samla negativt driftsresultat for 2023 og 2024 utgjer 2,88 % av driftsinntektene, noko som gjer at kommunen ligg svært nær ROBEK-registrering allereie for 2024. Dette er fordi samla meirforbruk dei siste to åra utgjer tett opptil 3 % av driftsinntektene (kommunelova § 28-1 (1) d). Kommunen har ikkje lenger disposisjonsfond som kan nyttast til å dekke meirforbruket.

Driftsrapportane og prognosane for meirforbruk var negative gjennom heile året. Likevel merka me at tiltaka som vart sett i verk begynte å få verknad frå medio 2024, med ein prognose for meirforbruk som vart noko betre enn dei tidlege prognosane.

Sluttresultatet er likevel svært svakt. Hovudsakleg skuldast dette kostbar drift, svakare refusjon for ressurskrevjande brukarar enn budsjettert og ein stor svikt i skatteinntektene på slutten av året. Staten sin kompensasjon på 9,5 millionar kroner var ikkje tilstrekkeleg til å dekke svikta i skatt- og inntektsutjamning på om lag 16 millionar kroner.

Som følgje av svak økonomi og innstrammingar i investeringane dei siste åra har veksten i gjeld stoppa opp. Dette tiltaket har vore positivt for økonomien, men kan på sikt få negative verknader for tenestene og ei mogleg oppbygging av eit etterslep på vedlikehald av bygningsmassen vår. Ein særskild svak likviditet har gjort det nødvendig å låne dyre pengar gjennom året for å betale lønn og løpande kostnader, ei ordning som har negativ verknad for drifta med mellom 3 og 4 millionar kroner årleg.

Vedteken budsjett og økonomiplan for 2025-2028 syner at kommunen med eit positivt driftsresultat for 2025 på meir enn 12,3 millionar kroner vil unngå ROBEK-registrering. Dette målet skal vere mogleg å nå om endringane i drifta får verknad over tid og ved stor grad av budsjettdisiplin.»

6. Vurdering av økonomiforvaltninga og internkontrollen

Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med kommunelova § 14-7, som lyd m.a. slik:

«Årsberetningene skal redegjøre for

- a) forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklingen og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid
- b) vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene
- c) virksomhetens måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne
- d) tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard
- e) den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling
- f) hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26.»

Sekretariatet har merka seg at desse tilhøva er omtala på ein god måte i årsmeldinga for 2024.

Vurderinga av økonomiforvaltninga og internkontroll i kommunen byggjer på rapportar frå rekneskapsrevisor, forvaltningsrevisjon og informasjon frå kommunen.

- Det er ikkje avdekket vesentlege svakheiter med den økonomiske internkontrollen, verken gjennom revisor sine rapporteringar gjennom året eller i deira orienteringar til kontrollutvalet. Revisor peikar likevel på nokre forhold i sin revisjonsrapport 2024 som kan og bør betrast, vedlegg 3.
- Revisor har stadfesta i revisjonsmeldinga at budsjettavvik og avvik frå budsjettpremissane er tilfredsstillande forklart i årsmeldinga.
- Det er ikkje meldt om misleghald til kontrollutvalet i 2024

Vidare står det dette i kommunelova § 25-2:

«Kommunedirektøren skal rapportere til kommunestyret og fylkestinget om internkontroll og om resultater fra statlig tilsyn minst én gang i året.»


Bømlo kommune har rapportert om internkontroll og statlege tilsyn på ein god måte i årsmeldinga for 2024.

7. Vurdering av den kommunale økonomiske berekrafta (KØB)

Økonomisk handleevne

Av rekneskapen for 2024 har sekretariatet merka seg eit netto negativt driftsresultat med kr – 27.214.882 i den konsoliderte rekneskapen, som utgjør eit netto negativt resultatgrad på – 2,13 % (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle kommunane i Norge ligg ifølge opplysningar fra SSB på netto resultatgrad på – 0,2 % i 2024. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 % for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.

For Bømlo kommune har netto resultatgrad vore slik dei siste 5 åra: 2020 (+ 1,69 %), 2021 (- 1,06 %), 2022 (- 1,76 %), 2023 (- 4,29 %) og 2024 (-2,13%) sjå graf nedanfor. Som vi ser av desse tala har kommunen eit resultat som i 2024 er negativt. Det er svakare enn tilrådingane frå TBU og mykje svakare enn snittet i kommunane. Netto driftsresultat viser kva ein har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkja. Driftsresultatet påverkar i stor grad kommunen sin handlefridom og evne til å tåle svingningar i økonomien.



Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt sammenhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Bømlo kommune har ei lånegjeld i 2024 tilsvarende 76,5 % av sum driftsinntekter, altså litt høgare enn tilrådinga frå Riksrevisjonen. Tilsvarende tal, 84,1 % i 2021, 82 % i 2022, 81 % i 2023.

Tilsvarende er disposisjonsfondet på 0 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5%. Tilsvarende tal i 2021 5,93 %, 3,01% i 2022 og 0 % i 2023.

Kommunen si gjeldsbelastning finn ein ved å sjå på netto rente og avdragsutgifter i prosent av driftsinntektene. I 2024 finn vi at denne gjeldsbelastninga er på 6,5 %.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet denne gongen innarbeider følgjande i sin uttale:

- Rekneskapsmessig meirforbruk i høve regulert budsjett
- Netto driftsresultat
- Gjeldsgrad
- Gjeldsbelastning
- Disposisjonsfond
- Revisjonsrapport nr. 31
- Talmateriale og uttale frå revisjonsmeldinga og revisjonsrapporten
- Tilhøve om tala i årsmeldinga, jf. kommunelova §§ 14-7 og 25-2
- Resultatet etter etterlevingskontrollen

Konklusjon

Bømlo kommune har i 2024 eit driftsresultat på – 2,13 %, noko som er vesentleg svakare enn tilrådinga frå TBU (1,75%) og ein del svakare enn landsgjennomsnittet (- 0,2 %). Lånegjelda til Bømlo kommune er noko over tilrådinga frå Riksrevisjonen med 76,5 %, Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje må ha meir enn 75 % i lånegjeld. Tilsvarende er disposisjonsfondet på 0 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5 %. Det er urovekkande at fleire økonomiske nøkkeltal peikar i feil retning. Spesielt at netto driftsresultat er negativt for fjerde år på rad og at disposisjonsfondet er «tømt».



Til Bømlo kommune ved kommunestyret.

UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2024

Kontrollutvalet har 14.05.2025 handsama årsrekneskapen og årsmeldinga for 2024 for Bømlo kommune som er motteke frå kommunedirektør 11.04.2025, samt tilhøyrande revisjonsmelding dagsett 11.04.2025.

Kommunen har i 2024 eit netto negativt driftsresultat i årsrekneskapen er kr. 25 831 518, og et netto negativt driftsresultat i det konsoliderte årsrekneskapen på kr. 27 214 882. Revisor har, i revisjonsmeldinga, ikkje gitt merknadar til årsrekneskapen / årsmeldinga. Med grunnlag i kontrollutvalet sine kontrollaktivitetar retta mot økonomiforvaltninga, ei samla vurdering, tilrår derfor kontrollutvalet at årsrekneskap og årsmelding for 2024 vert godkjent slik dei ligg føre.

Kontrollutvalet vil likevel gjere kommunestyret merksam på følgjande forhold:

Viktige nøkkeltal i årsrekneskapen:

- Netto driftsresultat er på - 2, 13 % av driftsinntektene, tilrådinga frå TBU er minst 1,75%
- Gjeldsgrad er berekna til 76,5 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen tilrår maks 75%
- Gjeldsbelastning er berekna til 6,5 % av driftsinntektene. Statsforvaltaren i Nordland tilrår at gjeldsgraden ikkje overstig 5 %
- Disposisjonsfond er berekna til 0 % av driftsinntektene, Riksrevisjonen si tilråding er på minst 5%

Kontrollutvalet er uroa over at fleire økonomiske nøkkeltal peikar i feil retning, spesielt at netto driftsresultat er negativt for fjerde år på rad og at disposisjonsfondet er «tømt».

Andre områder:

Kontrollutvalet tilrår at Bømlo kommune prioriterer å sette fokus på forbetningsområda som kjem fram i revisjonsrapport nr. 31 frå Deloitte. Revisjonsrapporten skildrar resultatet av nokre utvalde rekneskapsområde der dei har kartlagt og testa vesentlege interne kontrollar

Kontrollutvalet ber kommunestyret ta resultat av etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga frå Deloitte AS, dagsett 11.04.2025 til etterretning.

Kontrollutvalet er i all hovudsak nøgd med Bømlo kommune si årsmelding knytt til omtale av kommunelova § 14-7 a-f og rapportering etter kommunelova § 25-2.

På bakgrunn av dette har kontrollutvalet slik oppsummering:

Ut over det som er nemnd i uttalen, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka, samt revisjonsmeldinga av 11.04.2025 og revisjonsrapport nr. 31 av 11.04.2025, har kontrollutvalet ikkje merknader til Bømlo kommune sin årsrekneskap for 2024.

Kontrollutvalet tek resultatet etter etterlevingskontrollen til orientering.

Kopi: Formannskapet

Årsmelding 2024

Bømlo Kommune



Forord

Bakteppet - 2024

Verdsbildet har endra seg vesentleg i 2024. Krigen i Ukraina har ført til eit fortsatt behov for asylmottak i kommunen og eit auka tal flyktningar. Uro i Midtausten og opptakta til presidentvalet i USA har forsterka den internasjonale uroen som har bygd seg opp over dei siste åra. Denne uroen har ført til eit sterkare fokus på beredskap, både internasjonalt, nasjonalt og lokalt, for både kommune og innbyggjarar.

Kommunane i Noreg opplever no at utfordringar som har vore varsla i lang tid, materialiserer seg. Dette gjeld ikkje berre ein anstrengt økonomi, men også demografiske endringar som fører oss inn i ei "eldrebølge". Talet på eldre aukar kraftig, noko som vil krevje kostbare helse- og omsorgstenester frå kommunen. Samstundes vil me oppleve ei "yngrebølge" med vesentleg færre barn i barnehage og skule, noko som vil krevje endringar i strukturen for desse tenestene.

Desse "bølgjene" vil også føre til mangel på arbeidskraft. Fleire som går av med pensjon vil ta med seg kompetanse som ikkje blir erstatta, og færre unge vil søkje seg til utdanningar relevante for det offentlege tenesteapparatet. Staten varslar reduserte overføringar til kommunane og oppfordrar til tilpassing til utfordringane. Økonomien må dermed omstillast for berekraft.

Forventningane me som innbyggjarar har til offentlege tenester må endrast. Gapet mellom forventningar og kva det offentlege kan levere vil føre til meiningsytringar som enkelt kan formidlast på kanalar med breitt nedslagsfelt. Debattklimaet vil bli hardare, og det vil bli utfordrande for kommunepolitikarane å gjere prioriteringar som sikrar heilskap og gir kommunen handlekraft nok til å sikre eit samla godt tenestetilbod.

2024 i Bømlo kommune

Trass internasjonal uro og utfordringar nasjonalt og lokalt har 2024 vore eit godt år for Bømlo kommune.

Bømlopakke II er godt i gang. Gjennom året har Vestland fylkeskommune og selskapet Vassbakk og Stol jobba med traseen Notland – Mosterhamn på Moster. I tillegg vart byggeprosjektet Ekornsæter – Sakseid – Hestaneset tildelt Bertelsen og Garpestad AS hausten 2024, med oppstart like over årsskiftet.

Etter mange års planlegging gjennomførte me markeringa av «**Moster 2024**» og innføringa av kristenretten i Noreg. Ei fantastisk markering med stor nasjonal interesse, flott vår og gjester frå inn- og utland som verkeleg sette pris på dei innhaldsrike arrangementa.

Den nye **hovudbrannstasjonen på Bremnes** vart formelt opna i starten av mai etter mange års planlegging og mange hinder. Stasjonen har vore i bruk av både brann- og redningstenesta og politiet sidan flyttinga frå den gamle brannstasjonen i april. Stasjonen har hatt mange besøk, både frå andre brannvesen som er i prosess med å bygge nye stasjonar og nasjonale myndigheiter, inkludert justiskomiteen på Stortinget som vitja stasjonen hausten 2024.

Moloen på Langevåg vart opna i juni 2024. Kommunen har etablert utviklingsselskapet Hovlandshagen utvikling AS saman med Karmsund Havn IKS for å realisere planane for dette næringsområdet. Det har vore tett og god dialog med lokalt næringsliv for å involvere og inkludere dei i utviklinga av fiskerihamna.

«**Kunnskapssmia**» i **Rubbestadneset** vart formelt opna i starten av desember. Bygget husar no eit breitt og godt utdanningstilbod for yrkesfagretningane i det vidaregåande opplæringstilbodet i kommunen, i tillegg til fleire selskap som i framtida vil ha stor nytte av den kompetansen som blir utvikla i skuledelen av bygget.

Kommunen har hatt godt og viktig fokus på **IKT-tryggleik, IKT-drift, tilgjengelegheit og digitalisering**. Me har fått betre kontroll på lisensar, vesentleg auka interesse frå innbyggjarane for dei politiske møta gjennom saker på eigne nettsider og streaming av kommunestyremøte, samt digitale verktøy som gjer oppgåveløysinga meir effektiv.

For omstilling av tenestene og ein høgare grad av produktivitet i dei offentlege tenestene er avgjerande for å møte dei utfordringane som ligg føre oss.

Gjennom året har administrasjonen jobba med tre «**tiltaksapakkar**» for å gjennomføre nødvendig omstilling av drifta frå 2023 og eit underskot på 49,7 millionar kroner. Tiltakspakkane har ført til store endringar, både når det gjeld stillingar, tilskot til lag- og organisasjonar og drift. Foldrøy skule vart 2. desember vedtatt lagt ned frå hausten 2025. I juni vedtok kommunestyret å legge ned institusjonsplassdrifta ved Bømlo omsorgstun. Vedtaket styrka talet på plassar i Kortids- og rehabiliteringstenesta med fire på Bømlo bu og helsessenter, i tillegg til at heimetenesta vart omorganisert og styrka økonomisk. Vedtaket førte likevel til store endringar og sterke reaksjonar hos innbyggjarane.

Økonomisk resultat i 2024

Behovet for omstilling har vore nødvendig, både av økonomiske og andre grunnar. Driftsresultatet for 2024 enda negativt med -24,5 millionar kroner. Samla negativt driftsresultat for 2023 og 2024 utgjer 2,88 % av driftsinntektene, noko som gjer at kommunen ligg svært nær ROBEK-registrering allereie for 2024. Dette er fordi samla meirforbruk dei siste to åra utgjer tett opptil 3 % av driftsinntektene (kommunelova § 28-1 (1) d). Kommunen har ikkje lenger disposisjonsfond som kan nyttast til å dekke meirforbruket.

Driftsrapportane og prognosane for meirforbruk var negative gjennom heile året. Likevel merka me at tiltaka som vart sett i verk begynte å få verknad frå medio 2024, med ein prognose for meirforbruk som vart noko betre enn dei tidlege prognosane.

Sluttresultatet er likevel svært svakt. Hovudsakleg skuldast dette kostbar drift, svakare refusjon for ressurskrevjande brukarar enn budsjettert og ein stor sviikt i skatteinntektene på slutten av året. Staten sin kompensasjon på 9,5 millionar kroner var ikkje tilstrekkeleg til å dekke svikta i skatt- og inntektsutjamning på om lag 16 millionar kroner.

Som følge av svak økonomi og innstrammingar i investeringane dei siste åra har veksten i gjeld stoppa opp. Dette tiltaket har vore positivt for økonomien, men kan på sikt få negative verknader for tenestene og ei mogleg oppbygging av eit etterslep på vedlikehald av bygningsmassen vår. Ein særskild svak likviditet har gjort det nødvendig å låne dyre pengar gjennom året for å betale lønn og løpande kostnader, ei ordning som har negativ verknad for drifta med mellom 3 og 4 millionar kroner årleg.

Omstilling og tiltak framover mot ein stabil kommunedrift og økonomi

Vedteken budsjett og økonomiplan for 2025-2028 syner at kommunen med eit positivt driftsresultat for 2025 på meir enn 12,3 millionar kroner vil unngå ROBEK-registrering. Dette målet skal vere mogleg å nå om endringane i drifta får verknad over tid og ved stor grad av budsjettdisiplin.

Kommunen må i tillegg halde fram med omstilling og trimming av tenestene, både for å få ein berekraftig økonomi og for å møte dei endra behova for tenester (demografi) og ei framtid med færre kvalifiserte tilsette (arbeidskraft).

For 2024 vart det av leiargruppa i samråd med dei tillitsvalde sett fire hovudmål for drifta:

- Alle skal gjennomføre medarbeidersamtalar.
- Alle skal kjenne til og følgje prosessen for sjukefråværsoppfølging.
- Alle skal føre minst to avvik/forbetringsforslag.
- Alle leiarane i kommunen skal ha digital endring på agendaen sin i avdelingsmøte.

Til tross for alle utfordringar merkar me likevel ein sterk driv i dei tilsette. Denne driven merkar me igjen i tenestene som blir produsert for innbyggjarane våre og i dei utviklingsprosjekta og tiltaka som blir sett i verk. Me merkar det igjen i at folketalet aukar, at næringslivet vårt veks, og at stat, fylke og kommunar er interesserte i korleis me løyser samfunnsoppdraget vårt. Det kan me vere stolte av.

Årsmeldinga gjer greie for drifta av kommunen i 2024. I tillegg til oversikt over den økonomiske utviklinga, gir den også ei oversikt over utviklingstrekk, dei viktigaste hendingane per seksjon gjennom året, sjukefråvær, internkontroll og HMS.

Bømlo 19.mars 2025

Kjetil Aga Gjøsæter

Kommunedirektør

Personal og organisasjon

Etikk

Bømlo kommune er ansvarleg for grunnleggjande velferdstenester og forvaltar store ressursar på vegne av innbyggjarane. Kommunen har stor makt som forvaltar av ei rad lover og forskrifter. Det er viktig at gjeremåla til folkevalde og tilsette gjenspeglar høg etisk standard. Innbyggjarane sin tillit er ein føresetnad for lokaldemokratiet.

Dei etiske retningslinjene omtalar verdiar, prinsipp og retning for høg etisk praksis. Openheit, ærlegdom og lojalitet er grunnleggjande verdiar som skal prege arbeidet i kommunen. Folkevalde og tilsette har eit sjølvstendig ansvar for at eigne handlingar er i samsvar med dei etiske retningslinjene. Leiarar skal leggje til rette for ein kultur der etisk tenking er ein dagleg handling, og sørge for at medarbeidarar er kjent med og lever etter kommunen sine etiske retningslinjer.

Varsling er ein viktig del av dei etiske retningslinjene, og det skal vera trygt for tilsette å melde frå om kritikkverdige tilhøve utan å frykte negative sanksjonar. Alle tilsette har ytringsfridom og rett til å delta i samfunnsdebatten, men skal opptre lojalt mot kommunen sine vedtak og retningslinjer.

Miljø

Bømlo kommune er engasjert i å fremje miljøvenlege tiltak og redusere påverknaden på ytre miljø. Gjennom systematisk HMS-arbeid skal kommunen sikre trivsel og tryggleik for sine tilsette, samtidig som ein jobbar for å redusere miljøpåverknaden.

Kommunen har sett seg som mål å elektrifisere heile bilparken innan 2030 og auke sorteringsgraden av avfall til 90% innan same år. Nye krav til avfallshandtering skal implementerast for å sikre ei meir miljøvenleg drift.

Som ein sertifisert Miljøfyrtårn-kommune oppfyller kommunen kriteria fastsett av stiftinga Miljøfyrtårn og gjennomfører tiltak for eit godt arbeidsmiljø og ei miljøvenleg drift. Så langt har to verksemder i kommunen oppnådd Miljøfyrtårn-sertifisering: rådhuset og Bømlo folkebibliotek.

HMS

Bømlo kommune har ein eigen HMS-plan som set rammene for helse-, miljø- og sikkerheitsarbeidet i kommunen.

Vernerundar og medarbeidarundersøking

- Det skal gjennomførast årlege vernerundar ved alle verksemder.
- Medarbeidarundersøking skal gjennomførast annakvart år for alle tilsette i Bømlo kommune. Kommunen nyttar KS si undersøking *10-FAKTOR*.
- Sist medarbeidarundersøking vart gjennomført hausten 2024, og alle verksemdene arbeider no med oppfølging og etterarbeid i personalgruppene.
- Neste medarbeidarundersøking er planlagt hausten 2026.

Medarbeidarsamtalar

Alle tilsette skal få tilbod om ei årleg medarbeidarsamtale.

HMS-møte og samarbeid

For å sikra eit godt samarbeid med verneombod og tillitsvalde i saker som gjeld arbeidsmiljø og sjukefråvær, skal det gjennomførast HMS-møte i alle verksemder om lag kvar sjette veke.

Bedriftshelsetenesta

Bedriftshelsetenesta vert aktivt nytta til rådgjeving, kartlegging og kurs.

Verneombod og fagsamlingar

Bømlo kommune har 45 verneområde med tilhøyrande verneombod. I 2024 vart det arrangert to heildags fagsamlingar for verneomboda (vår/haust).

Arbeidsmiljøutvalet (AMU)

AMU i Bømlo kommune består av:

- Tre representantar frå arbeidsgjevarsida.
- Tre representantar frå arbeidstakarsida.
- Bedriftshelsetenesta og NAV deltek som observatørar.

I 2024 behandla AMU totalt 16 saker fordelt på fire møter.

Underutval i AMU:

- **AKAN-utvalet:** Ansvarleg for rusførebyggjande arbeid blant dei tilsette.
- **Byggesaksutvalet:** Ansvarleg for å søke Arbeidstilsynet om samtykke for søknadspliktige tiltak etter plan- og bygningslova som omfattar arbeidsplassar.

IA-avtalen (Inkluderande arbeidsliv)

Den gjeldande IA-avtalen, som vart etablert i 2018, går ut ved utgangen av 2024. Ein ny avtale er under utarbeiding og skal gjelda frå 2025.

Bømlo kommune følgjer dei nasjonale måla i den nye IA-avtalen:

- **Sjukefråvær:** Redusere sjukefråværsprosenten med 10 prosent samanlikna med snittet i 2018.
- **Fråfall:** Redusere fråfall frå arbeidslivet, særleg blant yrkesaktive som ikkje har kome tilbake til arbeid etter fråvær.

Oppfølging av sjukefråvær og tilrettelegging

Bømlo kommune har fleire tilsette som har utfordringar med å stå i den stillinga dei vart tilsette i. Målet er at slike saker skal løysast gjennom det daglege arbeidet på arbeidsplassane.

- Oppfølging av sjukmelde krev kontinuerleg innsats.
- Fleire saker er løyst ved å finna anna høveleg arbeid.
- Eit tett samarbeid med NAV er avgjerande for å finna dei beste løysingane for kvar enkelt tilsett.

Kompetanse og opplæring

Bømlo kommune gjennomfører både interne og eksterne opplæringstiltak for å sikre at tilsette har nødvendig kompetanse.

- Kommunen har utvikla eit eige 40-timars HMS-kurs, som er obligatorisk for verneombod og medlemmar av AMU.

- HMS-opplæring for leiarar er også påkravd, og det er anbefalt at alle leiarar tek dette kurset kvart femte år.
- Bedriftshelsetenesta gjennomfører årlege bedriftsinterne kurs i førstehjelp.
- Internundervisning knytt til tema som sjukefråværsoppfølgning, arbeid med *10-FAKTOR* og rekruttering blir òg gjennomført jamleg.

Denne strukturen sikrar eit heilskapleg og systematisk HMS-arbeid i Bømlo kommune.

Livsfasepolitikk

Bømlo kommune har ein livsfasepolitikk som skal ta vare på alle fasane i eit arbeidsliv og gje moglegheit for individuell tilpassing og tilrettelegging i periodar når behovet er der. Me ønskjer ein tydeleg og god personalpolitikk som tek innover seg at menneske gjennom eit langt arbeidsliv går gjennom ulike fasar og treng ulik grad av støtte, hjelp og tilrettelegging. Pedagogisk personell har eigen sentral seniorordning.

Livsfaseorientert personalpolitikk er tilpassa dei behova som den enkelte medarbeidar har i dei forskjellige fasane av yrkeslivet. Behova kan vera knytt til jobb, familie, fritid og livssituasjon elles. Kommunen ynskjer å leggja til rette for at flest mogleg kan jobba og stå i jobb gjennom eit heilt arbeidsliv. Dette inneber å fokusera på kor viktig eit godt arbeidsmiljø er for fysisk og psykisk helse, førebygga sjukefråvær og hindra at tilsette fell ut av arbeidslivet, samt behalda kompetanse ved at tilsette står lengre i jobb.

Livsfasepolitikken skal bidra til at den enkelte får utnytte sitt potensiale og bidra i arbeidslivet ut i frå eigen funksjonsevne. Kommunen legg til rette for ein arbeidsdag som i minst mogleg grad krev tilrettelegging, men tek utgangspunkt i ei helsefremjande organisering

Likestilling

Kommunen har ansvar for å fremje likestilling og hindre diskriminering i alle delar av verksemda. Dette gjeld både for tilsette, innbyggjarar og i tenestetilbodet. Likestillingsarbeidet skal omfatte kjønn, alder, etnisitet, funksjonsevne, seksuell orientering og livssyn. Kommunen skal arbeide systematisk for å sikre like moglegheiter for alle, og rapportere på status og tiltak i årsmeldinga.

Kommunen sin handlingsplan for likestilling har hatt verknad frå 01.01.02 og fungerer som ei rettesnor for likestillingsarbeidet. Planen legg vekt på at kvinner og menn skal ha lik tilgang på arbeid, løn, fagleg utvikling og avansement. Kommunen skal arbeida for tilnærma lik kjønnsfordeling i mellomleiar- og toppleiarstillingar, og vera meir aktiv i arbeidet med å ta vare på leiarar på alle nivå

I Bømlo kommune var tre av seks toppleiarar kvinner pr. 31.12.2024. På nivået under kommunedirektøren si leiargruppa var 80 % av leiarane kvinner.

Lønsutvikling

Lønsutvikling for faste- og timelønnte hovud- og bistillingar. Tala er henta frå PAI (PAI står for personaladministrativt informasjonssystem, og baserer seg på rapportering frå alle landets kommunar).

Årsmelding 2024

Kjønn	Måneds- fortjeneste 2024	Grunnlønn 2024	Endring i måneds- fortjeneste 2023-2024	Endring i grunnlønn 2023-2024	Ansatte 2024	Årsverk 2024	Endring i årsverk 2023-2024
Kvinner og menn	55 940	51 330	6,1%	6,6%	1 060	804	-2,5%
Kvinner	54 949	50 960	5,9%	6,4%	850	660	-3,6%
Menn	60 464	53 024	6,4%	7,2%	210	145	3,1%

I lønsforhandlingane i kommunal sektor i 2024 vart partane einige om ei økonomisk ramme på 5,2 prosent, noko som sikrar reallønnsvekst for tilsette.

Alle tilsette fekk i sentrale forhandlingar eit generelt tillegg på minst 22 000 kroner frå 1. mai 2024. Dei med lengst ansiennitet og utdanning fekk noko meir. Til dømes fekk fagarbeidarar med 16 års ansiennitet minst 25 800 kroner i tillegg, medan dei med treårig høgskuleutdanning og 16 års ansiennitet fekk minst 27 300 kroner i tillegg.

Det vart også sett av 1,1 prosent av ramma til lokale forhandlingar med verknad frå 1. oktober 2024.

Sjukefråvær

Samla sjukefråvær i 2024 var på 8,8% mot 7,8% i 2022. Korttidsfråværet utgjorde 2,5% og langtidsfråværet 2,8%. Kommunen har framleis eit høgt sjukefråvær.

Bømlo kommune budsjetterer ikkje med utgifter til sjukevikarar. Me budsjetterer heller ikkje med inntekter knytt til sjukelønsrefusjonar. I 2024 fekk Bømlo kommune totalt 34,56 mill. kroner i sjukelønsrefusjonar mot 26,11 mill. kroner i 2023. Desse inntektene kan nyttast til å dekkja kostnader til sjukevikarar. Arbeidsgjevar får som hovudregel ikkje refusjonar for fråvær dei første 16 dagane. Vikarutgifter i arbeidsgjevarperioden er difor ikkje direkte finansiert, og må då finansierast innanfor ordinære rammer. Det same gjeld utgifter til feriepengar som berre delvis vert refundert samt utgifter til pensjon som ikkje vert refundert i det heile.

Tilsvarande gjeld ved foreldrepermisjon. Bømlo kommune fekk refundert totalt 10,36 mill. kroner i foreldrepengar i 2024 mot 11,13 mill. kroner i 2023.

Fråvær per tenesteområde

Tenesteområde	Fråvær 2024			Fråvær 2023		
	Korttid i %	Langtid i %	Samla % fråvær i %	Korttid %	Langtid i %	Samla % fråvær i %
Sentrale styringsorgan	2,59 %	5,28 %	7,87 %	2,28 %	3,20 %	5,49 %
Oppvekst, kultur og idrett	2,09 %	4,03 %	6,12 %	2,41 %	4,25 %	6,67 %
Helse, sosial og omsorg	2,86 %	8,71 %	11,57 %	3,33 %	6,28 %	9,61 %
Samfunnsutvikling	2,58 %	3,94 %	6,52 %	2,12 %	2,48 %	4,60 %
Sum tenesteområde	2,51 %	6,28 %	8,79 %	2,82 %	5,02 %	7,84 %

Internkontroll

Internkontroll

Bømlo kommune har eit kvalitetsstyringssystem som er eit godt og nyttig hjelpemiddel når det gjeld det generelle kvalitetsarbeidet i kommunen, og som også er medverkande til at kommunedirektøren skal kunne oppfylle krava nedfelt i kommunelova § 25.1.

Kommunelova § 25 – 1:

«Kommuner og fylkeskommuner skal ha internkontroll med administrasjonens virksomhet for å sikre at lover og forskrifter følges. Kommunedirektøren i kommunen og fylkeskommunen er ansvarlig for internkontrollen.»

Internkontrollarbeidet er kommunedirektøren sitt ansvar, - noko som tydeleg går fram av Kommunelova. Kommunedirektøren si strategiske leiargruppe (SLG) har kommunedirektøren sin fullmakt og ansvar på eige nivå, og med to-nivå styringsmodellen i kommunen så har verksemdsleiarane det same for eige verksemd.

Kommunedirektøren, som den ansvarlege for internkontrollen i kommunen, skal minst ein gong i året rapportere til kommunestyret om internkontroll og om resultat frå statleg tilsyn, noko som normalt vert gjort i siste møte før sommaren.

Internkontrollarbeidet inngår som ein naturleg del av leiaroppgåvene både i SLG og på verksemdsleiarernivå. Dette er eit kontinuerleg arbeid, som må ha kontinuerleg fokus i alle ledd i organisasjonen - og internkontrollarbeidet vil aldri kunne setjast som fullført.

Kvalitetssystemet, som er det einaste (fag)systemet alle tilsette i kommunen har tilgang til, er eit godt verktøy i kommunen sitt internkontrollarbeid .

Kvalitetsstyringssystemet består av fleire modular, m.a. dokumentbibliotek med styrande dokument, avviksmul for å melde avvik og modul for forbettringsforslag.

Avvik

I kommunelova § 25-1 c) er det skildra at kommunedirektøren skal «avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik». Derfor er det viktig at alle tilsette vert oppmoda om å melde avvik, og terskelen skal vere låg for å sende avviksmelding. Tilsette har lovpålagt medverknadsplikt, jf. Arbeidsmiljøvernlova §§ 2-3 og 2-4 der det m.a. står at alle tilsette har medverknadsplikt og plikt til å varsle om kritikkverdige forhold på arbeidsplassen.

Det vert laga avviksstatistikkar som blir drøfta i ymse forum i kommunen, m.a. i arbeidsmiljøutvalet (AMU) og i HMS-møte.

Bømlo kommune sin definisjon av avvik er følgjande:

«Uønskete hendingar og/eller brot på kvalitetskrav, sett i forhold til gjeldande lover, forskrifter, styrande dokument (som t.d. prosedyrar eller rutinar)»

Avviksmeldingar er eit godt grunnlag for kontinuerleg forbetningsarbeid i heile kommunen og er ein viktig del av det generelle kvalitetsarbeidet, noko som må ha fokus både hos tilsette og leiarar. Avviksmeldingane er også viktig dokumentasjon ved uønskete hendingar og ved avvik.

Forslag til forbetring er ein nyttig funksjon og eit verdfullt bidrag i kommunen sitt forbetningsarbeid. I åra 2021 – 2023 har modulen ikkje vore særleg mykje nytta med hhv 13, 19 og 32 melde forbetningsforlag, medan det siste året har mengd forbetningsforslag auka til 107. I mars 2024 var HMS-temaet i kommunen «forbetningsforslag», og dette er sannsynleg årsak til fleire forbetningsforslag i 2024.

Mengd melde avvik er stigande kvart år:



Oversikt over melde avvik i kommunen i åra 2012-2024, samt prosentvis endring for dei einskilde åra samanlikna med det føregåande året.

Beredskap

Samfunnstryggleik og beredskap 2024

Risiko- og sårbarheitsbildet er i konstant endring. Arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap må vere heilskapleg, systematisk og kontinuerleg. Samfunnstryggleik er samfunnet sin evne til å verna seg mot og handtera hendingar som trugar grunnleggjande verdiar og funksjoner og set liv og helse i fare. Beredskap er å forstå det å vera førebudd til innsats for å møte uventa kritiske situasjonar.

I arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap må ein tenkje på det utenkjelege og planleggje for det uføreseielege. Å ha god beredskap vil seie å vere godt førebudd.

Kommunen må vere merksam på beredskapshendingar og endringar som skjer regionalt, nasjonalt og globalt. Det gjeld til dømes nye og endra trugselbilete, som t.d. bevisste handlingar, ekstremisme, (cyber-)kriminalitet og spionasje, samt endring av klimaet og global pandemi. I tillegg er det dei meir

openberre beredskapshendingane som t.d. større ulukker, forureining eller bortfall av straum. Derfor må kommunen tenkje langsiktig, førebygge, ha generisk beredskap for å stå imot og handtere ulike typar hendingar og vere merksam på korleis utviklingstrekk og utfordringsbiletet samstundes endrar føresetnadene for samfunnstryggleiken.

Bømlo kommune har etablert ein beredskapsorganisasjon for å handtera ulike typar beredskapssituasjonar. Dei færraste beredskapssituasjonar er å sjå på som ein krise^[1], men er heller ei hending der kommunen sin beredskapsorganisasjon gjer førebuingar og/eller handterer reduksjon av konsekvensar ved uønskte situasjonar.

Omgrepet «kommunal kriseleiing» som til no har vore nytta, er misvisande. Dei færraste hendingar er å rekna som ein krise for Bømlo-samfunnet. Den kommunale beredskapsleiinga blir mobilisert i forskjellige typar beredskapshendingar, - også hendingar som ikkje er å rekna som krise, men som likevel er ein beredskapssituasjon eller ei uønskt hending. Det vart derfor tatt avgjerd om at namnet vert endra frå «kommunal kriseleiing» til «kommunal beredskapsleiing» (KBL). Erfaring visar at det sjeldan er behov for mykje ressursar, i alle fall i ein innleiande fase, og derfor vert den faste samansetjing endra slik at KBL berre består av kommunedirektør og ordførar. På den måten er kommunen si øvste administrative og politiske leiing representert. Dette for mest mogleg lik organisering i uønskte hendingar og beredskapssituasjon som i vanleg drift, jf. ansvars- og likskapsprinsippet.

KBL er leia av kommunedirektøren, og den som tar avgjerd om mobilisering og kven som skal mobiliserast. Kommunedirektør kan ta avgjerd om å mobilisera KBL forsterka med interne og/eller eksterne ressursar som støttefunksjonar.

Det kan skje mindre hendingar som ikkje utløyser mobilisering av KBL, men som likevel vert følgd nøye av ein eller fleire som leiar av KBL peikar ut. Dette kan t.d. vera førebuande tiltak når det er varsla sterk vind eller mykje snø.

Eigenberedskap

Verda vi lever i, blir stadig meir uroleg, mellom anna som følgje av klimaendringar, krig og digitale truslar. Sjølv om det meste fungerer som det skal i Noreg, må vi vere førebudde på at vi kan bli ramma av ekstremvêr, pandemiar, ulukker, sabotasjar og – i verste fall – krigshandlingar. Slike hendingar kan gi store konsekvensar.

Straumbrot kan til dømes gjere at du mister vatnet i springen, at du ikkje får laga mat slik du er van med, og at kloakksystemet, betalingsløyisingar, Internett og mobiltelefon ikkje fungerer som normalt.

Alle har eit ansvar for å førebyggje uønskte hendingar og kriser, og å handtere dei viss dei likevel skjer. Derfor må heile befolkninga utrusta seg for å kunne klare seg sjølv i minimum 7 dagar.

Bømlo er ein øykommune, og det må derfor påreknast at kommunen kan bli heilt eller delvis isolert i ein periode. I samband med dette kan kvar einskild vere førebudd, og på kommunen si nettside står det korleis informasjon kan hentast.

Reelle hendingar

Kommunal beredskapsleiing (KBL) har gjennom året følgt med på ein heil del beredskapshendingar som potensielt kunne utvikla seg til å bli ei større og meir omfattande hending som ville utløyst at KBL og evt fleire ville bli mobilisering.

Moster 2024 var eit stort arrangement i juni 2024. Moster 2024 hadde sin eigen beredskapsorganisasjon, men dersom det skulle oppstå ei større beredskapshending ville kommunen bli involvert eller overta handsaming av beredskapshendinga. Derfor vart det frå kommunen si side gjort beredskapsmessig førebuingsarbeid.

17. juli var det på føremiddagen ei ulukke på Bømlabrua i samband med at ein vedlikehaldsvogn datt ned og det var ein person som vart skadd og måtte hentast ut med helikopter. Vogna som datt ned var ustabil, og brua måtte stengast og var stengd i om lag 8 timar. Vegtrafikksentralen (VTS) gav ut fortløpande informasjon, og kommunen sine nettsider viste vidare til VTS sin informasjon då det er fylkeskommunen som er vegeigar.

Før vedlikehaldsvogna kunne hentast ned, var det eit omfattande planleggingsarbeid hos fylkeskommunen som vegmynde, og dei kalla m.a. kommunen inn til planleggingsmøte. Jobben kunne berre gjerast i godt vær, og natt til 1. september var det annonsert at brua ville vere stengt. Denne natta gjekk det ekstra ferje i sambandet Langevåg-Buavåg.

Midt i november var nødnummera ute av drift i heile landet. Kommunen hadde tett kontakt med nødmeldesentralane og la ut informasjon om dette på nettsidene, og gav også informasjon om kva nummer som vart oppretta som alternativ for å nå nødetatene.

[1] «En krise er en hendelse som har et potensial til å true viktige verdier og svekke en virksomhets evne til å utføre sine samfunnsfunksjoner» (NOU 2000: 24 Et sårbart samfunn)

Investering og finansiering

Status investering og finansiering (2A)

§ 5-5. Løyvingsoversikt investering				
Tall i 1000 kroner	Rekneskap 2024	Regulert budsjett 2024	Opphavleg Budsjett 2024	Rekneskap 2023
Investeringsutgifter				
Investeringar i varige driftsmidlar	75 315	84 678	51 750	66 309
Tilskot til andre sine investeringar	70 177	2 200	2 200	113 134
Investeringar i aksjer og andelar i selskaper	2 277	2 100	2 100	2 069
Utlån av egne midlar	0	0	0	1 500
Avdrag på lån	275	0	0	125
Sum investeringsutgifter	148 044	88 978	56 050	183 137
Investeringsinntekter				
Kompensasjon for meirverdiavgift	-10 581	-16 015	-9 490	-11 013
Tilskot frå andre	-79 737	0	0	-110 113
Salg av varige driftsmidlar	-3 683	0	0	-9 240
Sal av finansielle anleggsmidlar	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån av egne midlar	-274,9	0	0	-125

Bruk av lån	-53 769	-63 793	-37 390	-53 123
Sum investeringsinntekter	-148 044	-79 808	-46 880	-183 613
Vidareutlån				
Vidareutlån	16 247	20 000	20 000	16 094
Bruk av lån til vidareutlån	-16 247	-20 000	-20 000	-15 893
Avdrag på lån til vidareutlån	8 991	9 067	9 067	8 510
Mottatte avdrag på vidareutlån	-10 129	-9 067	-9 067	-11 081
Netto utgifter vidareutlån	-1 138	0	0	-2 369
Overføring fra drift og netto avsetningar				
Overføring fra drift	0	0	0	0
Avsetning av bundne investeringsfond	1 138	0	0	2 369
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0
Avsetningar til ubundne investeringsfond	0	0	0	476
Bruk av ubundne investeringsfond	0	-9 170	-9 170	0
Dekning av tidligere års udekka beløp	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	1 138	-9 170	-9 170	2 846
Framført til inndekking i seinare år (udekka beløp)	0	0	0	0

Kommunen har investert i varige investeringsmidlar for 75,315 mill. kr. Det var budsjettert med 84,678 mill. kr. Kommunen ligg på etterskot med investeringane sine. Det er føreslått å overføre resterande investeringsmidlar til 2025.

Dei største avvika på prosjekt som ikkje vart gjennomført/er forseinka og som kan nemnast i 2024 var følgjande

Kjøkken utbygging BBH- budsjett 10 mill. kr

Det er føreslått å overføre 10,8 mill. kr til 2024 for ei mindre oppgradering av kjøkkenet.

Trafikksikringstiltak med budsjettsum 6,4 mill. kr, brukt 1,3 mill. kr. Kommunen har motteke tilskot frå fylkeskommunen for gjennomføring av prosjekta. Unytta løyving vert overført til 2024 med 4,8 mill. kr.

Prosjekt som vart ferdigstilt

Brannstasjonen vart ferdigstilt våren 2024 og offisielt opna i mai . Prosjektet vart avslutta med ein samla kostnad på 77,9 mill kr inkl byggjelånsrenter og ekstrakostnader i samband med konkursen til hovudentreprenøren Haaland og Thuestad AS. Konkursbuet er ikkje oppgjort enno. Det er uvisst kor mykje av tapet kommunen har hatt som vil bli utbetalt frå buet. Kommunen selte den gamle brannstasjonen for 2,750 mill. kr hausten 2024.

Oppsummert så er utgiftene til brannstasjonen fordelt på år slik:

	2021	2022	2023	2024	Sum
Utgifter 2021 -2024	1144	30181	13522	23775	68622
Ekstrautgifter grunna konkurs			4589	2386	6975
Byggjelånsrenter				2295	2295
Samla utgifter ny brannstasjon	1144	30181	18111	28456	77892

Kommunen har investert i aksjar og andelar i 2024 for 2.277 mill. kr. Investeringa var i eigarinnskot KLP.

Tilskot til andre sine investeringar består i hovudsak av kommunen si oppfølging av avtalen med Vestland fylkeskommune i samband med bygging av molo ved Fiskerihamna i Langevåg på 64,5 mill. kr. i 2024.


Denne summen er finansiert med følgjande midlar i 2024

Tekst	Beløp i heile 1000 kr
Statleg tilskot (Kystverket)	35 534
Hovlandshagen Molo AS (Næringsdrivande på Langevåg) Summen er garantert av kommunen	29 008


I tillegg så har kommunen forskottert peling i samband med kaiutbygging. Summen er finansiert av Kystverket og Karmsund Hamn IKS med 10,1 mill. kr

Kommunen gitt investeringstilskot til Fellesrådet med 2,0 mill. kr i 2024.

Utviklinga i kommunen sine brutto investeringsutgifter inklusive overføring til kyrkjelege investeringar går fram av tabellen under. Denne viser at kommunen har hatt eit høgt investeringsnivå dei siste åra, men at dette vart redusert i 2023 og 2024. Kommunen må i dei komande åra ha eit vesentleg lågare investeringsnivå enn det kommunen hadde i åra 2018 - 2022.



Tabellen under syner korleis investeringane har vore finansiert. I 2024 vart 64 % eigenfinansiert inkl momskompensasjon. Dette omfatta tilskotsinntektene i samband med forskotteringa av moloutbygginga. Samla finansiering 148,0 mill. kr.



Tabellen under viser detaljert investering pr prosjekt.

Status investeringar (2B)

§ 5-5. Bevilgningsoversikt – investering					
Regnskap til fordeling pr. prosjekt					
	Tall i 1000 kroner	Rekneskap 2024	Regulert budsjett 2024	Opphavleg budsjett 2024	Reknekap 2023
Fra bevilgningsoversikt:					
	Netto investeringer til fordeling:	147 770	88 978	56 050	183 012
Prosj	Fordeling på prosjekt				

1102	HANDLINGSPLAN DIGITALISERING	0	2 161	1 000	1 195
1103	DIGITALISERINGSSTRATEGI	516	0	0	497
1105	UTSMYKNING	39	100	0	0
1172	HIDLE, GANGVEG, TRESKJØRT	66	0	0	0
1180	IKT INVESTERINGAR	2 483	3 000	3 000	3 039
1194	OPPGRADERING KOMMUNALE BYGG OG ENØK TILTAK	2 445	7 000	7 000	3 948
1200	IKT-UTSTYR SKULE	3 439	2 400	2 400	2 122
1205	REHABILITERING SKULAR	0	0	0	559
1207	LEIKEPLASSAR GRUNNSKULEN	94	200	200	84
1225	VÅGE SKULE MED UTEOMRÅDE	93	650	0	1 088
1247	MELING SKULE UTVIDING	0	0	0	201
1256	TILTAK KULTURMINNEPLAN	0	100	100	0
1258	ELGBANE	0	300	300	0
1259	BARNE OG FAMILIETENESTA KONTOR	124	0	0	356
1260	STIMULERINGSMIDLAR IDRETT OG FRILUFTSLIV	0	200	200	0
1262	IDRETTSGOLV SENTRALIDRETTSANLEGGET	0	0	0	132
1263	SVORTLAND SKULE-NYTT AKTIVITETSDEKKE	0	0	0	1 117
1275	BILAR BARNEVERN	304	304	0	0
1301	UTSTYR , OMSORGSTEKNOLOGI	296	1 079	750	180
1314	LEGEKONTOR SVORTLAND	1 529	1 000	1 000	642
1332	OMSORG + BUSTADER	0	3 000	3 000	85
1333	LEGEKONTOR MOSTER	0	0	0	43
1361	REHAB. UTSTYR INSTITUSJONAR	416	0	0	241

Årsmelding 2024

1366	REHABILITERING OG OMBYGGING KJØKKEN BBH	1 962	10 000	0	1 371
1371	SANSEHAGE BØMLO SJUKEHEIM	1 639	0	0	593
1392	BYGG PSYKISK HELSE	26	0	0	5 991
1410	KYRKJER - INVESTERINGSFØREMÅL	2 000	2 000	2 000	3 000
1451	EM-SERVER (1194)	562	0	0	326
1452	LED lys (1194)	412	0	0	0
1453	Tilbakeslagsventiler (1194)	572	0	0	0
1502	MOSTER AMFI	4 035	4 000	4 000	4 000
1547	TURSTI	0	0	0	2 129
1549	NÆRMILJØANLEGG, (SPELEMIDLAR)	0	600	600	0
1552	STADSUTVIKLING MOSTER	0	0	0	17
1556	UTVIKLING MOSTER FRAM MOT 2024 JUBILEUM	637	1 772	1 000	215
1559	KYSTHYTTE	33	0	0	286
1605	OPPGRADERING KOMMUNALE VEGAR	7 043	7 834	6 000	4 166
1606	KOMMUNALE KAIAR	474	1 862	1 200	1 344
1613	FISKERIHAMN LANGEVÅG	75 062	0	0	107 704
1636	UTSKIFTING UTSTYR GRØNT OG SAMFERDSEL	556	1 500	1 500	1 741
1640	NY BRANNBIL	0	0	0	4 728
1642	REHABILITERING/NYTT UTSTYR BRANN	0	1 332	400	495
1644	NY BRANNSTASJON	25 911	22 951	12 000	13 522
1646	FEIARBIL	2 204	0	0	0
1647	BRANNSTASJON EKSTRAUTG.KONKURS	2 454	0	0	4 589
1679	KLIMA OG MILJØTILTAK	89	1 000	1 000	0

Årsmelding 2024

1690	VEGLYS	0	200	200	640
1706	UTVIKLING RUBB.NESET IND.OMRÅDE	28	0	0	276
1708	KOMMUNALE REGULERINGSPLANAR	0	2 926	1 600	43
1709	SERKLAU INDUSTRIOMRÅDE	505	0	0	567
1713	KUNNSKAPSGRUNNLAG - UTNYTTING AV KOMMUNAL BYGNINGSMASSE	0	1 000	1 000	0
1722	UTVIKLING SVORTLAND SENTRUM/ GML BUS	0	0	0	42
1726	TRAFIKKSIKRINGSPLAN/TILTAK	1 779	6 406	2 500	1 110
4782	SD-anlegg	86	0	0	0
8100	TOMTESAL	34	0	0	3 621
8101	SAL AV HUSVÆRE	827	0	0	968
8102	KJØP AV HUSVÆRE	814	0	0	0
8103	SAL AV KOMMUNALE BYGG	145	0	0	0
8510	OVERDRAGING VEGANLEGG MED JUSTERING	3 757	0	0	428
9999	FINANSIERING	2 277	2 100	2 100	3 569
	Sum fordelt alle prosjekt	147 770	88 978	56 050	183 012

Økonomiske nøkkeltall og analyse

Totaloversikt økonomi

Beløp i 1000

	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum generelle driftsinntekter	-961 005	-1 052 140	-1 052 542	-1 049 192	-3 350	-0,3 %
Avskrivningar	44 276	46 200	46 200	45 986	214	0,5 %
Motpost avskrivningar	-44 276	-46 200	-46 200	-45 986	-214	-0,5 %
Netto finansutgifter	69 099	80 119	83 119	80 799	2 320	2,8 %
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-34 635	490	490	0	490	100,0 %
Til disposisjon	-926 541	-971 531	-968 933	-968 392	-540	-0,1 %
Sentrale styringsorgan	80 869	78 733	81 046	81 742	-695	-0,9 %
Oppvekst, kultur og idrett	468 279	477 934	484 541	494 374	-9 833	-2,0 %
Helse, sosial og omsorg	362 235	351 030	361 938	374 349	-12 411	-3,4 %
Samfunnsutvikling	62 047	61 239	59 798	61 374	-1 576	-2,6 %
Kyrkjelege føremål	8 679	8 903	8 903	8 978	-75	-0,8 %
Ikkje fordelt / tilleggsløyving / premieavvik	-44 284	-8 116	-27 600	-28 313	713	2,6 %
Økonomiske føresetnader	904	1 808	308	434	-126	-41,0 %
Sum disponering	938 728	971 531	968 933	992 937	-24 004	-2,5 %
Meirforbruk +/mindreforbruk -	12 187	0	0	24 545	-24 544	0,0 %

KOSTRA hovudtall

	Bømlo 2023	Bømlo 2024	Stord	Landet uten Oslo	Kostragruppe 08
Prioritet					
Brutto investeringsutgift i prosent av brutto driftsinntekter (B)	15,0 %	11,3 %	11,3 %	13,8 %	14,7 %
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B)	1,4 %	1,7 %	1,0 %	11,6 %	11,2 %
Eiendomsskatt i prosent av brutto driftsinntekter (B)	3,3 %	2,9 %	2,4 %	2,8 %	4,6 %
Frie inntekter i prosent av brutto driftsinntekter (B)	69,6 %	67,7 %	63,4 %	63,6 %	57,0 %
Salgs- og leieinntekter i prosent av brutto driftsinntekter (B)	7,9 %	7,5 %	16,5 %	14,6 %	14,7 %
Økonomi					
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger *)	105 603	106 008	114 087	111 498	134 178
Frie inntekter i kroner per innbygger *) **)	69 039	69 208	70 900	69 718	73 034
Netto driftsresultat i kroner per innbygger *)	-4 042	-1 970	-4 355	-95	-216
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (B)	-3,9 %	-1,8 %	-3,9 %	-0,3 %	-0,2 %
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	83,2 %	78,3 %	130,4 %	91,0 %	96,2 %
Kommunekasse					
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B) (Kommunekasse)	0,0 %	0,0 %	0,7 %	10,8 %	10,6 %
Korrigert netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-10,2 %	-4,5 %	-6,9 %	-3,0 %	-2,7 %

Årsmelding 2024

(bundne fond, premieavvik og premiefond) (B) (Kommunekasse)

Netto finans og avdrag i prosent av brutto driftsinntekter (B) (Kommunekasse)	5,9 %	6,3 %	9,2 %	4,6 %	6,1 %
---	-------	-------	-------	-------	-------

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Frie disponible inntekter						
Rammetilskot	-427 265	-446 051	-446 051	-450 947	4 896	1,1 %
Inntekt- og formuesskatt	-422 350	-451 761	-455 261	-444 114	-11 147	-2,4 %
Eigedomsskatt	-39 726	-39 300	-38 300	-38 058	-242	-0,6 %
Andre generelle driftsinntekter	-71 665	-115 028	-112 930	-116 072	3 142	2,8 %
Sum Frie disponible inntekter	-961 005	-1 052 140	-1 052 542	-1 049 192	-3 350	-0,3 %

Rammetilskot

Rammetilskotet til kommunen består av 3 typar tilskot: Innbyggjartilskott inkl. utgiftsutjamninga, skjønnsmidlar fordelt av Statsforvaltaren samt inntektsutjamnande midlar. (sjå under skatteinntekter)

Tal i heile 1000 kr	Rekneskap 2024	Opph. Budsjett	Revidert budsjett	Rekneskap 2023	Avvik
Rammetilskot	433 033	423 517	423 517	401 556	9 516
Skjønnsmidlar	6 000	5 300	5 300	6 700	700
Inntektsutjamning	11 913	17 234	17 234	19 009	-5 320
Samla rammetilskot	450 946	446 051	446 051	427 265	4 896
Utrekk koronakompensasjon	0			-147	0
Samla rammetilskot ekskl. koronakompensasjon	450 946	446 051	446 051	427 118	4 896
Auka rammetilskot i %	5,6			11,6	

Rammetilskotet hadde ein vekst på 5,6%, samstundes hadde kommunen sine skatteinntektene ein auke på 5,2%. Samla vekst i desse inntektene vart dermed 5,3% frå 2023. Kommunal deflator enda på 4,4%, slik at realveksten vart på 0,9%

Kommunen fekk eit ekstra rammetilskot i desember som kompensasjon for svikt i skatteinntektene og kompensasjon for vaksinasjon (korona). Samla mottok kommunen 10,7 mill. kr i ekstra rammetilskot inkl 0,70 mill. kr i skjønnsmidlar frå Statsforvaltaren og 0,45 mill. kr til vaksinasjon.

Skatteinntekter

Kommunen hadde ein betre skatteinngang enn landet elles. Lokalt var auken i skatteinntektene frå 2024 på 5,2% (21,8 mill. kr)

Samla hadde kommunane i landet ein auke i skatteinntektene på berre 1,4%. Kommunen fekk dermed redusert overføring i form av inntektsutjamnande midlar og resultatet vart at kommunen fekk ein samla auke i skatt og inntektsutjamning på 3,1%. Samla fekk kommunen ein auke i skatteinntektene og det inntektsutjamnande tilskotet ein auke på 13,714 mill. kr enn kva tilfellet var i 2023, i høve budsjettert skatt og inntektsutjamning var mindreinntekta på 16,5, mill. kr.

Med sterkare skatteinngang enn landet så har kommunen sine skatteinntekter kome over 90% av landsgjennomsnittet til 94,2% (var på 88,1% i 2022). Etter utgiftsutjamninga er no kommunen attende på det nivået i skatt og inntektsutjamning som ein hadde i åra 2013-2017 som var 96,5%. Kommunen ligg no på 96,7% av landsgjennomsnittet. Sjå utviklinga i figur under.

Den store svikten i skatteinntektene førte til at kommunane fekk delvis kompensasjon for denne gjennom ei tilleggsløyving frå Stortinget på 9,5 mill. kr samt ekstra skjønnsmidlar på 0,7 mill. kr frå Statsforvaltaren.



Andre generelle statstilskot

Tabellen under syner kva som ligg i denne posten

Tilskot (tal i heile 1000 kr)	Rekneskap 2024	Total budsjett	Avvik	Rekneskap 2023
Havbruksfondet	-47 147	-43 602	3 545	-12 912
Rente og avdragskompensasjon	-3 022	-2 964	58	-2 507
Tilskot einslege mindreårige flyktningar	0	0	0	-2 408
Ekstratilskot flyktningar	-3 119	-3 600	-481	-2 835
Integreringstilskot	-60 168	-60 176	-8	-50 167
Tilskot asylmottak	-2 615	-2 588	27	-835
Sum generelle statstilskot	-116 071	-112 930	3 141	-71 664

Kommunen mottok 47,1 mill. kr frå Havbruksfondet. Dette er 3,55 mill. kr meir enn budsjettert.

Rente - og avdragskompensasjonen var høgare enn budsjettert. Hovedgrunnen er auken i rentenivået gjennom året.

Kommunen fekk eit negativt avvik på integreringsinntektene for mottak av flyktningar i 2024. Kommunen busette 57 flyktning i 2024. Kommunen sitt vedtak var busetjing av 60 personar. Det er etablert eit asylmottak i Rubbestadneset for 150 personar, noko som gav kommunen eit vertskommunetilskot på 2,6 mill. kr i 2024.

Sentrale utgifter

Beløp i 1000

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Finansinntekter/-utgifter						
Renteinntekter	-8 667	-8 602	-5 602	-4 748	-854	-15,2 %
Utbytte	-1 502	-1 606	-1 606	-2 203	597	37,1 %
Renteutgifter	42 229	51 004	51 004	48 702	2 302	4,5 %
Avdrag på lån	37 039	39 323	39 323	39 048	275	0,7 %
Sum Finansinntekter/-utgifter	69 099	80 119	83 119	80 799	2 320	-2,8 %

Netto finanspostar viser eit mindreforbruk dette året på 2,3 mill. kr. Renteinntektene vart 0,9 mill. kr lågare enn budsjettert, noko som mellom anna skuldast svak likviditet. Kommunen måtte bruke av kassakreditten i store delar av 2024. Kommunen mottok til saman 2,2 mill. kr i utbytte, av dette var

1,018 mill. kr frå Haugaland kraft AS, 0,859 mill. kr frå Finnås kraftlag og 0,325 kundeutbytte frå Gjensidige forsikring.

Kommunen sine samla renteutgifter enda på 48,7 mill. kr som var 2,3 mill. kr mindre enn budsjett. Hovedgrunnen til dette er at byggjelånsrenter 2,29 mill. kr er belasta byggjeprosjekt Brannstasjon.

Låneavdraget er betalt i samsvar med regelen om minimumsavdrag og avviket på 0,275 mill. kr er at denne delen av minimumsavdraget vart betalt og bokført i rekneskapen til Bømlo Kulturhus KF.

Utviklinga i kommunen si lånegjeld dei 5 siste åra går fram av tabellen under:

Tal i heile 1000 kr	2024	2023	2022	2021	2020
Samla brutto gjeld	1 145 282	1 136 205	1 097 574	1 031 784	974 658
Startlån Husbanken	161 869	150 860	143 089	122 183	106 903
Lån med rente og avdragskompensasjon	44 803	49 759	56 292	62 825	68 539
Utlån eige KF	2 224	2 499	1 124	1 249	0
Netto lånegjeld	936 386	933 087	897 069	845 527	799 216
Netto lånegjeld i % av brutto dr.inntekter	73,4	79,4	78,1	81,7	77,2

Avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar - til disposisjon for tenesteområda

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Avsetnader og bruk av avsetnader						
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0,0 %
Avsetningar til disposisjonsfond	0	490	490	0	490	100,0 %
Bruk av disposisjonsfond	-34 635	0	0	0	0	100,0 %
Netto avsetnader	-34 635	490	490	0	490	-100,0 %

Arbeidskapital/likviditet /soliditet

Arbeidskapital

Tabellen under syner utviklinga i den årlege endringa av arbeidskapitalen i kommunen dei siste 6 åra. Arbeidskapitalen er definert som omlaupsmidlar minus kortsiktig gjeld, og denne fortel korleis utviklinga i denne har vore.


	2024	2023	2022	2021	2020	2019
--	------	------	------	------	------	------

Årsmelding 2024

Omlaupsmidlar:						
Endring betalingsmidlar	-110 115	-82 207	27 296	9 098	45 024	-319
Endring kortsiktige krav	1 083	-22 936	-7 927	32 375	-3 149	-9 701
Endring premieavvik	2 235	66 180	16 814	-25 091	-1 768	12 727
Endring omlaupsmidlar	--106 797	-38 963	36 183	16 382	40 107	2 707
Kortsiktig gjeld:						
Endring kortsiktig gjeld	-69 477	-7 754	92 922	20 012	14 044	-746
Endring arbeidskapital (balansen)	-37 320	-31 210	-56 739	-3 630	26 063	3 453

Kommunen sin arbeidskapital vart ytterlegare redusert i 2024, noko som har samanheng med stort meirforbruk i 2024. På dei 3 siste åra har arbeidskapitalen blitt redusert med 125,268 mill. kr.

Tabellen under syner at AK i % av omsetninga har stupt og den er no negativ.



Likvide midlar

	2024	2023	2022	2021	2020	2019
Bankinnskot	-37 234	72 881	155 088	127 792	118 694	73 671
Skattetrekksmidlar	22 269	22 560	21 584	21 103	19 231	18 828
Disponible bankinnskot	-59 503	50 321	133 504	106 689	99 463	54 843
Ubrukte lånemidlar	13 777	26 403	10 727	24 693	12 303	839
Kjernelikviditet	-73 280	23 918	122 777	81 996	87 160	54 004
Kortsiktig krav-premieavvik – kortsiktig gjeld+skattetrekksgjeld	-64 270	-134 539	-120 333	-19 964	-34 200	-17 410
Sum overskotslikviditet	-137 550	-110 621	2 444	62 032	52 960	36 594

Det går fram av tabellen at kommunen sin overskotslikviditet på 3 år er redusert frå 62 mill. kr til ei underdekking på minus 137,6 mill. kr. Dette er kritisk og er hovudgrunnen til at kommune må skaffe seg ein trekkrett på inntil 125 mill. kr. frå 01.01.2025

Den viktigast årsakene til at likviditeten er så kraftig svekka er negativ drift over fleire år (akkumulert underskot på 37 mill kr)samt auken i betalt pensjonspremie (særleg i 2023). Premieavviket utgjør no totalt 108,1 mill kr. Når kommunen ikkje har disposisjonsfond så påverkar dette likviditeten negativt.

Det er naudsynt at kommunen i åra framover byggjer opp likviditeten gjennom å ha positive resultat samt skaffar tilleggslividitet.

Premieavvik/disposisjonsfond

Tabellen under syner samanhengen mellom kommunen sitt disposisjonsfond og premieavviket. Positivt premieavvik er negativ likviditet, Disposisjonsfondet er positiv likviditet. Kommunen har i åra 2019 - 2021 vore i ein god situasjon med positiv likviditet. Den tida er no over. I 2023 endra dette forholdstalet seg kraftig i negativ lei. Netto premieavvik auka med omlag 66 mill. kr i 2023 og auka vidare med 2,3 mill. kr i 2024. Disposisjonsfondet er no redusert til 0, og med det akkumulerte meirforbruket så er så har kommunen eit negativ disposisjonsfond på minus 36,7 mill. kr



Soliditet

Eigenkapitalen til kommunen sin har blitt redusert i 2024. Det er serleg fondsmidlane/meirforbruket som er årsakene til dette med ein reduksjon på 24,7mill. kr.



Rekneskapsanalyse - nøkkeltal

Kort oppsummering

Nedanfor er utviklinga i ein del sentrale nøkkeltal presentert og kommentert. Dette er nøkkeltal som fortel korleis den økonomiske situasjonen har utvikla seg, og korleis resultatet i 2024 verkar inn på kommunen sin økonomiske handlefridom. Som det går fram av nøkkeltala så har kommunen si økonomiske stode blitt kraftig forverra dei tre siste åra. Kommunen sitt netto driftsresultat var på minus 1,8% i 2022 og vart ytterlegare forverra til minus 4,2% i 2023 for no i 2024 å ende på minus 2,0%

Kommunen sitt disposisjonsfond vart nytta fullt ut i 2023 og akkumulert meirforbruk (underskot) er no på 36,7 mill. kr . Dette utgjør 2,88% av netto driftsinntekter. Dette må dekkast inn i 2025 (12,2 mill kr) og 2026 (24,5 mill. kr) Dersom kommunen ikkje greier dette vert kommunen registrert i ROBEK registeret.

Kommunen sin likviditet har svekka seg ytterlegare gjennom 2024. Dette medfører at kommunen ser seg nøydd til å ta opp eit likviditetslån på 125 mill kr for å kunne betale lønn og andre løpande driftsutgifter.

Det er viktig at kommunen får kontroll over drifta då det ikkje er berekraftig å bruke meir pengar enn det som kommunen har til rådvelde. Vidare må kommunen etter å ha dekkast inn tidlegare års meirforbruk byggje opp disposisjonsfondet opp mot kommunestyret si målsetjing på minst 10%, i praksis så inneberer dette eit disposisjonsfond på 100 mill. kr. Dette vil ikkje kommunen greie utan stram styring og endring i tenestestruktur dei næraste åra.

Utvikinga i brutto driftsresultat

Brutto driftsresultat fortel noko om korleis drifta av kommunen eksklusiv finanspostar har gått. Avskrivingar er teke med i dette resultatelementet. Kommunen fekk eit positivt brutto driftsresultat på 9,0 mill. kroner, mot eit negativt brutto driftsresultat i 2023 på 24,9 mill. kroner. Havbruksinntektene bidrog med 47,1 mill. kr til resultatet mot 12,9 mill. kr i fjor. Opphavleg budsjettert brutto driftsresultat var på 34,4 mill. kroner, revidert brutto driftsresultat var på 37,1 mill. kroner. Dette er eit budsjettavvik på 28,1 mill. kroner som i hovudsak skuldast meirforbruk på seksjonane på 26,8 mill kroner. Dei generelle driftsinntektene hadde ei mindre inntekt på 1,5 mill kroner.

Kommunen sitt driftsnivå i 2024 er framleis for høgt i forhold til inntektene. I tillegg opplevde kommunen ein svikt i skatteinntektene og inntektsutjamninga på heile 16 mill. kr, som vart delvis kompensert gjennom statleg tilleggslyyving på 10,2 mill kroner

Avvika på tenestekområda er nærare omtala under kapitla tenestekområda i årsmeldinga


	Rekneskap 2024	Korrigert budsjett	Avvik
Sentrale styringsorgan*	83 212	81 046	-2 165
Oppvekst, kultur og idrett	494 212	484 841	-9 371
Helse, sosial og omsorg	375 006	361 938	-13 128
Samfunnsutvikling*	62 424	59 798	-2 626
Kyrkjelege føremål	8 679	8 548	-131
Ikkje fordelt / tilleggslyyving / premieavvik	-28 313	-27 600	713
Økonomiske føresetnader	432	305	-123
Sum løyvingar drift, netto	996 010	969 233	-26 777

*Brann og feiing er flytta frå seksjon Samfunnsutvikling til Sentrale styringsorgan

Utvikling i netto driftsresultat

Kommunen har tradisjonelt hatt gode driftsresultat i dei åra utbetalingane frå Havbruksfondet har vore store, t eks 2016, 2018 og 2020. I 2022 vart dette mønsteret brote. Kommunen er langt unna målalet på 1,75%, dvs at netto driftsresultat er 47 mill kr for lågt dette året. Hovudårsaken til dette er svært store kostnader på driftsområda, særleg innan oppvekst og helse og sosial. Sjå meir om dette under

brutto driftsresultat og under omtale av avvika på tenesteområda. I tillegg fekk kommunen ein vesentleg skattesvikt på slutten av året som vart delvis kompensert gjennom tilleggsøyving frå staten.




Netto driftsresultat seier noko om korleis drifta av kommunen har gått etter at netto finanskostnader er teke med, samt at det er korrigert for avskrivningane. Finanstransaksjonane inklusiv tilbakeførte avskrivningar var på netto 34,8 mill. kroner. Kommunen fekk såleis eit netto driftsresultat på minus 25,8 mill. kroner. (-2,0% av driftsinntektene) Dette er langt under kommunen sitt måltal på 1,75%. Kommunestyret sitt reviderte budsjetterte netto driftsresultat var på 0,2 mill. kr eller 0,0% av driftsinntektene.

Utvikling i skatt og rammetilskot

Dei frie inntektene, dvs. inntektsskatt, eigedomsskatt, inntektsutjamning og andre rammetilskot har nominell auke er på 2%, kommunal deflator (prisvekst) var på 4,4%. I kroner inneberer dette ein reell auke i desse inntektene på 4,7 mill. kr. Kommunen sin nominelle auke i skatteinntekter og statleg rammetilskot var på 45,4 mill kr. Eigedomsskatten vart redusert med 1,7 mill kr. Årsaken til dette er redusert promillesats med 0,2 promille. Veksten var svak, kommunen hadde ein vekst i skatteinntektene på 5,2%, men landet hadde berre ein vekst på 1,4% samla så medførte dette til ein vekst i desse inntektene på berre 3,1%. Svikten i desse inntektene var på 16,9 mill. kr, staten kompenserte gjennom tilleggsøyving 10,2 mill kr. inkl ekstra skjønnsmidlar frå Statsforvaltaren

Tabellen under viser utviklinga i desse sentrale inntektene. Kommunen har hatt negativ realvekst i desse inntektene dei to siste åra.




Utvikling i brutto driftsutgifter (inkl. løn)


Brutto driftsutgifter i 2024 utgjorde 1 267 mill. kroner. Dette var ein auke på 5,7% i høve til 2023 og utgjør 68 mill. kroner som fordeler seg slik:

Lønsutgifter, sosiale utgifter	44,2 mill.kr
Kjøp av varer og tenester	17,2 mill. kr
Overføringar:	5,0 mill. kr
Avskrivingar:	1,7 mill. kr
Sum	68,2 mill kr

Av posten lønnsutgifter er 15,5 mill. kroner knytt til vekst i pensjonskostnadene og arbeidsgjevaravgift




Utvikling av netto rente og avdragsutgifter



Netto rente- og avdragsutgifter auka med 11,7 mill. kroner i høve til 2023 og utgjorde til saman 80,7 mill. kroner. Netto rente- og avdragsutgifter utgjorde 6,3% av driftsinntektene i 2024 mot 5,9% i 2023. Renteutgiftene har auka kraftig dei siste åra. I perioden 2021 til 2024 har renteutgiftene til kommunen auka med 32,7 mill. kroner. Siste året er auken på 6,5 mill. kroner. Avdraga auka med 2,0 mill. kr til 39,0 mill. kr i 2024. Kommunen sine renteinntekter vart redusert med 3,2 mill. kr som i hovudsak skuldast at kommunen i store deler av året ikkje har hatt midlar å plassere, men tvert om har lånt pengar til drift.

Netto lånegjeld i % av driftsinntektene

Netto lånegjeld er definert som brutto lånegjeld minus husbanklån som vert vidare utlånt og som er finansiert av andre, samt lån med statleg rentekompensasjon. Dette er eit av nøkkeltala til kommune og er det einast som kommunen har oppnådd. Kravet er at kommunen ligg innafor 85% av netto driftsinntekter.



Samla lånegjeld utgjør 1 145,3 mill. kroner, av dette utgjør lån til videre utlån 161,8 mill. kroner og lån med rente og avdragskompensasjon 44,8 mill. kroner

Kommunen sine tenesteområde

Sentrale styringsorgan

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
1000-Politiske styringsorgan	5 705	5 562	5 714	152	2,7 %
1100-Kommunedirektør	6 692	6 641	6 734	93	1,4 %
1110-Økonomiavdeling	9 432	8 566	9 635	1 069	11,1 %
1120-Personalavdeling	9 336	9 482	9 154	-329	-3,6 %
1140-IKT-avdeling	10 815	11 094	11 416	322	2,8 %
1150-Næring	6 389	7 156	7 182	26	0,4 %
1200-Fellesutgifter	8 134	8 537	8 093	-445	-5,5 %
1210-Fellessekretariat	3 975	3 133	3 511	378	10,8 %
1220-Fag- og støttefunksjonar	6 127	6 483	5 203	-1 281	-24,6 %
1222-Tillitsvalde - verneombud	2 073	1 958	2 155	197	9,1 %
1410-Brannvern	12 039	12 819	12 068	-751	-6,2 %
1420-Feiing	152	310	183	-127	-69,8 %
1999-Innsparing	0	0	0	0	0,0 %
Sum	80 869	81 742	81 046	-695	-0,9 %

Kommentar til status økonomi

Seksjonen gjekk med eit meirforbruk i fjor på 695 000 kroner. Dette skuldast eit meirforbruk på Brann og redning samt feiing på totalt 879 000 kroner.

Dei administrative avdelinga utanom Brann og feiing gjekk med eit lite mindreforbruk i 2024 på 183 000 kroner. Hovedgrunnen til innsparinga er høgare refusjon sjukpengar og fødselspengar enn utgifter til vikarar.

Årsaka til meirforbruket på Brann og redning er mellom anna at det var 230 utrykkingar dette året. Av desse er 43 helseoppdrag som brannvesenet rykker ut på. Vidare er endringar vaktstyrken som ikkje er fullt ut kompensert i budsjettet den største årsaka til negativt resultat. Dette fører til høgare lønsutgifter, men dette er noko ein no vil vurdere å justere i revidert budsjett for 2025

Meirforbruket på feiing (127 000 kroner) vil bli dekket i 2026 ved å auke feieavgifta.

Oppsummering tiltak

Sentrale styringsorgan

Området omfattar politiske styringsorgan, politisk sekretariat, fellessekretariat og kundetorg, fellesutgifter, kommunedirektør med kommunedirektøren sin stab, IKT og personal, økonomi, rekneskap, næring, fag og støtte og tillitsvalde – verneombod. Samla utgjær administrasjonen av kommunen 36,2 årsverk, av desse vert omlag 2,5 årsverk finansiert av eksterne midlar (innkjøpssamarbeid og lærlingearbeidet). I tillegg kjem 3,2 årsverk til tillitsvalde og verneombod. Kostradataen syner at kommunen sine utgifter til administrasjon er låge. Kommunen nyttar kr 4 498 pr innbyggjar til administrasjon. Samanlikna med kommunegruppa vår som brukar kr 6 113 i gjennomsnitt pr innbyggjar så utgjær dette heile 19,9 mill kr lågare kostnad enn landsgjennomsnittet. ,

Frå og med 2023 så er tenesta Brann og feiing flytta til dette tenesteområdet. Det er 5,4 årsverk knytt til denne tenesta.

Politiske styringsorgan

Politiske styringsorgan hadde i 2024 1,6 årsverk med fast årleg godtgjersle (ordførar og varaordførar). I tillegg kjem godtgjersle til representantane i kommunestyret, formannskapet og utvala, samt driftskostnader. Kontrollutvalet og revisjon høyrer også innunder dette ansvaret. I 2024 har kommunestyret behandla 103 saker fordelt på 7 møter. Formannskapet behandla 68 saker fordelt på 10 møte.

Kommunal leiing

Leiinga i kommunen bestod i 2024 av kommunedirektør, kommunalsjef oppvekst, kultur og idrett, og kommunalsjef helse, sosial og omsorg, kommunalsjef samfunnsutvikling, økonomisjef og personalsjef. Det har vore skifte i leiinga i 2024, då kommunalsjef for oppvekst Bjørn H. Bjørklund slutta og vart erstatta av Torunn Laurhammer.

- Overordna strategisk leiing av Bømlo kommune
- Hovudansvar for saksførebuing til politiske utval og kommunestyre
- Hovudansvar for iverksetjing av politiske vedtak
- Hovudansvar for utarbeiding av budsjett og velferdsplan
- Hovudansvar for økonomisk oppfølging og resultatrapportering
- Hovudansvar for oppfølging og gjennomføring av avtalen om Inkluderande Arbeidsliv
- Hovudansvar for beredskap og kriseleiing

Økonomi, innkjøpsfunksjonen og IKT

Økonomiavdelinga har tre hovudansvarsområder:

- Rekneskap, lønn, fakturering og innfordring
- Økonomistyring, budsjett og innkjøp
- Utlån av startlån

Samla hadde avdelinga 11,5 årsverk ved utgangen av 2024 inkl 2 årsverk knytt til innkjøp og 0,5 årsverk til startlansordninga. Avdelinga fører rekneskapen for Kyrkjeleg Fellesråd og Bømlø Kulturhus KF. Tyngre innføring vert utført av Intrum på vegne av kommunen.

Kommunen tar del i eit interkommunalt innkjøpssamarbeid med kommunane Kvinnherad, Tysnes, Fitjar og Stord. I tillegg er Bømlø med i eit interkommunalt samarbeid om e-handel. Dette samarbeidet omfattar 15 kommunar i Sunnhordland, Hardanger og på Haugalandet. Bømlø kommune tok initiativ til dette samarbeidet og e-handelsressursen, som utgjer eit halvt årsverk, er knytt til økonomiavdelinga i kommunen.

Bømlø kommune er vertskapskommune for den interkommunale innkjøpsordninga og leiar er tilsett i kommunen.

Startlån og tilskot

Kommunen tok opp eit lån i Husbanken på 20 mill. kr for vidare utlån i 2024. Det vart lånt ut for 16,2 mill. kr i 2024 til 12 husstandar. Kommunen mottok 10,1 mill. kr på avdrag frå låntakarane og kommunen betalte 9 mill. kr i avdrag til Husbanken. Resterande sum 1,138 mill. kr av innbetalt ekstraordinære avdrag er sett av til bunde investeringsfond for vidare utlån..

Vidareutlån	Rekneskap	Opphavleg budsjett	Avvik
Vidareutlån	16 247	20 000	3 753
Bruk av lån til vidareutlån	- 16 247	-20 000	-3 753
Avdrag på lån til vidareutlån	8 991	9 067	76
Mottatte avdrag på vidareutlån	-10 129	-9 067	1 062
Netto utgifter vidareutlån	1 138	0	1 138

IKT

IKT-avdelinga har seks tilsette som har ansvar for drift av kommunen sine IKT-system. I tillegg til dei faste tilsette har me lærlingar. I 2024 starta det tre nye lærlingar.

HR

HR-avdelinga har 4,1 årsverk, som består av ein HMS-rådgjevar, tre HR-rådgjevarar og ein leiar. Hovudansvaret for personalavdelinga er å gje råd og rettleiing til leiarar og tilsette i alle spørsmål knytte

til personalområdet. Avdelinga har det overordna ansvaret for personalforvaltning, inkludert rekruttering, personalutvikling og forhandlingar knytte til føresegnene i Hovudtariffavtalen og Hovudavtalen.

Innan HMS organiserer, planlegg og gjennomfører avdelinga arbeid for å sikre trygge og helsefremjande arbeidsmiljø. Dei siste åra har det vore stort fokus på rutinar for risikovurdering og oppfølging av sjukefråvær. HR-avdelinga har også sekretærfunksjonen for AMU og driv mykje internopplæring i tema som konflikt- og varslingshandtering, rekruttering og seniorpolitikk.

Bømlo opplæringskontor, som er eit samarbeid mellom kommunen og det lokale næringslivet, ligg òg under personalavdelinga. Kontoret har per no 1,4 årsverk og hadde ved årsskiftet nærare 75 lærlingar knytte til seg, fordelt på kommune og næringsliv.


Fellessekretariatet har 4 årsverk og yter tenester til organisasjonen og innbyggjarane. Dei har ansvar for det politiske sekretariatet, som omfattar utsending av politiske sakspapir, praktisk gjennomføring av politiske møter og protokollføring i etterkant. Avdelinga har òg ansvar for kommunen sitt saks- og arkivsystem, Element, samt post til og frå kommunen. Fellessekretariatet handsamar bustønad, skjenkeløyve og det praktiske rundt gjennomføring av kommune-, fylkestings- og stortingsval. Sentralbordet ligg òg under denne avdelinga.

Bømlo Brann og redning

Året har vore prega av ferdigstilling og innflytting i ny brannstasjon på Svortland. Bygget vart tatt i bruk i mai, og har vist seg å tene brannvesenet særst godt. Det at verksemda har blitt samlokaliserte med politiet er positivt for begge partar, og for innbyggjarane i kommunen er det blitt tatt særst godt i mot.

Begge bilane som brannførebyggjarane (tidlegare feiarane) brukar er byta ut i 2024. Ein av dei har elektrisk framdrift og dette er første elektriske køyretøyet i brann og redning. Begge bilane har tydeleg skilje mellom rein og skiten sone, noko som er viktig med tanke på arbeidsmiljøet til brannførebyggjarane.

Grafen under viser antal utrykkingar til brannar og andre utrykkingar pr 1000 innbyggjarar



Feiegebyra som kommunen tek dekkjer ikkje utgiftene lenger. Feiegebyra er låge i forhold til andre, noko som går fram av tabellen under.

	2021	2022	2023	2024
Bømlo	464	446	444	446
Landet uten Oslo	619	605	615	640
Kostragruppe 08	625	657	594	651
Stord	618	522	563	539

KOSTRA Nøkkeltal

	Bømlo 2023	Bømlo 2024	Stord	Landet uten Oslo	Kostragruppe 08
Prioritet					
Brutto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb (B) *) **)	5 734	5 416	5 870	6 473	8 259
Brutto driftsutgifter til funksjon 100 Politisk styring , i kr. pr. innb (B) *) **)	435	423	233	445	595
Brutto driftsutgifter til funksjon 110, Kontroll og revisjon, i kr. pr. innb (B) *) **)	92	62	71	142	225
Brutto driftsutgifter til funksjon 120 Administrasjon, i kr. pr. innb (B) *) **)	4 698	4 498	4 695	4 813	6 113
Brutto driftsutgifter til funksjon 180 Diverse fellesutgifter, i kr. pr. innb (B) *) **)	12	15	29	192	111

Årsmelding 2024

Brutto investeringsutgift i prosent av brutto driftsinntekter (B)	15,0 %	11,3 %	11,3 %	13,8 %	14,7 %
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B)	1,4 %	1,7 %	1,0 %	11,6 %	11,2 %
Eiendomsskatt i prosent av brutto driftsinntekter (B)	3,3 %	2,9 %	2,4 %	2,8 %	4,6 %
Frie inntekter i prosent av brutto driftsinntekter (B)	69,6 %	67,7 %	63,4 %	63,6 %	57,0 %
Kommunal næringsvirksomhet brutto investeringsutgifter beløp pr innb (kr) *)	10	0	0	222	685
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i prosent av totale netto driftsutg (B)	5,8 %	5,4 %	5,5 %	6,1 %	6,7 %
Salgs- og leieinntekter i prosent av brutto driftsinntekter (B)	7,9 %	7,5 %	16,5 %	14,6 %	14,7 %
Økonomi					
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger *)	105 603	106 008	114 087	111 498	134 178
Frie inntekter i kroner per innbygger *) **)	69 039	69 208	70 900	69 718	73 034
Netto driftsresultat i kroner per innbygger *)	-4 042	-1 970	-4 355	-95	-216
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (B)	-3,9 %	-1,8 %	-3,9 %	-0,3 %	-0,2 %
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	83,2 %	78,3 %	130,4 %	91,0 %	96,2 %
Levekår					
Indeks berekna utgiftsbehov	1,047	1,046	1,007	1,013	1,055
Andre nøkkeltal					
Andel fornybar energi av samlet energibruk i kommunal eiendomsforv., egne bygg (B)	100,0 %	99,6 %	96,3 %	97,8 %	97,1 %
Kommunekasse					
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B) (Kommunekasse)	0,0 %	0,0 %	0,7 %	10,8 %	10,6 %
Korrigert netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (bundne fond, premieavvik og premiefond) (B) (Kommunekasse)	-10,2 %	-4,5 %	-6,9 %	-3,0 %	-2,7 %
Netto finans og avdrag i prosent av brutto driftsinntekter (B) (Kommunekasse)	5,9 %	6,3 %	9,2 %	4,6 %	6,1 %

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2020	2,47 %	4,32 %	6,79 %
Årleg sjukefråvær 2021	2,25 %	1,95 %	4,20 %
Årleg sjukefråvær 2022	3,28 %	2,69 %	5,97 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,28 %	3,20 %	5,49 %
Årleg sjukefråvær 2024	2,59 %	5,28 %	7,87 %

Oppvekst, kultur og idrett

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
2210-Felles grunnskule	11 546	9 895	9 593	-301	-3,1 %
2213-Foldrøy skule	5 418	5 510	5 548	39	0,7 %
2214-Gilje skule	11 415	11 948	11 706	-242	-2,1 %
2216-Meling skule	18 143	21 119	19 974	-1 144	-5,7 %
2217-Våge skule	9 247	9 672	9 739	66	0,7 %
2220-Bremnes ungdomskule	43 210	46 981	44 986	-1 995	-4,4 %
2230-Hillestveit skule	16 797	16 242	15 389	-853	-5,5 %
2240-Moster skule	32 470	35 218	34 191	-1 027	-3,0 %
2250-Rubbestadneset skule	16 811	17 620	17 961	342	1,9 %
2260-Svortland skule	37 197	38 859	37 831	-1 028	-2,7 %
2310-Barnehage	130 836	146 255	141 190	-5 065	-3,6 %
2510-Vaksenopplæringscenter	23 886	24 488	28 176	3 688	13,1 %
2610-Kulturskolen	7 680	7 115	6 981	-133	-1,9 %
2700-Barne- og familieteneste	34 671	34 598	35 013	415	1,2 %
2710-Sosialkontortjenester	6 447	5 564	4 973	-591	-11,9 %
2720-Barnevern	41 307	40 776	39 000	-1 776	-4,6 %
2730-Laurhammer bufellesskap	1 611	0	0	0	0,0 %
2740-Avlastningstilbod	8 493	9 162	8 083	-1 079	-13,3 %
2810-Kultur, barne- og ungdomsarbeid	3 626	5 125	5 443	318	5,8 %
2830-Bibliotek	5 169	3 727	4 003	276	6,9 %
2840-Kulturhus	1 135	3 148	3 148	0	0,0 %
2850-Bømlo symjehall	1 166	1 355	1 612	257	16,0 %
Sum	468 279	494 374	484 541	-9 833	-2,0 %

Kommentar til status økonomi

Beskriving av tenesteområdet

Område 1.2 omfattar kommunale tenester retta spesielt mot barn og unge og utgjør 13 sjølvstendige verksemdar: 9 grunnskular, kulturskule, vaksenopplæring og folkebibliotek. I tillegg kjem barne- og familietenesta som inkluderer skulehelseteneste, helsestasjon, flyktninghelse, PPT, tiltaksteam inkl. sosiale tenester, avlastningsbustad og Alvsvåg alternative skulearena. Kommunen har ingen offentlege barnehagar, men har 8 private barnehagar som i hovudsak vert finansierte av kommunale tilskot. Aktivitetstilbod retta mot barn og unge, kultur/idrett og Bømlo symjehall høyrer også til området.

Fleire barn og unge med omfattande hjelpebehov har ført til auka kostnader i 2024. Verksemdene har i liten grad blitt tilført friske midlar i sine budsjett til å dekke desse kostnadane. Fleire av tenestene var underbudsjetterte spesielt med tanke på vikarbruk. Samla sett gjekk seksjon 2 Oppvekst, kultur og idrett med eit meirforbruk på 9,8 mill. Det er gitt årsaksforklaringar for dei verksemdene/tenestene med størst avvik under kvar teneste.

Barnehage

Bømlo kommune har hatt full barnehagedekning i mange år og andel barn i alderen 0-5 år i barnehage er høgare i Bømlo enn i landet sett under eitt. Barnetalet i barnehagane pr. 15.12.24 var 639, noko som er 10 born færre enn på same tidspunkt i fjor.

Barnehagetilbodet skal vere tufta på ei heilskapleg pedagogisk tilnærming til omsorg og læring og respekten for barndomen sin eigenverdi. Både statlege føringar og lokale vurderingar peikar på tidleg innsats og førebyggjande arbeid som nøklar til eit utdanningssystem som bidreg til sosial utjamning.

Bømlo kommune tek desse utfordringane på alvor og held fram med å jobbe etter samhandlingsmodellen Betre Tverrfagleg Innsats (BTI). Målet er å styrke arbeidet med tidleg innsats, involvere foreldre på ein god måte og unngå tenesteavbrot.

Viser elles til tilstandsrapporten for barnehage som er til politisk handsaming i mars/april.

Meirforbruket på barnehage (5 mill.) skuldast fleire vedtak på spesial-pedagogiske tiltak og utbetaling av refusjonar for 2023 som vart belasta i 2024.

Grunnskule

Det er 6 barneskulelar, to kombinerte skular og ein ungdomsskule i kommunen. Det er eit godt samarbeid mellom skuleleiarane om både drift og utviklingsarbeid. I 2024 har alle skulane saman med PPT og barnehage jobba med Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Det er eit partnarsskap med NLA høgskulen som har som mål at alle barn og unge skal oppleve eit godt tilpassa og inkluderande tilbod i barnehage og skule, og at dei som treng spesialpedagogisk hjelp skal få det til rett tid. Kommunen har jobba med samhandling over tid og det er no innarbeida gode rutinar for dette gjennom BTI modellen.

I august kom det ny opplæringslov og i vår arbeidde kommunen og skulane med å tilpassa sitt arbeid og system til denne. Fokuset på eit godt og trygt skulemiljø og arbeidet mot mobbing og krenkingar er framleis like viktig. Vidareføringa av den såkalla skulemiljøknappen gjer det enkelt å melde frå dersom ein har bekymringar knytt til skulemiljøet, og skulane må ivareta si aktivitetsplikt for å medverke til at alle elevar har det trygt og godt på skulen. I elevundersøkinga melder dei fleste elevane tilbake om at dei har eit godt skule- og læringsmiljø. Likevel er det grunn til å merka seg at tre trinn ligg over landsgjennomsnittet for mobbing, og skulane jobbar med korleis dei kan finna tiltak som kan betra skule- og læringsmiljøet i sine samarbeidsorgan.

Hausten 2024 var også prega av arbeidet med rullering av skulebruksplanen. Administrasjonen fremma med utgangspunkt i synkende elevtal og reduserte økonomiske rammer forslag om nedlegging av Foldrøy skule og samanslåing av ungdomstrinna i kommunen. Det vart gjort vedtak om nedlegging av Foldrøy skule i desember. Dei tilsette på denne skulen har gjort ein god jobb i å trygge elevar og foreldre på overgangen og på å driva ein god skule det siste året.

Det vart gjort fleire nedskjeringar som merkast i skulen i budsjettet for 2024 og i revidert budsjett. Mellom anna er rammetimetalet redusert og dermed er fleksibiliteten til å løysa utfordringar mindre. Bassenget i Rubbestadneset og på Hillestveit er stengt, MOT programmet er teke bort, lærarressursar til å driva Trivselsleiarprogrammet er teke bort, og det vart reduserte rammer til kjøp av læremidlar.

Fellesområdet for grunnskule (2210) hadde eit meirforbruk på 300 000,- for 2024. Hovuddelen av dette var knytt til fleire kommunale vedtak om skuleskyss på grunn av særleg vanskeleg eller farleg skuleveg og underbudsjetterte utgifter til felles kommunale lisensar og tenester.

Dei 9 grunnskulane hadde eit samla meirforbruk på 5,8 mill. Meirforbruket var knytt til ekstraordinære utfordringar ved einskilte skular som oppstod undervegs i skuleåret og ikkje var budsjettert for. Det var

heller ikkje budsjettert med utgifter til vikarar i korttidsfråvær som ein ikkje får refundert. Den store auken på SFO i samband med at 1. -3. klasse har fått gratis kjernetid har ikkje blitt budsjettert med fullt ut, samt at eit tilbod med lang opningstid med lite foreldrebetaling har ein høgare kostnad enn det som vert kompensert for.

Bømlo vaksenopplæring – BVO

Bømlo vaksenopplæring gir kommunale tenester til vaksne som har rett/og eller plikt til opplæring ut frå integreringslova, utlendingslova og opplæringslova. Oppdraget er å leggje til rette, slik at flest mogleg av deltakarane vert kvalifisert til vidare utdanning, arbeid og som deltakar i det norske samfunn.

Tilbodet omfattar:

- Introduksjonsprogrammet
- Norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar
- Yrkesretta norskurs for næringslivet
- Morsmålsstøtta lese- og skriveopplæring
- Førebuande opplæring for vaksne FOV (grunnskuleopplæring for vaksne)
- Spesialpedagogisk opplæring for vaksne
- Gjennomføring av alle nasjonale prøvar i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar
- Gjennomføring av statsborgarprøvar
- Realkompetansevurdering
- Rådgjeving og karriererettleiing
- Foreldrerettleiing (PMTO og ICDP)

Tenesta har tett samarbeid med lokalt næringsliv, Nav og vidaregåande skule for å tilby tilpassa språkopplæring og arbeidstrening. BVO driftar framleis kantina ved Bømlo vidaregåande skule. Me har i 2024 hatt to prosjekt finansiert av IMDi: eitt prosjekt innan grunnskuleopplæring og eitt i samarbeid med andre kommunale tenester om å utarbeide ein handlingsplan mot rasisme og hatefulle ytringar. Begge prosjekt blir vidareført i 2025. BVO er også del av KS nettverket «Flyktningar i jobb».

BVO har hatt eit aktivt år med mange utfordringar knytt til nytt lovverk og stor pågang av nye deltakarar. Om lag 90 personar har fått vedtak om introduksjonsprogram. 329 deltakarar frå 36 ulike nasjonar har hatt tilbod ved BVO i kalenderåret 2024. Tenesta har framleis omfattande oppgåver med oppfølging av asylmottak og opplæringstilbod til asylsøkjjarar og ansvar for søknad om ekstratilskott til IMDi for busette med behov for ekstra tenester.

Det er eit mindreforbruk på denne tenesta (2510) på 3,7 mill. Årsaka til mindreforbruket er i stor grad mindreutbetaling på introlønn.

Integreringsmidlar

Kommunen busette 60 flyktningar i 2024. Tilgangen til bustadar har vore tilfredsstillande, men dei tilsette har opplevd eit vedvarande stort arbeidspress sidan utbrotet av krigen i Ukraina. Etableringa av eit asylmottak i Rubbestadneset året før, auka utfordringa for dei kommunale tenestene.

Den største utgiftsposten innanfor OKI, forutan overføring til skular, er finansiering av introduksjonsprogrammet. Her får brukarane løn. Vidare vert det nytta midlar til arbeidet som NAV utfører.

Helsetenester, busetjing, livsopphald, tolketenester, tospråklege assistentar både i skule og barnehage, og ikkje minst våre to innføringstilbod ved Svortland skule og Bremnes ungdomsskule, vert finansiert av desse midlane. Elles får kvar skule midlar frå dette ansvarsområdet ut frå kor mange born dei har med minoritetsspråkleg bakgrunn som treng særskild språkopplæring. Det vert også nytta litt midlar på skyss.

Kultur, idrett og fritid

Moster 2024 – feirar fortid og formar framtid. 1000 års jubileet står att som høgdepunktet for 2024. Markeringa gjekk føre seg i tidsrommet 28. mai – 2. juni med store og små arrangement og høgdepunkt kvar dag. Verdi- og fagsamtalar, konsertar, teater og danseframsyningar og maritim aktivitet er noko av alt som skjedde desse dagane og som sette Moster og Bømlo på kartet i heile Noreg.

Kulturminne og bygningsvern er eit fagfelt med auka fokus og behov. Gjennom regionalt samarbeid har det i 2024 blant anna vore arbeidd med sjøbruksbygningar langt kysten i alle dei 8 samarbeidskommunane, der kartlegging og registrering har vore prioritert. Vern og vern gjennom bruk er viktig for desse bygningane, som me stadig får færre av langs kysten.

Kommunen har som mål å ha tett dialog med lag og organisasjonar både samla og kvar for seg. Etablering av faste dialogmøte og prosjektutvikling knytt til frivilligheit med høve for ekstern finansiering er nokre av tiltaka det har vore jobba med. Kommunen ynskjer å vera ein god tilretteleggjar og bidreg både gjennom investeringar og stønad til kultur- og idrettslivet.

Bømlo kommune sitt kulturstipend blei delt ut til Jacob Vaula og Ane Rønningen Stautland.

Bømlo kulturskule

Kulturskulen ivaretek eit mangfald av kunst- og kulturfag og har som oppgåve å utvikle kunstfagleg kompetanse og uttrykksevne, så vel som kreativitet, kritisk sans, kulturell og sosial kompetanse.

Ein viktig del av opplæringa er at elevane skal opptre/presentere produkta sine. I tillegg til sjølve undervisninga er det mange ulike arrangement i kulturskulen sin regi, som t.d. ulike opningar, kulturskuledagar i Moster Amfi med konsertar og kunstutstilling, teater- og danseframsyningar, sommarkavalkade i kulturhuset, samt adventskonsertar i kyrkjene. Det er innslag frå alle disiplinar.

Ved utgangen av 2024 var det heile 571 elevplassar i kulturskulen, og 330 elevar på venteliste. Kulturskulen har tilnærma fullt på alle fag dei tilbyr. Det er nokre einskild plasser ledig i musikkfaga, samt i dans i dei eldste dansegruppene. Det er lengst venteliste på scenefaga dans og teater.

Friplassordninga vart innført for å bidra til å realisere målet om ein kulturskule for alle – uavhengig av inntekt og bakgrunn. Ordninga har blitt stadig meir kjend og brukt dei åra den har eksistert og dei fleste plassane var i bruk ved utgangen av 2024.

Bømlo folkebibliotek

2024 var eit aktivt år i kulturhusbiblioteket og på filialane våre. Godt besøk gjorde at utlånstala våre held seg gode og stabile. Vi hadde stor aktivitet knytt til ulike arrangement, med meir enn 7000 besøkande totalt . Eit variert arrangementstilbod har bestått av lesestunder, språkkafé, bokformidling til skuleelevar, digihjelp, temakvelder, aktivitetar for barn, lesesirkel, forfattarbesøk, sjakkvelder, bok og strikk, spanskurs, konsert og boklansering.

Me har hatt gode samarbeid med ei rekke lag og organisasjonar rundt ulike arrangement, og er takksame for alle frivillige språkvertar som stiller opp kvar onsdag på språkkafé. Mange lag og organisasjonar nyttar lokala til møter og andre aktivitetar.

Det er gledeleg å sjå at mange studentar og skuleelevar nyttar biblioteket som arbeidsstad. Biblioteket har etablert seg som ein viktig møteplass i kommunen.

Skulebibliotek er viktig for oss, derfor er det særst gledeleg at seks lærarar ved fire ulike skular (Svortland, Meling, Rubbestadneset og Bremnes ungdomsskule) har teke vidareutdanninga «Skulebibliotek i fagfornyelsen». Dette er ved hjelp av midlar frå Utdanningsdirektoratet til skulebibliotekutvikling, og er eit samarbeid med Haugesund og Karmøy kommunar, og Universitetet i Agder.

Mindreforbruket på 276 000,- skuldast lite vikarbruk ved sjukefråvær og prosjekttilskot.

Bømlo symjehall

Bømlo Symjehall legg til rette for symjeopplæring, vatntilvenning, auka folkehelse, livsglede og meistring i vatn. Dette er ei viktig samfunnsoppgåve i forhold til å auke tryggleik i vatn, og dermed redusere drukningsulykker. Me var frå hausten 2024 skulebasseng for alle barne-og ungdomsskulane i Bømlo kommune, samt rehabiliteringsbasseng for personar med særskilte behov.

Kommunestyret har vedteke å leggje til rette for å utvikle symjemiljøet i Bømlo kommune som er i god vekst. Eit tiltak er vederlagsfri bruk av bassenga for symjereelaterte idrettsaktivitetar, der barn og unge skal prioriterast. Av den grunn har Bømlo symjeklubb fått gratis tilgang til symjehallen for sine ordinære treningar på oppsette tider og i tildelte banar, for barn og unge under 18 år.

Bømlo symjehall har hatt relativt stabilt besøkstal dei siste 3 åra. Det er likevel ein liten auke i 2024 i forhold til året før (47 364 besøkjande). Det var også ein liten auke i inntekt (2 776 468,-). Aqua Gym og organiserte tilbod for vaksne har etablert seg til å bli populære og stabile tilbod, i tillegg til familiebadning. I feriar og langhelgar ser me mange tilreisande og feriegjester. Kurs i baby- og småbarnssymjing har vore populært, samt crawl kurs for vaksne. Symjehallen merkar stor etterspurnad etter symje- og badetilbod, og utviklar stadig nye tilbod til sine brukargrupper.

Mindreforbruket på 257 166,- skuldast auke i inntekter.

Barne- og familietenesta inkl sosiale tenester og avlastningsbustad

Ansvar 2700 omfattar tilbod til born og unge under 18 år som skulehelseteneste, helsestasjon, flyktninghelse, ergo/fysio barn, PPT og førebyggjande tenester med foreldrerettleiarar, ungdomskontaktar, kommunepsykologer og terapeuter når det gjeld lettare til moderate vanskar og rettleiing.

For året 2024 har endring og innsparingskrav med nedbemanning hatt stort fokus. Nedbemanning i stillingar som førebyggjande foreldrerettleiar, ungdomskontakt i rusførebyggjande team og nedbemanning av helsesjukepleiarar i skulehelsetenesta mot norm, samt vakanse av jordmor, migrasjonshelse og sjukemelding i PPT fører til eit positivt avvik på løn. Overforbruk på utgifter skuldast underbudsjetterte postar på lisensar, varer og medikament, samt pålagte kostnader til utviklingsprosjekt i form av kurs og reiser. Det er viktig å påpeike at me har tatt ein stor del av innsparinga dette året, og gått frå eit underskot på 2,7 mill til no i overkant av 400 000,- Det skuldast nedbemanning og vakanse, men og meirinntekter på 1 mill i statlege prosjektmidlar og brukarbetaling. Men det har ein pris, og me ser no ei sårbarhet i dei førebyggjande tenester og basistenester ift lang ventetid og med færre ungdomskontaktar i eit sårbart ungdomsmiljø for tida. All honnør til tilsette som har stått stødig og lojalt i ei endringstid, der sjukefråveret og har gått ned.

Ansvar 2710 sosiale tenester barn og unge sosiale tenester er tenestekontoret for barn og unge inkludert oppfølging av støttekontaktar, BPA, private avlastarar, avlastningsbustaden og koordinatorar så sakshandsamar dei alle vedtak etter helse og omsorgslova og samhandlar tett med familien og andre hjelpetenester som NAV, barnevern, PPT, barnehage og skule m.m. Som landet elles er dette eit området der behov er aukande og meir komplekst og krevjande. Budsjett har ikkje vore justert over år, og ein har og fått inn kommunen sin andel til Krisesenter vest på denne kontoen som er underbudsjettert med over 100 000,-. Avlastardommen har og gjort at satsane har måtta justerast etter nytt lovverk parallelt med fleire og større behov.

Resultatet med eit meirforbruk på 600 000,- er redusert frå prognose i løpet av året på omlag 1,5 mill. på grunn av vakanse i ei stilling.

Ansvar 2740 Avlastningsbustaden gir tilbod til nærare 20 barn og unge med rettar etter helse og omsorgslova. Nokre av desse har avlastning på ettermiddag, nokre har tilbod i helgar og nokre har tilbod om vekesopphald. Kapasiteten i bustaden er sprengt og ein har måtta etablert nye tilbod i Kyrkjegardsvegen 1, det såkalla Sansehuset og eit samarbeid med Habiliteringstenesta i overgang av eldre brukarar. Tenesta jobbar med å utvikle tilbod i avlastingsbustad for å avgrense bruken av privat avlastning knytt til dei aller yngste. Dette er krevjande, og ein må arbeide for meir varige løysingar i tida som kjem.

Meirforbruket på 1 mill har vore prognose og underbudsjettert. Det skuldast i hovudsak opning av avlastning ei helg på Sansehuset og auka bemanning på særleg krevjande brukarar som krev 2:1 bemanning i delar av dagen.

Barnevern

Sunnhordland interkommunale barnevern (SIB) er barnevernstenesta for kommunane Bømlo, Fitjar og Stord, der Stord er vertskommune. Barnevernslova med forskrifter regulerer ansvaret og arbeidsoppgåvene til barnevernet. Kommunedelplan for oppvekst er eit viktig plandokument for samordning av tenestene i oppvekst.

I 2024 starta MST-CAN (Multisystemisk terapi – child abuse and neglect) opp med sitt behandlingstilbod. Det er eit intensivt tiltak for familie/ foreldreoppfølging i familiar der barn vert utsette for alvorleg omsorgsvikt. Gjennom MST-CAN og andre evidensbaserte tiltak arbeidar barneverntenesta målretta med å styrka foreldreferdighetar og førebygge at barn må flytte ut av heimen. Barneverntenesta har eit eige tiltaksteam beståande av familierettleiarar, miljøterapeut og miljøarbeidarar. Tenesta har fokus på halda seg fagleg oppdatert og kunna møte familiane sine behov med evidensbaserte tiltak, samstundes som ein kan tilpassa modellar og innsats utifrå familiane sine individuelle behov. Tenesta auka difor i 2024 tilgangen på miljøterapi og miljøarbeid.

Tenesta opprettheldt fokus på å halda kontroll på saksmengda og å konsentrera innsatsen mot familiar i middels til høg risiko. Målet er at effekten av hjelpa skal bli betre og at færre barn må flytta ut av heimen. Familiar i lav risiko vil då måtta få hjelpa på eit meir førebyggjande nivå av andre tenester i kommunen. Denne praksisen er i tråd med intensjonane i oppvekstreforma. Talet på gjennomførte undersøkingar, samt barn som mottok tiltak i og utanfor heimen heldt seg relativt stabilt frå 2023 til 2024.

Rekruttering av nok fosterheimar er ei landsomfattande utfordring som SIB også er råka av. I 2024 tilsette tenesta ein eigen ressurs som skal bidra til at tenesta har eit ekstra fokus på rekruttering av fosterheim, godkjenning og oppfølging av fosterforeldre allereie før innflytting. Målsettinga er å rekruttera fleire fosterheimar i barnet sin familie eller nettverk, samt førebygga utilsikta flytting frå fosterheimar. Vidare er målet at tiltaket skal styrka tenesta i oppfølging av foreldre og i arbeidet med å oppnå mål om gjenforeining mellom foreldre og barn.

SIB ferdigstilte i 2024 to utviklingsprosjekt som begge er finansierte av prosjektmidlar frå Læringsnettverket til Statsforvaltaren i Vestland.

I revidert budsjett vart budsjettet til Sunnhordland interkommunale barnevern redusert med 1 mill., men på grunn av mange større tiltak hausten 2024 vart resultatet av rekneskapen eit meirforbruk på totalt 1,77 mill. Hovudsakleg er avviket knytt til omfattande tiltak i heimar, omsorgsovertakingar og tiltak utanfor heimen.

Sjukefråvær

Det samla sjukefråværet for oppvekst, kultur og idrett i 2024 var 6,12%, fordelt på 2,09% korttidsfråvær og 4,03% langtidsfråvær. Dette er ein nedgang frå førre år då det totale fråværet var 6,67%. Me er med dette tilbake på det nivået me hadde før koronaepidemien.

Nærværarbeid har høgt fokus i organisasjonen og det vert jobba med å forbetre det førebyggjande arbeidet. I tillegg vert det jobba med å følgje dei som er sjukemelde enda betre opp for å gjere det lettare for dei å kome tilbake på jobb.

KOSTRA Nøkkeltal

	Bømlo 2023	Bømlo 2024	Stord	Landet uten Oslo	Kostragruppe 08
Prioritet					
Brutto driftsutgifter til introduksjonsordningen pr. innbygger (B) *) **)	2,6	2,4	1,2	1,3	2,5
Netto driftsutgifter barnehagesektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutgifter (B)	13,6 %	14,5 %	13,9 %	13,8 %	12,8 %
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner *)	2 853	2 724	2 743	3 155	3 565
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten (B) *) **)	18 648	17 970	14 603	15 582	15 834
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B) *) **)	221 579	238 109	219 227	223 918	241 980
Netto driftsutgifter til aktivitetstilbud barn og unge per innbygger 6-18 år (B) *)	644	621	241	1 611	1 002
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år (B) *) **)	129 680	128 739	127 662	118 502	134 556
Netto driftsutgifter til kommunale kulturbygg per innbygger (B) *) **)	401	390	302	379	680
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år (B) *)	4 675	4 375	3 037	3 249	4 924
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år (B) *) **)	12 521	17 560	16 147	16 863	19 559
Netto driftsutgifter til skoleskyss (223), per innbygger 6-15 år (B) *) **)	3 519	3 386	957	2 922	3 824
Produktivitet					
Andel netto driftsutgifter til barn som er plassert av barnevernet (f.252) (B)	60,3 %	59,2 %	55,9 %	53,1 %	50,4 %
Andel netto driftsutgifter til barn som ikke er plassert av barnevernet (f.251) (B)	10,0 %	10,9 %	11,5 %	11,2 %	12,1 %
Andel netto driftsutgifter til saksbehandling (funksjon 244) (B)	29,7 %	29,8 %	32,7 %	35,7 %	37,5 %
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn (B)	11,7	11,3	12,9	12,5	10,7
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole (202), per elev (B) *)	135 023,1	134 818,8	131 562,6	129 224,5	148 905,1
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per (B) *)	160 587	158 879	155 486	157 966	178 854
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker (B) *)	22 951	22 630	25 732	26 694	25 405
Korrigerte brutto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per komm. Bruker (B) *)	31 231	30 782	29 422	35 707	35 381
Lønnsutgifter til grunnskole, skolelokaler og skoleskyss (202, 222, 223), per elev (B) *)	132 391,0	133 139,5	128 216,5	126 325,0	144 964,1

Årsmelding 2024

Dekningsgrad

Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år (B)	92,1 %				
Andel barn 3-5 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 3-5 år (B)	101,9 %				
Andel barn i gr.skolealder på venteliste til komm musikk- og kulturskole, av barn i alderen 6-15 år	10,2 %	11,6 %	3,8 %	3,3 %	4,2 %
Andel barn i kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage (B)			22,4 %	50,9 %	61,6 %
Andel elever 6-15 år i kommunens kulturskole, av antall barn 6-15 år (B)	24,3 %	23,4 %	12,5 %	13,0 %	17,4 %
Andel elever i grunnskolen som får morsmålsopplæring (B)	0,0 %	0,0 %	0,2 %	2,4 %	0,9 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning (B)	7,2 %	7,4 %	4,4 %	8,1 %	9,0 %
Andel elever i grunnskolen som får særskilt norskopplæring (B)	7,4 %	7,3 %	7,2 %	6,2 %	6,7 %
Andel elever med direkte overgang fra grunnskole til videregående opplæring (B)	99,5 %	98,8 %	97,9 %	96,6 %	95,6 %
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO (B)	58,4 %	72,5 %	69,0 %	73,8 %	70,3 %
Andel minoritetsspråklige barn i barnehage i forhold til alle barn med barnehageplass (B)	13,9 %	14,0 %	12,8 %	19,2 %	13,2 %
Barn med undersøkelse ift. antall innbyggere 0-17 år (B)	2,7 %	2,8 %	4,4 %	4,0 %	4,0 %
Årsverk av leger pr. 10 000 innbyggere 0-5 år. Funksjon 232 (B)	7,8	7,8	8,4	7,2	7,5

Kvalitet

Gjennomsnittlig deltakelseslengde (måneder)	7	7	6	0	0
Leke- og oppholdsareal per barn i barnehage (m2) (B)	7,4	7,5	5,1	5,9	6,8
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år (B)	4,8	4,8	4,8	5,8	5,7

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2020	2,09 %	4,50 %	6,59 %
Årleg sjukefråvær 2021	2,48 %	4,93 %	7,41 %
Årleg sjukefråvær 2022	2,74 %	4,73 %	7,47 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,41 %	4,25 %	6,67 %
Årleg sjukefråvær 2024	2,09 %	4,03 %	6,12 %

Helse, sosial og omsorg

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
3301-NAV	31 033	30 144	31 456	1 312	4,2 %
3400-Helse, sosial og omsorg fellestenester	11 341	14 761	14 700	-61	-0,4 %
3401-Tenestekontoret	7 272	7 162	7 118	-44	-0,6 %
3405-Ressurskrevjande tenester	-48 673	-43 212	-46 824	-3 612	-7,7 %
3415-Habiliteringstenesta	132 182	131 040	123 753	-7 286	-5,9 %
3420-Bømlø heimetenester	46 449	46 800	47 839	1 039	2,2 %
3425-Teiglandshagen bufellesskap	20 055	19 197	18 662	-535	-2,9 %
3430-Søre bømlø omsorgsområde	23 956	22 901	21 933	-968	-4,4 %
3440-Bømlø bu- og helsesenter	74 644	75 943	74 320	-1 623	-2,2 %
3460-Psykisk helse og rus	16 142	16 195	16 366	171	1,0 %
3461-Legetenesta	33 252	35 708	35 262	-446	-1,3 %
3462-Ergo- og fysioterapitenesta	7 736	8 661	9 073	412	4,5 %
3600-Samhandlingsreformen	6 846	9 049	8 279	-770	-9,3 %
Sum	362 235	374 349	361 938	-12 411	-3,4 %

Kommentar til status økonomi

Beskriving av tenesteområde

Helse, sosial og omsorg (HSO) har ei todelt målsetjing:

-å stimulera og leggja til rette for at innbyggjarane tek ansvar for eiga helse, og på eigne premisser meistarar eige liv

-å tilby forsvarlege, tilpassa og koordinerte tenester til dei som har behov for det

I 2024 har HSO hatt høgt fokus på å følgja opp tiltak frå Kommunedelplan HSO 2023-2033 *“Skal me bevare må me endra”* og handlingsplan for 2023-2024. Kommunedelplanen peikar på behov for å gjera endringar dersom kommunen skal kunna tilby tenester med kvalitet også framover. Dette grunna framtidig mangel på arbeidskraft og ei vesentleg endring i demografi.

Økonomisk resultat 2024

Det samla økonomiske driftsresultatet for Helse, sosial og omsorg (HSO) i 2024 var minus 12,4 mill kr. Dei største avvika ligg på Bømlø bu og helsesenter/ Teiglandshagen (minus 2,1 mill kr) og Habiliteringstenesta (minus 7,3 mill kr), Søre Bømlø omsorgsområde (minus kr. 978.000). I tillegg fekk kommunen mindre refundert tilskot til ressurskrevjande teneste (-3,6 mill.kr.) Resultata vert kommentert nedanfor.

TENESTEOMRÅDER I HELSE, SOSIAL OG OMSORG

HSO gjev tenester til innbyggjarar med ulike behov, og tenestene vert ofte ytt i samarbeid eksterne samarbeidspartar. Målsetjinga er å yta gode tenester til ut frå dei ressursar kommunen har til rådvelde. For å få gode tenester er det viktig å ha fokus på utvikling av kvalitet og kompetanse. Trivsel på arbeidsplassen, god rekruttering og lågt sjukefråvær for tilsette er også sentrale element. Det vil vidare vera viktig å stimulera til at tenestemottakarane på best mogleg måte meistarar eige liv og får utvikla eigne ressursar. Tett samhandling med interne og eksterne samhandlingspartar skal også ha høg prioritet.

NAV (3301)

Nav yt tenester etter Lov om sosiale tenester i Nav - i tillegg til Lov om kommunale helse og omsorgstenester. Hovedvekt av tenestene ligg på økonomisk stønad, Kvalifiseringsprogrammet (KVP), råd og rettleiing (inkl. gjelds-rådgjeving). Arbeids- og aktivitetstilbodet Basen og flyktningtenesta ligg òg til NAV.

Avviksforklaring :

NAV hadde eit positivt resultat på 1,3 mill kr i 2024.

Det positive avviket er knytt til økonomiske tiltak iverksett ved oppstart av året, knytt til eit krevjande budsjett og innsparingstiltak i 2024. NAV vart tildelt tiltak med å halde ledig 2 årsverk som bidrag til den økonomiske situasjonen. Nav klarte å halde stillingane vakante, og gjekk hhv i pluss med 1,5 mill på lønsbudsjett og omlag 1,0 mill.kr. i flyktningetenesta.

På bakgrunn av at Nav var underbudsjettet på økonomisk sosialstønad til busetting av flyktningar med 1,3 millionar må store deler av innsparingar sjåast i samanheng med dette. Ein enda likevel med ei positivt avvik på 1,3 mill. kr..

Fellestenester og interkommunale tiltak (3400 og 3600)

På ansvarsområde 3400 ligg ulike utgiftspostar som gjeld fleire tenester i HSO, mellom anna utgifter til velferdsteknologi, tolketeneste, datalicensar og anna utstyr. Døme på andre utgiftspostar som ligg til fellestenester er refusjonar til interkommunal legevakt, kommunale sysselsetjingstiltak. Bømlo kommune disponerer del av 5 observasjonssenger/korttid i interkommunalt samarbeid saman med Stord og Fitjar kommunar. I tillegg 4 felles plassar for lovfesta kommunalt øyeblikkeleg hjelp døgntilbod. Tilbodet er lokalisert til Sunnhordland interkommunale legevakt IKS, som ligg ved Stord sjukehus. Sunnhordland interkommunale legevakt IKS har gjennom god drift og kompetanse sikra innbyggjarane i Bømlo tilgjengelege legevakttenester med god kvalitet òg i 2024.

Utgifter til dette er ført både på ansvar 3400 og 3600. Ansvar 3400 og 3600 hadde i 2024 eit samla negativt avvik på 708 560kr.

Ansvar 3600 vert flytta over og samla med 3400 frå 01.01.25 av, og Ansvar 3600 vert avvikla.

Året 2024 har gjeldande avvik som er av større betydning

- Tolketenestene har vore nytta ekstra i år både ved Krisesenter Vest IKS, og kommunalt. Dette er mykje grunna auke i Ukrainske flyktningar dei siste åra.
- Velferdsteknologi ligg med ca. 1,9 mill i reine utgifter. Eigenbetaling og planlagt budsjett dekker ikkje inn dette.
- Oppretting av Rask Psykisk helsehjelp med auke i lisensar vart vedteke starta opp i 2024, denne posten vert flytta til RSH i 2025, men har gitt ei underdekking i 2024.
- Sysselsetjingstiltak og Krisesenter vest har begge auka innskots kostnadane sine noko, der auke i budsjett har vore gjort tilsvarande. Dette er justert i 2025 budsjetta.
- Universell tilkomst, og justering/tilrettelegging av bustad har ikkje eigen post - her kjem det periodevis noko opprusting og forsikringskostnad som ikkje er dekkja inn i budsjett.
- Utskrivingsklare pasientar har eit meirforbruk på kr 230' noko som er ei auke frå kr 170' frå 2024.

Tenester til heimbuande (3420, 3430, 3415)

Tenester i heimen omfattar alt mellom anna personlege assistanse, hjelp og opplæring, brukarstyrt personleg assistanse,- omsorgsløn, tryggleiksalarm, matombringing og ulike førebyggjande tiltak. Helse og omsorgstenester i heimen blir ytt frå Bømlø heimetenester (som dekkjer områda som ikkje vert dekkja av Søre Bømlø omsorgsområde), Søre Bømlø omsorgsområde og Habiliteringstenesta (som i hovudsak yt tenester til personar med utviklingshemming gjennom bu- og dag-tilbod).

Bømlø heimetenester (3420) og Søre Bømlø omsorgsområde (3430)

Fleire pasientar som kjem tidlegare ut frå sjukehuset set store krav til ressursar og kompetanse i heimetenestene. Både gode tenester i heimen og dag- og aktivitetstilbod blir då viktig. Bømlø heimetenester hadde eit positivt avvik på 1,039 mill.kr i 2024.

Avviksforklaring

Bømlø heimetenester sitt positive avvik skylast i hovudsak avvik på løn kr. 465.347, gjennom god styring på fast/vikarløn og ingen bruk av vikarbyrå. Inntekter i Bømlø heimetenester er positive kr. 646,552 og er knytt til tenesteutviklingstilskot gjennom Statsforvaltar, der tiltak har vore retta mot ambulerande støtte og avlasting til pårørande som står i krevjande omsorgsoppgåver. Det er sett inn målretta tiltak for styring av økonomien i tenesta.

Kommentar til heimetenesta Søre Bømlø omsorgsområde vert ikkje lagt inn her, men vert del av rapporteringa under Bømlø omsorgstune nedanfor.

Habiliteringstenesta (3415)

Verksemda gjev tenester i heimen og aktivitetstilbod (Aktivitetstunet) , og yt i all hovudsak tenester til personar med utviklingshemming. Tenesta hadde eit minusresultat på 7,286 mill kr i 2024.

Avviksforklaring

Negativt resultat lønn på 7,26 mill. litt bedre enn det i starten på året ble stipulert til å bli.

Hovedårsak til negativt resultat er sjukefravær, der sum refusjon ikkje dekker både vikarkostnader og følgjekostnader til pensjon, arbeidsgjevaravgift og tillegg for ubekvem arbeidstid. Habiliteringstenesta har ikkje budsjett som dekker total kostnader ved fravær. Det har vore nytta stor grad av overtid i 2024, p.g.a. manglande vikardekning/ringe til vikarar.

Det er ca en mill i meirforbruk i fastlønn. Meirforbruk er i hovudsak knytt til eit bufellesskap der det kom nye brukarar i 2024, som har vist seg å ha behov for meir ressursar enn ein la til grunn ved plan for tiltaket.

Oppsummert: Sjukefravær og for låg budsjettering for dette i 2024, er hovedårsak til det negative resultatet. Budsjett er styrka for 2025. Det er i 2025 også lagt inn styrking av grunnbemanning for å tåle fravær utan å bruke vikar nokre områder i tenesta.

Det var i 2024 negativt resultat på omlag kr 400 000,- i driftsutgifter. Hovedårsak er underbudsjettet BPA, altså kjøp av andre tjenester.

Habiliteringa hadde kr. 370 000, i positivt resultat på inntekter. Dette i hovudsak knytt til refusjon fra sjukehusene når personale er følgje til opphald på sjukehus. Dette beløpet må sjåast i samanheng med negativt resultat på ekstrahjelp og overtid, då ein har hatt utgifter ved tiltaket.

Tenestekontoret (3401)

Tenestekontoret har ansvar for tildeling av om lag alle helse- og omsorgstenester til personar over 18 år i kommunen. Kontoret har og koordinerings- og samordningsansvar for fleire tenester, og er kommunen si koordinerande eining. Tenesta har mellom anna tilsette kreftkoordinator, demenskoordinator og rehabiliteringskoordinator. Kontoret har i 2024 eit negativt avvik på kr 44.000.

Avviksforklaring

Det har vore god styring på økonomi i verksemda gjennom 2024 med eit sluttresultat tilnærma balanse. Det var meirforbruk første del av året, som er henta inn gjennom at stillingar delvis gjennom året har vore vakant p.g.a. sjukefråvær. Det er negativt budsjettavvik på støttekontakt og positivt avvik på omsorgsløn, slik at desse jamnar seg ut.

Sjukeheimstilbod - Bømlø bu og helsesenter (BBH) og Teiglandshagen (3440, 3430, 3425)

Langtids-/korttids institusjonsplass omfattar medisinsk behandling/oppfølging, pleie og omsorgstenester knytt til generelle geriatri, demens, psykiatri og til pleie i terminal fase. Totalt er det 99 institusjonsplassar i fast bruk i Bømlø kommune 2024. 12 plassar ved Bømlø omsorgstun, 16 plassar ved Teiglandshagen og 71 plassar ved Bømlø bu og helsesenter.

Bømlø bu- og helsesenter og Teiglandshagen er organisert til same verksemdleiar, og desse vert omtala her. Institusjonane har mange aktivitetstiltak i samarbeid med frivillige.

Bømlø bu- og helsesenter og Teiglandshagen hadde negative avvik på samla 2,157 mill.kr. Bømlø omsorgstun inklusiv heimetenester hadde eit negativ avvik på kr. 968.000 i 2024.

Avviksforklaring

BBH: Meirforbruk på 1,622 mill kr skyldast i all hovudsak vikarbruk v/sjukefråvær og ekstra innleige. Dette utgjør meirkostnad på omlag 2 mill.kr.

Vidare er det for lågt budsjettet til matvarer, medikament, medisinsk forbruksmateriell og utstyr. Prisstigning er del av dette.

Det var positivt avvik på inntekter ved BBH i 2024 tilsvarande 1,360 mill.kr. , der største andel av brukarbetaling (+ kr. 984.000).

Det har i 2024 vore stort fokus på arbeid med å ta ned sjukefråvær (m.a. TØRN), samt samt identifisering av "tidstjuvar" i organiseringa.

Teiglandshagen: Meirforbruk på kr. 535.000 skylast i hovudsak lønskostnader ved sjukefråvær. Det var ikkje særskilde kostnader til forsterka skjerma tilbod i 2024. Medikament og forbruksmateriell hadde eit meirforbruk på kr. 167.000 medan det var meirinntekter på brukarbetaling på kr. 244.000.

Bømlø omsorgstun: Negativt avvik på kr. 968.000, som omfattar både institusjon og heimetenester.

Meirforbruk skyldast i hovudsak bruk av sjuke-vikarar og generelt vikarbruk, samt ei mindreinntekt på brukar-betaling på kr. 165.000. V

Psykisk helse og rus (3460)

Innhald i tenesta omhandlar psykiatrisk heimesjukepleie, individuelle samtalar og oppfølging av personar med psykiske helseutfordringar, tverrfagleg samarbeid, rettleiing av kollegar, studentar og samarbeidspartnarar. Verksemda har og ei miljøteneste og eit dagtilbod. Dagtilbodet er på Sams Senter. I 2024 hadde verksemda eit positivt resultat på kr. 171.000.

Avviksforklaring

Grunnlaget for dette positive avviket i 2024 er hovudsakleg sjukefråvær der ein ikkje har leigd inn vikar.

Legetenesta (3461)

Bømlo kommune har fastlegar og 1 turnuslege fordelt på 4 legekantor. Fastlegane har i tillegg til fastlegeoppgåver også kommunale bistillingar knytt til helsestasjon, skulehelsetenesta, legevakt og ved institusjonane. Det har også i 2024 vore vakansar som har medført vikarinneleige. Avvik 2024 enda på eit meirforbruk på kr. 446.000. Legane på Bømlo deltek i felles interkommunal vaktordning saman med Stord og Fitjar kommunar.

Avviksforklaring

Negativt budsjettavvik skuldast i hovudsak at legetenesta har inne legevikarar frå vikarbyrå i stillingar som er budsjettert som fastlønslagar. Dette gir mindreforbruk på fast løn og vesentleg meirforbruk på vikartenester. Det har vore jobba kontinuerleg med å rekruttere fast tilsette legar, eller legar som blir her over tid for å sikre kontinuitet, samt betring i pasientlister. Mot slutten av året ser situasjonen ut til å betre seg.

Ergo-fysioterapitenesta (3462)

Verksemda yter tenester til brukarar i alle aldrar i barnehage, skule, institusjon, heim og poliklinisk. Tenesta samarbeider tverrfagleg internt i kommunen, interkommunalt og med spesialisthelsetenesta. Målsetjinga for ergoterapitenesta er å leggja til rette for at tenestemottakar kan leva eit mest mogleg sjølvstendig liv ut frå eigne føresetnader. Fysioterapitenesta har som mål å yte fagleg forsvarleg fysioterapi der det er behov. Prioritering skjer ut frå behov og alvorsgrad gjennom bruk av prioriteringsvegleiar. Verksemda hadde i 2024 eit mindreforbruk på 412.000. Verksemda har stabilisert bemanninga og som følgje av det styrka kontinuiteten. Vidare har ein jobba målretta med betring i arbeidsmiljø og trivsel. Dette har gitt gode resultat både i høve tenester og arbeidsmiljø/HMS.

Oppsummering tiltak

Viktige hendingar og prioriterte tiltak i 2024

Helse, sosial og omsorgstenestene (HSO) er i stadig endring og utvikling. Kommunedelplan for HSO med tilhørende handlingsplanar styrer i stor grad kva tiltak som blir prioritert. Ei revidert utgåve av planen og handlingsplan for 2023-2024 blei vedtatt i april 2023. Ny og revidert kommunedelplan samt handlingsplan HSO for 2025-2026 vart vedteke i kommunestyret den 02.12.24. Her er nokre døme på viktige hendingar og prioriterte tiltak i 2024:

- Det er levert rapport/handlingsplan for eit større endringsarbeid med målsetjing om å lage ei framtidstretta Habiliteringsteneste. Handlingsplan vedtek i kommunestyret 17.06.24. Handlingsplan HSO punkt 26.
- Rapport for vurdering av sjukeheimsdrift og behov for endringar i heimetenestene vart levert våren 2024, og handsama i kommunestyret i møte 17.06.24. Oppfølging og iverksetjing av handlingsplan vart gjennomført hausten 2024, med førebuing for avvikling av langtidsplassar ved Bømlo omsorgstun og flytting av plassar til Bømlo bu- og helsesenter frå januar 2025. Herunder og samanslåing av heimetenestene. Handlingsplan HSO punkt 27 , 28 og 42.
- Plan/rapport for rehabiliteringstilbodet i Bømlo kommune er levert. Jfr. handlingsplan HSO punkt 05.
- Det er gjort avtale med privat logoped om oppstart kombinasjon privat praksis og kommunal avtale januar 2026. Jfr. handlingsplan HSO punkt 06.
- Plan/rapport for tilbod til personar med demens og deira pårørande er levert, samt deltaking i eksternt læringsnettverk. Handlingsplan HSO punkt 10.)
- Tilbodet Rask Psykisk helsehjelp er starta opp (Punkt 16))
- Bømlo kommune har delteke i TØRN prosjekt som omhandlar oppgåvedeling ved sjukeheim. Handlingsplan HSO punkt 44.
- Bygging av nytt legesenter er gjennomført 2024, med plan for innflytting januar 2025. Herunder og oppseiing av avtale lokale Kystlegane. HSO handlingsplan punkt 50.
- Vidareutvikla satsing i prosjekt "Barn har noko viktig å seie" på NAV (Punkt 53)

KOSTRA Nøkkeltal

	Bømlo 2023	Bømlo 2024	Stord	Landet uten Oslo	Kostragruppe 08
Prioritet					
Brutto investeringsutgifter til boligformål per innbygger i kroner *)	386	133	1 697	1 657	1 005
Netto driftsutgifter til råd, veiledning og sos.forebyggend arb. pr. innb, 20-66 år (B) *) **)	3 397	3 125	3 010	2 351	3 865
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten i prosent av samlede netto driftsutgifter (B)	5,9 %	5,4 %	5,2 %	6,7 %	6,2 %
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år (B) *) **)	12 269	11 076	9 050	9 398	12 003
Netto driftsutgifter til tilbud til pers. med rusprobl. pr. innbyggere 20-66 år (B) *) **)	442	290	967	698	492
Produktivitet					
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B) *)	54 018	50 566	49 471	70 354	65 756
Dekningsgrad					

Årsmelding 2024

0 - 66 år Aktiviserings- og servicetjenester Omsorgstjenester - brukere per 1000 innbyggere (antall)	9,6	9,1	10,5	8,9	10,4
0 - 66 år Heimeteneste Omsorgstjenester - brukere per 1000 innbyggere (antall)	31,1	18,2	24,2	24,0	23,8
0 - 66 år Institusjonstjenester Omsorgstjenester - brukere per 1000 innbyggere (antall)			0,6	1,2	1,0
67-79 år Aktiviserings- og servicetjenester Omsorgstjenester - brukere per 1000 innbyggere (antall)	46,7	41,3	47,3	47,9	52,4
Andel beboere i institusjoner 80 år og over (B)	74,3 %	77,2 %	68,2 %	63,1 %	66,5 %
Andel beboere på institusjon under 67 år (B)			9,1 %	14,5 %	9,4 %
Andel brukere av hjemmetjenester 0-66 år (prosent)	57,0 %	44,5 %	52,8 %	48,1 %	42,8 %
Andel brukere i institusjon som har omfattende bistandsbehov: Langtidsopphold (B)		82,1 %	93,6 %	90,8 %	90,1 %
Andel brukere i institusjon som har omfattende bistandsbehov: Tidsbegrenset opphold (B)		29,4 %	68,8 %	54,7 %	57,5 %
Andel hjemmeboere med høy timeinnsats	9,2 %	11,1 %	14,9 %	7,5 %	8,7 %
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 0-66 år (B)	13,3 %	22,2 %	29,2 %	20,7 %	22,4 %
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 67-79 år (B)	13,2 %	17,4 %	29,2 %	19,0 %	19,3 %
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 80 år og over (B)	6,2 %	5,6 %	28,1 %	17,5 %	16,4 %
Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde (B)	29,3 %	32,4 %	29,5 %	35,0 %	34,6 %
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 18-66 år (B) **)	5,7 %	5,5 %	4,1 %	5,3 %	6,2 %
Institusjon - andel innbyggere 80 år og eldre med langtidsopphold i sykehjem (prosent)	10,7	10,7	6,6	7,5	8,6
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innbyggere 0-66 år (B)	31	18	24	24	24
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innbyggere 67-79 år (B)	48	43	54	65	67
Mottakere av hjemmetjenester, pr. 1000 innbyggere 80 år og over (B)	285	268	233	262	292
Pasienter på fastlegeliste per kapasitet i prosent (B)	105,3	104,8	103,2	98,7	100,5
Plasser i institusjon i prosent av innbyggere 80 år og over (B)	18,8 %	17,7 %	11,2 %	15,3 %	16,2 %
Årsverk av leger pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (B)	10,8	10,8	11,2	10,7	13,4
Kvalitet					
Andel kvinnelige leger (prosent)	60,0 %	60,0 %	36,8 %	49,6 %	52,1 %
Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst (prosent)	87,9 %	91,4 %	108,4 %	90,9 %	94,3 %
Andel pasienter på liste uten lege	26,0 %	27,1 %	13,7 %	3,4 %	7,3 %

Andre nøkkeltal

Årsmelding 2024

Gjennomsnittlig listelengde (B)	852,9	847,9	912,7	937,4	768,3
---------------------------------	-------	-------	-------	-------	-------

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2020	3,29 %	5,37 %	8,66 %
Årleg sjukefråvær 2021	3,35 %	6,56 %	9,91 %
Årleg sjukefråvær 2022	3,90 %	6,88 %	10,78 %
Årleg sjukefråvær 2023	3,33 %	6,28 %	9,61 %
Årleg sjukefråvær 2024	2,86 %	8,71 %	11,57 %

Samfunnsutvikling

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap 2023	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2024	Avvik i kr	Avvik i %
4310-Reinhald	9 662	10 008	9 885	-123	-1,2 %
4330-Energi/enøk	12 470	12 894	11 922	-972	-8,2 %
4370-Bygningsvedlikehald	15 911	15 151	15 715	564	3,6 %
4375-Grønt og samferdsel	10 821	11 740	10 853	-886	-8,2 %
4380-Prosjektleiing investering	17	28	-51	-78	-154,6 %
4510-Arealbruk	9 156	7 347	7 220	-127	-1,8 %
4511-Landbruks-, klima- og miljøavdeling	2 384	2 720	2 765	45	1,6 %
4515-Miljøretta helsevern	2	3	0	-3	0,0 %
4800-Eigedomsskattekontor	1 623	1 485	1 489	4	0,3 %
Sum	62 047	61 374	59 798	-1 576	-2,6 %

Kommentar til status økonomi

Kommentar til status økonomi:

Seksjon samfunnsutvikling har ansvaret for planlegging og gjennomføring av investeringsprosjekt, drift og vedlikehald av kommunale bygg, vegar og uteområde. Seksjonen handsamar saker etter plan- og bygningslova i høve reguleringsplanar, kommuneplan, anna arealdisponering, frådeling og byggjesaker. Oppgåver innan landbruk- og miljøraker, miljøretta helsevern, samfunnsplanlegging samt forvaltning av eigedomsskatt ligg og til denne seksjonen.

Seksjonen hadde eit underskot på 2,6% på drifta i 2024. I hovudsak skuldast dette mindre gebyrinntekter på arealbruk enn budsjetttert, samt høgare utgifter til vintervedlikehald og straum. På arealbruk er det særleg avdelinga for byggjesak og deling som har hatt lågare kapasitet i 2024 grunna periodevis høgt sjukefråvær, og har m.a. mist gebyrinntekter grunna lang saksbehandlingstid. På den positive sida har avdelinga for landbruk, klima og miljø samt bygningsvedlikehald hatt mindreforbruk.

Kommentar frå kvar avdeling:

4310 Reinhald

Utfordringane til avdelinga har vore auka areal, høgare krav til reinhald og lite bemanning. Drifta har likevel gått fint. Avdelinga fungerer godt, og blir organisert og leia på en god og effektiv måte. Det har vore ein del utfordringa knytt til vikarbruk, men driftsleiar stiller som vikar i tillegg til dei andre oppgåvene ho har. Arbeidsmiljøet er veldig bra til tross for at tilsette har ulik bakgrunn og jobbar veldig separert fra teknisk drift. Avdelinga har eit godt samarbeid på tvers.

Økonomien er stabilt, men avdelinga har en negative avvik på kr. 123 145 for 2024. Avviket skuldast vikarbruk ved sjukefråvær.

På grunn av effektiv organisering og moderat innkjøp av reinhaldsutstyr, gjenbruk og kostnadseffektiv planlegging av reinhald er avviket på lønnskostnadene på kr. 499 029. Det vart redusert noko grunna mindre bruk av driftsmidlar. Det var i 2024 ikkje budsjettert for køyregodtgjersle for bruk av privat bil i kommunal teneste.

4330 Energi/enøk

Det vert jobba med effektiv bruk av SD-anlegg til styring av temperatur i bygga våre, og ein har eit godt samarbeid med skuler og institusjonar. I 2024 var gjennomsnittstemperaturen lågare enn i 2023. Om ein samanliknar forbruket i 2024 med 2023, har me spart 473 951 kwh. Samanlikna med 2022, har me spart 750 372 kwh med straum.

Likevel brukte me i 2024 kr. 1 632 950 meir enn i 2022 og kr. 493 584 meir enn i 2023.

Me jobbar fortsatt med oppgradering av SD-anlegga og jobbar for energikartlegging på fleire bygg. Energikartleggingane gir oss forslag til tiltak som kan spare meir energi. Både kartlegginga og enkelte tiltak krev midlar til investering.

2024 - 2022	-750 372
2024 - 2023	-473 951

Samanlikning av straumforbruket mellom år (kwh)	Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni	Juli	August	September	Oktober	November	Desember
2024-2023	86 007	36 481	-15 280 9	54 31 7	17 0 99 7	4 81 7	-22 84 7	-31 125	1 696	-116 251	-69 780	-93 460
2024-2022	48 224	-131 861	-15 4	-55 05 2	-20 0	31 91 3	51 58 9	-27 515	-18 833	-7 102	30 084	-149 271

Årsmelding 2024

			59 2		95 2								
--	--	--	---------	--	---------	--	--	--	--	--	--	--	--

Tabellen under viser energiforbruket i KWH 3 siste åra pr måned.

År	Jan .	Feb.	Mar.	Apr.	Mai.	Jun.	Jul.	Aug.	Sept.	Okt.	Nov.	Des.	Årsresultat
202 2	1 056 940	1 004 445	949 459	771 957	659 169	480 377	406 712	471 014	549 675	658 088	792 039	1 016 243	8 816 118
202 3	1 019 157	836 103	947 676	662 588	629 214	443 647	377 970	474 624	529 146	767 237	891 903	960 432	8 539 697
202 4	1 105 164	872 584	794 867	716 905	458 217	448 464	355 123	443 499	530 842	650 986	822 123	866 972	8 065 746

4370 Bygningsvedlikehald

Det vart i 2024 utført mye planlagt vedlikehaldsarbeid og mykje arbeid på investeringsprosjekt. Det meste av arbeidet vart utført av egne folk, istaden for å nytta eksterne leverandørar. Kontinuerlig kompetanseheving hos driftspersonalet, kursing, samlingar og fokus på arbeidsmiljø har gitt resultat.

Avdelinga er velfungerande, med eit godt arbeidsmiljø. Dei jobbar effektivt og kostnadsbesparande. Ved års-slutt hadde avdelinga eit positivt avvik på kr. 564 236.

4375 Grønt og samferdsel

Vet har vore jobba godt med å redusere kostnadene, ved å ha god kontroll på innkjøp av diverse utstyr og varer. Avdelinga reparerer maskiner og utstyr med egne folk, i staden for å sende til reparasjon hos leverandørar.

Avdelinga hadde likevel eit negativt avvik i 2024 på kr. 886 269. Dette skuldast i hovudsak utgifter til vintervedlikehald, og er knytt til utbetaling av overtidsarbeid ved snøbrøyting og strøing til egne tilsette.

Det ble budsjettet inntekter for vedlikehald av fylkeskommunale veglys på kr. 430 000. Vestland fylkeskommune tok i september 2024 sjølv over drift og vedlikehald av veglysa langs fylkesvegane, og det var difor berre overført kr. 358 333. Det vart utført en god del prosjektarbeid i løpet av 2024, både innanfor trafikktryggleik og generelle oppgraderingar.

4380 Prosjektleiing investering

Alle kostnadar på prosjektleiing investering vert ført mot investeringsprosjekta me jobba med i 2024.

4510 Arealbruk

Meirforbruket på avdeling skuldast mindre gebyrinntekter en budsjettert. Grunna høgt sjukefråvær har det i periodar vore tap av gebyr i saker som har hatt for lang saksbehandlingstid.

Meirforbruket vart på kr. 128 000.

4511 Landbruks-, klima- og miljøavdeling

Dette året har det vore noko meir utgifter enn budsjettert, men med god økonomistyring kom ein likevel ut med eit positivt resultat på kr. 45 465.

4800 Eigedomsskattekontor

Det vert sett av for lite midlar til lisensar, men med mindre forbruk på andre postar kom ein ut med eit positivt avvik på kr. 4 300.

Oppsummering tiltak

4510 Arealbruk

Meirforbruket har vorte redusert ein del ved å halde det generelle utgiftsnivået nede på avdelinga. For 2025 er det gjort nokre endringar i gebyrregulativet, noko som vil bidra til at gebyrinntektene i enkelte saker meir tilsvara tida ein brukar på saksbehandling.

4511 Landbruks-, klima- og miljøavdeling

Generelt god økonomistyring, og å halde att på andre utgifter, har gitt eit lite overskot for 2024.

4800 Eigedomsskattekontor

Det er gjort ein gjennomgang av lisensar, men ikkje funne at ein kan redusere på dei.

KOSTRA Nøkkeltal

	Bømlo 2023	Bømlo 2024	Stord	Landet uten Oslo	Kostragruppe 08
Prioritet					
Andel netto driftsutgifter for samf. i alt av samlede netto driftsutg (B)	1,9 %	1,8 %	1,1 %	1,8 %	2,5 %
Antall utrykninger: sum utrykninger til branner og andre utrykninger pr. 1000 innbyggere	17,8	17,3	16,0	18,1	18,4
Brutto driftsutgifter til funksjon 121, Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen, i kr. pr. i (B)	226	173	327	477	532
*) **)					

Årsmelding 2024

Brutto driftsutgifter til funksjon 130 Administrasjonslokaler, i kr. pr. innb (B) *) **)	283	260	543	596	795
Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikl. nettodriftsutgifterbeløp pr innb (kr) *) **)	127	168	214	146	139
Netto driftsutgifter til tilrettelegging og bistand for næringslivet i prosent av samlede netto (B)	0,2 %	0,2 %	0,3 %	0,2 %	0,3 %
Netto driftsutgifter til funksjon 338 pr. innbygger (B) *) **)	280	271	-16	102	137
Netto driftsutgifter til funksjon 339 pr. innbygger (B) *) **)	888	927	931	1 050	1 523
Netto driftsutgifter til fysisk planlegging i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter (B)	1,0 %				
Netto driftsutgifter til kart og oppmåling per innbygger (B) *) **)	110	164	37	138	183
Netto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning, i prosent av samlede netto driftsutgifter (B)	6,3 %	6,0 %	6,5 %	9,0 %	9,0 %
Netto driftsutgifter til naturforvaltning og friluftsliv per innbygger (B) *) **)	55	78	113	214	171
Netto driftsutgifter til plansaksbehandling per innbygger (B) *)	535	407	299	338	474
Netto driftsutgifter til rekreasjon i tettsteder per innbygger (B) *) **)	4	4	159	352	335
Netto driftsutgifter til skolelokaler (222), per innbygger 6-15 år (B) *) **)	22 653	22 370	22 290	24 474	25 934
Netto driftsutgifter, boligformål, i prosent av samlede netto driftsutgifter (B)	0,2 %	0,2 %	0,4 %	0,5 %	0,0 %
Netto driftsutgifter, brann og ulykkesvern, i prosent av totale netto driftsutg (B)	1,4 %	1,4 %	1,2 %	1,5 %	1,8 %
